


ÅRS RAPPORT 2021





INNHALDSLISTE

Del I. Fråsegn frå leiaren	4 - 7
Del II. Introduksjon til verksemda og hovudtal	9 - 19
Del III. Aktivitetar og resultat for året	20 - 64
Del IV. Styring og kontroll i verksemda	66 - 69
Del V. Vurdering av framtidsutsikter	70 - 71
Del VI. Årsrekneskap	73 - 92

DEL I.

Fråsegn frå leiaren

2021 – Produksjon, planar og pandemi

2021 var året då gassprisen steig til nye høgder, norsk sokkel produserte for fullt, og statens eksportinntekter frå petroleum nådde eit historisk høgt nivå. Mellombelse skatteordningar sytte for full fart i utbygginga av nye felt, fleire titals utbyggingssplanar vil truleg bli leverte til styresmaktene i 2022. Styringssignalet frå regjeringa er at bransjen skal utviklast, ikkje avviklast. Samtidig er det ei tydeleg forventning – både frå politisk hald og frå samfunnet elles – når det gjeld klima, berekraft og energiomstilling. Mange oljeselskap har lagt strategiar for endring, og jobbar seg inn på nye område. Dei satsar på fornybar energi, lågutslepps-løysingar og klimatiltak som elektrifisering og CO₂-fangst og -lagring.

2021 var også eit år med pandemi. Framleis. Smittevern og testing er vorte kvardagen på innretningar og anlegg i petroleumsvirksemda. Det er mitt inntrykk at ein tek smittevern på største alvor, og at smittetilfelle blir handterte på ein god måte, samtidig som ein tek vare på tryggleiken.

Og tryggleiken må ein sikre – i alle fasar, og under alle forhold. Ein viktig føresetnad for god tryggleik er tilstrekkeleg bemanning med rett kompetanse. Ein annan viktig føresetnad er god risikoforståing

og evna til å setje inn tiltak på rett stad til rett tid. Eit viktig hjelpemiddel for vurdering av tiltak på bransjenivå er «Risikonivå i norsk petroleumsvirksomhet» (RNNP).

Eit unikt verktøy

I 2021 var det tjue år sidan den første RNNP-rapporten vart presentert. Sikkerhetsforum har heilt sidan 2001 vore den sentrale arenaen der resultatata blir presenterte og diskuterte. Ei rekkje prosjekt og aktivitetar har vorte sette i gang i regi av Sikkerhetsforum basert på resultatata frå RNNP. Arbeidet har vore viktig ved at det har gjeve partane eit sams bilete av utvikling i ei rekkje forhold som påverkar risiko i næringa.

Pilotrapporten som såg dagens lys for 20 år sidan, var ikkje noko mindre enn eit unikt verktøy. Det finst neppe tilsvarende – verken i Noreg eller internasjonalt, uansett næring. Medlemene i Sikkerhetsforum kunne no leggje bort tidkrevjande diskusjonar om kva veg utviklinga gjekk, og konsentrere seg om dei fakta rapporten viste. Sidan 2001 har RNNP vorte vidareutvikla, og har no med data på mange fleire område enn tidlegare. For oss som myndigheit er RNNP eit viktig grunnlag for prioriteringar. Signala vi har gjeve til næringa om område for forbetring, har ofte hatt utgangspunkt i RNNP-tal.

Etter nokre innleiande år der resultatata svinga ein del, er det overordna biletet at trendane for risikonivået i all hovudsak har gått i positiv retning. Totalindikatoren for storulykke på sokkelen viser gjennomgåande også ei positiv utvikling. På landanlegga har talet på tilløpshendingar med storulykkespotensial svinga rundt eit relativt stabilt gjennomsnitt. I dei siste åra har vi likevel sett ei bekymringsfull negativ utvikling i hydrokarbonlekkasjar som ikkje har teke fyr, på landanlegga. Dette vil vi ha særleg merksemd mot framover. For spørjeskjemaundersøkinga ser vi særleg offshore ei negativ utvikling frå 2019 til 2021 på fleire område. Oppsummert viser resultatata at vi har eit regime som fungerer, og at vi har ei næring som tek tak i utfordringar. Samtidig er det område der det trengst nye krafttak.

På lag med leverandørane

“På lag med leverandørane” var hovudtemaet til Petroleumstilsynet for 2021. Vi har gjennom heile året peika på den viktige rolla som kompetansen, teknologien og styringssystema hos leverandørane spelar for tryggleiksnivået i næringa. Vi har oppfordra oljeselskapa til å bidra til å bevare sterke og livskraftige leverandørar, og til å følgje opp det overordna tryggleiksansvaret sitt også i samarbeidet med leverandørane.



Anne Myhrvold, Direktør Petroleumstilsynet

Hovudtemaet har skapt både engasjement og debatt. Dei fleste operatørselskap gjer også sitt beste for å ha eit godt samvirke med leverandørane sine. Det blir likevel lagt ulike rammevilkår gjennom kontraktar, og gjennom praktisering av desse i dagleg drift. Dette har innverknad på leverandørane sitt høve til å gjennomføre oppdraga sine på ein sikker måte og med eit godt arbeidsmiljø for sine tilsette.

I 2022 er hovudtemaet "Kapasitet og kompetanse er nøkkelen til tryggleik". Det er ein tydeleg tråd frå 2021-temaet. Livskraftige leverandørar er ein av fleire føresetnader for å sikre både rett og tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse i åra framover.

Tryggleik og arbeidsmiljø

Petroleumstilsynet har tilsynsansvaret både for storulykkes- og arbeidsmiljørisiko. Til saman arbeider vi med ei heil vifte av viktige tema innan kvart av desse områda, og på tvers av dei. Vi presenterer mange slike tema i kapittel III. Her vil eg særleg løfte fram temaet IKT-tryggleik, som har vore ei spesiell satsing for oss over fleire år. Vi har blant anna fått gjennomført ei rekkje utgreiings- og forskingsaktivitetar retta mot robuste løysingar i industrielle IKT-system, og bidrege til auka kunnskap i næringa på dette området. Dette er eit tema som ikkje minst er vorte aktualisert i den pågåande krigen i Ukraina og situasjonen i Europa.

I 2021 har vi som året før hatt særleg merksemd retta mot konsekvensane av pandemien for tryggleik og arbeidsmiljø i verksemda. Vi har peika på to særleg utfordrande område: Psykososialt arbeidsmiljø når det sosiale livet blir avgrensa både i arbeids- og friperiodar. Og vedlikehald når aktivitetane i periodar har vore avgrensa til eit minimum. Dette er tema i tilsyn, og vi har tett dialog med selskapa om begge desse områda.

Også vårt arbeid har vore prega av pandemi. Delar av året har dei fleste vore på heimekontor, og vi har som alle andre tilpassa oss varierende reglar og rutinar. Mange reiser vart utsette eller avlyste. I heile år har vi likevel prioritert fysiske tilsyn på innretningar og anlegg. I ein periode når også selskapa sine eigne tilsynsaktivitetar må tilpassast smittevernsavgrensingar, er det særleg viktig at tilsynsmyndighetene er til stades.

Partssamarbeid

I heile 2021 har også trepartsarenaene Sikkerhetsforum og Regelverksforum vore i aktivitet, og det har vore gode og viktige diskusjonar i begge forum. Årskonferansen til Sikkerhetsforum vart gjennomført i Stavanger i september. Der såg vi tilbake på arbeidet som er gjort i forumet gjennom 21 år.

På selskapsnivå er det også mykje som fungerer godt. Men dessverre er det framleis utfordringar. Over tid har vi blant anna sett at verneombod kjem for seint inn i saker, dei får for lite opplæring og dei får for lita tid til å drive verneombodsarbeid. Partssamarbeid og medverknad er sentralt for å få til godt tryggleiksarbeid, og dette er noko vi framleis prioriterer i tilsyn.

Sterk og tydeleg

I perioden før 2019 var HMS-regimet og HMS-tilstanden i petroleumsvksemda gjenstand for fleire større gjennomgangar, blant anna kom stortingsmeldinga om helse, arbeidsmiljø og tryggleik i petroleumsvksemda i 2018. Fleire av desse gjennomgangane peika på behovet for ein sterk og tydeleg tilsynsetat, og på behovet for endra praksis i tilsynet for bruk av verkemiddel og reaksjonsmiddel. Samtidig blir det gjennomgåande understreka at reguleringsregimet er velfungerande og ein føresetnad for HMS-nivået vi har i dag.

Vi har sidan 2018 hatt eit utviklingsarbeid som blant anna har sett på bruk av verkemiddel og reaksjonsmiddel. Utgangspunktet har vore det gjeldande reguleringsregimet, og utviklinga har skjedd innanfor regimet sitt handlingsrom og føresetnader. Vi har forbetra systematikken vår med kontroll av avvik, samtidig som vi har gjeve tydeleg melding om at selskapa sjølve må rydde i eige hus. Vi har også senka lista for pålegg, slik at vi i 2021 gav fleire pålegg enn nokon gong tidlegare.

Tilbakemeldinga frå både leiing og arbeidstakarar i selskapa er at dei oppfattar Petroleumstilsynet som både sterk og tydeleg. Det er nødvendig for at trepartssamarbeidet skal stå støtt, at kvar part fyller rolla si. Petroleumsverksemda treng ein sterk og tydeleg tilsynsetat.


Også nye område som fornybar energiproduksjon til havs og CO₂-transport og -lagring treng ein sterk og tydeleg tilsynsetat – men tilpassa dei risikoforholda som finst i dei ulike bransjane. Petroleumstilsynet har unik kunnskap og erfaring frå regulering av tryggleiken i petroleumsverksemda. Ekspertisen vår er tilsyn med industriell energiwerksemd – til havs og på landanlegg. Denne tek vi no med oss inn i nye område.

Tryggleik i femti år

Det er i 2022 femti år sidan Oljedirektoratet vart oppretta. Tryggleiksdivisjonen i Oljedirektoratet var forløparen til det som i 2004 vart Petroleumstilsynet. I femti år har vi hatt rolla som vaktbikkje og førarhund, som kontrollør og rettleiar. Dette er ei rolle som vi er stolte av å ha. Vi vil halde fram å arbeide for tryggleik og arbeidsmiljø innanfor heile vårt ansvarsområde også i åra som kjem.



Anne Myhrvold
Direktør Petroleumstilsynet



DEL II.

Introduksjon til verksemda og hovudtal

Ptil er eit fagleg uavhengig tilsyns- og forvaltingsorgan underlagt Arbeids- og inkluderingsdepartementet (AID). Regjeringa har uttrykt ein ambisjon om at petroleumsverksemda skal vere verdsligande når det gjeld HMS, og vårt fremste mål er å bidra til det. Oppgåva vår er å leggje premissar for og følgje opp at aktørane held eit høgt nivå med omsyn til tryggleik, helse og arbeidsmiljø og sikring. Innsatsen vår er samla sett retta mot å bidra til redusert risiko for storulykker, at verksemdene jobbar systematisk med å førebyggje risikoen i arbeidsmiljøet og til eit sikkert og seriøst arbeidsliv. Dette blir utdjupa i dei årlege tildelingsbreva våre frå departementet.

Ptil er gjeve eit ansvar for å koordinere tilsynet etter HMS-forskriftene (jf. Kronprinsregentens resolusjon 19. desember 2003 og fastsetjing av instruks om koordinering av tilsynet). Koordineringsordninga gjeld for regelverksutvikling og oppfølginga av at regelverket blir etterlevd. Koordineringa av tilsynet blir følgd opp gjennom forpliktande samarbeidstalar og avtalar om bistand med andre tilsynsmyndigheiter.

Petroleumsverksemda er den største næringa i Noreg målt i verdiskaping og inntekter til staten. Utviklinga over tid viser at næringa held eit høgt HMS-nivå – både når det gjeld risiko for storulykker og arbeidsmiljø. Dei seinare åra har næringa vore

gjennom ein lengre periode med endring og effektivisering, samtidig som aktivitetsauke no i aukande grad gjev konkurranse om personell med rett kompetanse. Dette kan gje HMS-utfordringar. Det er selskapa som har ansvaret for at verksemda er forsvarleg. Ptil si oppgåve er å vere ei sterk og tydeleg myndigheit og å følgje opp at selskapa og partane framleis arbeider for å halde eit høgt HMS-nivå.

Endringane legg også press på partssamarbeidet. Eit velfungerande trepartssamarbeid er ein særleg viktig føresetnad i eit funksjonsbasert regelverksregime. Dei mest sentrale arenaene for trepartssamarbeidet er Sikkerhetsforum og Regelverksforum. I tillegg har Ptil faste møte med fagforeiningane, vernetenesta og arbeidsgjevarforeiningane. Arbeidstakarmedverknad blir følgd opp i tilsyn, og det er eit krav frå vår side at arbeidstakarsida er involvert i, og blir informert om resultat og oppfølging av tilsynsaktivitetane våre.

Næringa møter store forventningar både nasjonalt og internasjonalt om å bli meir klima- og miljøvenleg og har sett seg ambisiøse mål for å oppnå dette. Dette inneber store endringar både når det gjeld nye løysingar og nye energiområde. Dette er endringar som kan medføre konsekvensar for tryggleik og arbeidsmiljø og som ein må forstå, følgje opp og handtere.



Figur 1. Organisasjonskart Ptil

Organisasjon og leiing

Ptil er både eit direktorat og tilsynsmyndigheit. Vi har ansvar for tilsynet med tryggleik og arbeidsmiljø i petroleumsverksemda på sokkelen og på landanlegg. Dei siste åra er myndigheitsansvaret utvida til også å omfatte transport og injeksjon av CO₂ og fornybar energiproduksjon til havs. Direktoratets funksjonen inneber at vi er delegert myndigheit til å fastsetje og revidere regelverket, utvikle og formidle kunnskap om risiko, og at vi skal hjelpe Arbeids- og inkluderingsdepartementet etter førespurnad og i saker som blir behandla av dei. I og med at regelverket i hovudsak er basert på funksjonskrav kombinert med normer og industristandardar, utgjer også utvikling og revisjon av standardar eit viktig innsatsområde.

Verksemda er lokalisert i Stavanger, leidd av direktør Anne Myhrvold og har 180 tilsette. I tillegg til direktøren for tilsynet består hovudleiinga i etaten av fem områdedirektørar. Vår organisering, leiing og kompetanse er innretta for å spegle ansvarsområda våre.

Seks tilsynslag følgjer opp kvar si gruppe av aktørar i verksemda. Kvart lag har ein tilsynsleiar som har produktansvar og formell avgjerdsrett. Kontaktpersonar i kvart lag fungerer som faste kontaktpunkt for aktørane.

Den HMS-faglege kompetansen til Ptil er delt inn i seks fagområde, der kvart område har ein fagleiar som har personalansvar og ansvar for fag- og kompetanseutvikling. Fagområda er: bore- og brønnteknologi, prosessintegritet, konstruksjonstryggleik, logistikk og beredskap, arbeidsmiljø og HMS-styring.

Eininga juss og rammevilkår har ansvar for styringsdialogen med departementet, utgreiingar, høyringar, regelverksutvikling, deltaking i standardiseringsarbeid og avtaler med andre myndigheiter. Eininga bidreg òg med å sikre den juridiske kvaliteten i regelverk, tilsynsrapportar og andre produkt.

Kommunikasjon og samfunnskontakt har ansvar for mediekontakt, drift av nettsidene og publiseringar på papir og nett.

Drift og utvikling er ansvarleg for intern drift og utvikling og består av sentrale støttfunksjonar innan økonomi, personalforvaltning, informasjonsforvaltning, intern sikring og systemutvikling.

Mål- og resultatkjeda i Ptil

Innsatsen til Ptil skal vere målretta og basert på best tilgjengelege kunnskap om risiko i næringa. Kva for tema, aktørar og innretningar vi prioriterer, vil blant anna avhenge av følgjande kriterium:

- Alvoret i temaet (observerbare og framtidige) for helse, arbeidsmiljø og storulykke
- Omfang
- Styrken i kunnskapsgrunnlaget
- Påverknadspotensial/evne til å påverke


Vi har i hovudsak fire verkemiddel til rådvelde for å påverke næringa i retninga av våre mål. Desse er:

- Tilsyn,
- Informasjon og rettleiing,
- Regelverk og standardar og
- Rådgjeving.

Aktørane vi har ansvar for å føre tilsyn med, arbeider i eit komplekst landskap, og det er mange faktorar som påverkar HMS-nivået i næringa. Å utarbeide ein godt grunngeven verksemdsplan inneber grundige analysar og vurderingar av risiko, og godt grunngevene synspunkt om årsakssammenhengar. For å oppnå dei ønskede effektane hos aktørane i næringa, vil det som regel vere behov for å skreddarsy kombinasjonar av verkemiddel – både på kort og lang sikt.

Samanhengen mellom vår innsats og forventa effektar av verkemiddel er skildra i mål- og resultatkjeda vår nedanfor.

I kvart av verkemidla inngår det fleire aktivitetar og produkt som inneber ulik type påverknad og vurderingar om effektar, t.d. tilsynsaktivitetar med tilhøyrande bruk av reaksjonsmiddel eller større kunnskapsprosjekt med påfølgjande deling av



Figur 2. Mål- og resultatkjeda i Ptil

Del II. Introduksjon til verksemda og hovudtal

informasjon og rettleiing. Vi bruker ofte ulike verkemiddel i kombinasjon over tid, for å oppnå langsiktige effektar på prioriterte område.

I tilsynsaktivitetar følgjer vi opp at aktørane tek hand om ansvaret sitt etter HMS-regelverket, driv forsvarleg og at regelverket blir etterlevd i alle fasar av verksemda. Målet er å bidra til at selskapa jobbar aktivt og systematisk for å førebyggje og redusere risiko forbunde med storulykke og arbeidsmiljø.

Gjennom informasjon og rettleiing utviklar og formidlar vi kunnskap om risikoforhold i næringa, og om korleis ein skal forstå og etterleve regelverket. I dette inngår også strategisk, formalisert og operativt samarbeid med andre myndigheiter, academia og partane i arbeidslivet om sentrale utfordringar innanfor tryggleik og arbeidsmiljø. Målet er å bidra til høg kvalitet på kunnskap om førebyggjande arbeidsmiljø og storulykkerisiko, og at kunnskapen i størst mogleg grad blir teken i bruk.

Arbeid med regelverk og standardisering handlar om å vidareutvikle HMS-regelverket slik at regelverket er i tråd med utviklinga i næringa og kunnskapsgrunnlaget om risiko. Målet er å bidra til at regelverket speglar risikoforhold i næringa og til at dialog, samarbeid og koordinert innsats om regelverksutvikling bidreg til eit høgt HMS-nivå.

Rådgevinga vår er retta mot overordna departement og inneber uavhengig fagleg rådgeving i saker som blir behandla av departementet; som råd og vurderingar i samband med lisens- /konsesjons-systemet i petroleumsverksemda, faglege

utgreiingar og meldingsarbeid. Målet er å bidra til at overordna departement får eit godt grunnlag til å kunne vurdere og ta informerte tryggleiksfaglege avgjerder.

For å gjere analysar og vurderingar av både omfang og effekt av vår innsats og verkemiddelbruk, nyttar vi oss av kvantitative og kvalitative kjelder og – ikkje minst – den kunnskapen og erfaringa vi har opparbeidd i organisasjonen. Økonomisystemet og timeføringssystemet gjev grunnlaget for analysar og vurdering av ressurseffektivitet og om innsatsen er målretta. I dette inngår oversikter og analysar av innsatsen vår fordelt på kjerneprosessar, verksemds- og etatsstyring og støtteprosessane våre. I tillegg nyttar vi oss av databasar og informasjon frå tilsyn, innrapporterte data frå næringa, RNNP og brukarundersøkingar.

Analysar av ressursbruk i Ptil

Økonomireglementet stiller krav om effektiv ressursbruk i offentlege verksemdar. I Ptil si mål- og resultatkjede ovanfor inngår dei verkemidla vi har til rådvelde og skildringar av forventa effektar både på bruker- og samfunnsnivå. Analysar av ressursbruken i Ptil inneber dermed vurderingar av prioriteringane våre i praksis, om innsatsen er retta mot dei mest effektive verkemidla og på kva måte innsatsen bidreg til at vi når måla våre.

I løpet av dei siste åra har vi utvikla eit rammeverk for ressursanalysar der både arbeidstimar og kostnader er inkluderte. Arbeidstimar står sentralt då det er den viktigaste innsatsfaktoren vi har. Samtidig fangar ikkje arbeidstimane våre opp alle

Verksemds- styringsprosessar	Styringsdialog med ASD			
	Internverksemdsstyring			
Kjerneprosessar	TILSYN <ul style="list-style-type: none"> • Revisjon • Gransking • SUT • Samtykke • Oppfølging i tidleg fase • Førebuingar og oppfølging 	INFORMASJON OG RETTLEIING <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskaps-utvikling og formidling • Rettleiing og oppfølging • Partssamarbeid • Samarbeid med andre myndigheiter • FoU og utgreiingar 	REGELVERK OG STANDARDAR <ul style="list-style-type: none"> • Regelverksarbeid • Standardiseringsarbeid • Partssamarbeid 	RÅDGJEVING <ul style="list-style-type: none"> • Utgreiing og bistand AID • Råd i samband med konsesjonssystemet
Støtte- og utviklingsprosessar	HR		Eigedom	
	Økonomi		Informasjonsforvaltning	
	IKT		Utvikling	

Figur 3. Verksemdsmodellen for Ptil

kostnader i Ptil, t.d. kostnader til eigedom, IKT og konsulenttenester. Ved å fordele alle kostnader på aktivitetar og verkemiddel får vi eit komplett bilete av den totale ressursbruken i Ptil.¹ Utgangspunktet for rammeverket er verksemdsmodellen vår og mål- og resultatkjeda for Ptil.

Analysar av ressursbruk blir brukt i ulike fasar av verksemdsstyringa – i planlegging, gjennomføring og rapportering. I eit planleggingsperspektiv kan analysane gje auka medvit og modnad i vurderingane av komande ressursbruk, og vi kan nytte dei til å kostnadsestimere endringar i verkemiddelbruk og behov for forbetring av arbeidsprosessane våre.


Den nye modellen for analyse av ressursbruk inneber at vi ikkje rapporterer heilt i samsvar med krav i tildelingsbrevet. Tildelingsbrevet og vedlegget om forklaringsvariablar legg vekt på fordeling av innsats i timar etter hovudområde, resultatmål og hovudprioriteringar. Dette har vi gått bort frå, fordi vi risikerer at ein timebasert framstilling gjev eit noko skeivt bilete av det faktiske volumet på ressursbruken. På bakgrunn av dette har vi valt å ta bort timeanalysar som viser fordeling etter resultatmål og hovudprioriteringar. I tidlegare årsrapportar var denne analysen berre basert på fakturerbare timar, noko vi vurderer gjev eit skeivt bilete av både

kostnadssida og korleis ikkje berre kjerneprosessar, men også støtte- og styringsprosessar er nødvendige for å kunne utøve ein målretta innsats.

Ressursbruk totalt i Ptil

Figuren 4 har med seg heile kostnadsbasen til Ptil og er fordelt på kjerneaktivitetar og andre aktivitetar for 2020 (320,4 MNOK) og 2021 (323,3 MNOK). Det overordna biletet viser lite endring frå 2020 til 2021, men totalbudsjettet vårt har auka noko. Hovudinnsatsen er retta mot kjerneaktivitetane våre (66 prosent i 2020 og 67 prosent i 2021), eigedomsutgifter utgjer 12 prosent, Olje for utvikling 1 prosent, medan dei resterande aktivitetane viser ressursbruk knytt til støtte- og utviklingsprosessar i Ptil som HR, IKT, Utvikling og Økonomi. Sistnemnde underaktivitetar varierer med ein ressursbruk på mellom 2 prosent og 10 prosent årleg.

Noko av forklaringa på den forholdsvis stabile fordelinga av ressursbruk ligg også i dei konkrete føringane Ptil har for fakturering av verksemda si mot næringa. I dei årlege budsjetta våre er storleiken på den refunderbare innsatsen definert på førehand. Denne konkretiseringa gjev også Ptil føringar for planlegging og gjennomføring av verksemdsplan og fordeling mellom område.




Figur 4. Ressursbruk totalt i Ptil for 2020 og 2021 fordelt på kjerneaktivitetar og andre aktivitetar

¹ I utviklinga av dette rammeverket har vi brukt prinsipp frå Activity-based Costing (ABC), som er eit metodeverk for å allokere direkte og indirekte kostnader til relaterte produkt og tenester.

Ressursbruk etter kjerneaktivitetar

Figur 5 viser ressursbruk fordelt etter kjerneaktivitetane våre i 2020 (212 MNOK) og 2021 (215,1 MNOK) innan Tilsyn, Informasjon og rettleiing, Regelverksarbeid, Rådgjeving, Leiing og verksemdsstyring og Informasjonsforvaltning. Fordelinga viser også her eit forholdsvis stabil bilete med små endringar frå 2020 til 2021. Innsatsen innan tilsyn viser ein svak nedgang på to prosent




Figur 5. Ressursbruk etter kjerneaktivitetar 2020 og 2021

frå 2020 til 2021, og innan leiing og verksemdsstyring er det ein nedgang på to prosent, medan informasjonsforvaltning viser ein liten oppgang frå 2020 til 2021. I kjerneaktivitetane inngår ressursbruk som anten er målretta mot påverknad av næringa (som tilsyn, informasjon og rettleiing, regelverksarbeid), mot departementet (rådgjeving) eller leiingsoppgåver og innsats retta mot styring av verksemda og etatsstyringa, og informasjonsforvaltning (arkivfunksjonar).²

Ressursbruk i tilsyn

I tilsynsaktivitetar følgjer vi opp at aktørane tek hand om ansvaret sitt etter HMS-regelverket, driv forsvarleg og at regelverket blir etterlevd i alle fasar av verksemda. Målet er å bidra til at selskapa jobbar aktivt og systematisk for å førebyggje og redusere risiko forbunde med storulykke og arbeidsmiljø. Figur 6 viser ressursbruk i tilsyn fordelt på underkategoriar i 2020 og 2021. Innanfor underkategorien revisjonar ser vi ein liten oppgang frå 2020 som



Figur 6. Ressursbruk i tilsyn fordelt på underaktivitetar i 2020 (86,6 MNOK) og 2021 (84,5 MNOK)


kan forklarast ved at vi i større grad har klart å gjennomføre fleire revisjonar som følgje av ein meir stabil koronasituasjon. Tilsvarande gjeld for førebuing og oppfølging, der vi i 2020 brukte meir tid på førebuingar og gjennomføring, enn i 2021. I 2021 ser vi ein nedgang i talet på granskingar, medan ressursbruk innanfor SUT og samtykke og oppfølging i tidleg fase er forholdsvis stabilt for dei siste to åra.

² Modellen vår for analyse av ressursbruk er framleis under utvikling. Tala er basert på den måten vi har ført timar og kostnader på i 2020 og 2021, og enkelte kategoriar er basert på ei skjønsmessig vurdering og kvalitetssikring av «kvar dei høyrer heime». I 2022 og framover vil vi vere nøydd å revidere måten vi kategoriserer og fører timar på. Dette inneber at enkelte av kategoriane i denne årsrapporten ikkje klarer heilt å fange godt opp den faktiske ressursbruken, som t.d. innsats innan rådgjeving til AID.

Ressursbruk innanfor informasjon og rettleiing

Gjennom informasjon og rettleiing utviklar og formidlar vi kunnskap om risikoforhold i næringa, og om korleis ein skal forstå og etterleve regelverket. I dette inngår også strategisk, formalisert og operativt samarbeid med andre myndigheiter, akademia og partane i arbeidslivet om sentrale utfordringar innanfor arbeidsmiljø og risiko. Målet er å bidra til høg kvalitet på kunnskap om førebyggjande

arbeidsmiljø og storulykkerisiko, og at kunnskapen i størst mogleg grad blir teken i bruk. I figur 7 viser vi ressursbruk innanfor informasjon og rettleiing, og underkategoriane der for 2020 og 2021. Når det gjeld kunnskapsutvikling og -formidling, partsamarbeid og FoU-aktivitetar er ressursbruken forholdvis stabil for dei to åra. I 2020 brukte vi noko meir ressursar innanfor rettleiing og oppfølging som kan forklarast ved koronasituasjonen, og i 2021 ser vi ein auke i ressursbruk frå fire prosent til sju prosent på samarbeid med andre myndigheiter.




Figur 7. Ressursbruk i informasjon og rettleiing fordelt på underaktivitetar i 2020 (76,7 MNOK) og 2021 (78,2 MNOK)

Ressursbruk og aktivitetar etter fasar i levetida til eit felt

Figuren nedanfor viser korleis ressursbruken vår er fordelt etter ulike fasar i levetida til eit felt: Tidlegfase, driftsfase og avslutningsfase. Figuren omfattar innsatsen frå Ptil sine egne tilsette (timar). I denne figuren inngår fakturerbare oppgåver i tilsyn, SUT-ar, arbeid med PUD/PAD, avslutningsplanar, aktør-vurderingar og sektor-

avgiftsoppgåver der vi har ei meir samla oppfølging av prosjekt i tidleg fase. Figur 8 viser at hovudinnsatsen er fordelt på oppgåver i driftsfase med ein oppgang frå 68 prosent i 2020 til 77 prosent av timane i 2021. Fordeling av ressursbruk i tidlegfase viser ein svak nedgang frå 30 prosent til 20 prosent i 2021. Ressursbruk i avslutningsfase er tilnærma lik for 2020 og 2021.



Figur 8. Ressursbruk fordelt på fasar i 2020 og 2021

Utvalde hovudtal

Tabellen nedanfor viser ei oversikt over utvalde hovudtal i perioden 2019–2021 med nokre generelle kommentarar knytte til tala og utviklinga deira.

Hovudtal	2019	2020	2021
Revisjonar	238	159	211
Varsel om pålegg	14	12	33
Pålegg	14	10	29
Tvangsmulkter, politimeldingar og stansingar	0	0	2
Granskingar	9	13	6
Offshoredøgn	673	301	393
Gjevne samtykke	107	93	112
Søknader om samsvarsfråsegner (SUT)	6	3	2
Behandla planar for utbygging og drift (PUD) og planar for anlegg og drift (PAD)	6	7	6
Politisaker	4	6	4
Klagesaker	1	5	8
Høyringar	60	85	90
Innsynskrav (talet på innsynskrav i talet på journalposter)	871/7982	738/ 4464	708/ 4835

Tabell 1. Utvalde hovudtal

- **Revisjonar/verifikasjonar:** Talet på revisjonar har hatt ein markert auke frå 2020 til 2021 frå 159 til 211, slik at vi i 2021 ikkje låg mykje bak normalåret 2019. Det vart gjennomført fysisk synfaring/verifikasjon i ca. 85 revisjonar. I mange tilfelle vart delar av revisjonen, som oppstarts- og avslutningsmøtet og enkelte intervju, gjennomført digitalt. Det var i tillegg mange revisjonar som var planlagde utan fysisk synfaring, på grunn av tema (t.d. prosjekt organisasjonsendringar, systemgjennomgang). Mange av desse vart gjennomførte digitalt, då dei fleste selskapa ikkje ønskte besøk på kontoret i store delar av året, som følgje av koronapandemien.

- **Varsel om pålegg og pålegg:** I 2021 vart det varsla 33 pålegg, og gjeve 29 pålegg. Dette viser ein sterk auke frå føregående år. Dette kjem delvis av at vi har arbeidd med kriterium for bruk av reaksjonsmiddel, og har senka lista for pålegg. Noko av årsaka er dei mange granskingane som vart sette i gang i 2020, og for ein stor del vart rapporterte i 2021. Når vi granskar ei hending, avdekkjer vi ofte alvorlege forhold, og vi varslar i dei fleste tilfelle pålegg i etterkant av ei gransking.

- **Tvangsmulkt, politimelding og stansing:** I 2021 har vi teke i bruk verkemiddelet tvangsmulkt to gonger, som er ei bevisst endring i reaksjonsmiddelbruken vår. Vedtak om tvangsmulkt vart brukt til å uttrykkje alvorsgrad frå vår side. Det vart ikkje aktuelt å inndrive tvangsmulka i nokon av desse tilfella.

Vi har ikkje teke i bruk politimelding i 2021. Som tidlegare år har vi likevel informert politiet om alle alvorlege hendingar, gjeve fagleg bistand i etterforsking, og hatt møte med politiet om fleire av desse. Vi har også informert politiet om andre alvorlege regelverksbrot.

I september varsla vi pålegg om stans av eit delsystem på ei flyttbar innretning. Selskapet valde sjølv å stanse, så pålegget vart ikkje gjeve.

- **Granskingar:** I 2021 granska vi seks hendingar. Det er ein stor nedgang frå 2020, men er i same storleiksorden som tidlegare år.

- **Offshoredøgn:** I 2020 hadde vi ein nedgang i talet på offshoredøgn for Ptil sine egne tilsette, som kan forklarast med overgangen vår frå fysiske, til heilt eller delvis digitale tilsyn under koronapandemien. I 2021 ser vi ein auke i talet på offshoredøgn i forhold til året før, men vi er framleis ikkje tilbake på nivået i eit normalår som 2019.

- **Gjevne samtykke:** I 2021 var det ein oppgang i talet på gjevne samtykke frå 93 i 2020 til 112 i 2021. I starten av pandemien vart ein del boreaktivitetar utsette, i 2021 var det trass pandemi i hovudsak normal aktivitet.

- **Søknad om samsvarsfråsegn (SUT):** I 2021 behandla vi to SUT-søknader, noko som er éin mindre enn i 2020. Det var altså færre innretningar som kom til norsk sokkel for første gong.

- **Plan for utbygging og drift (PUD) og plan for anlegg og drift (PAD):** Ptil gjennomgår planane for PUD og PAD og gjer tryggleiksmessige vurderingar av desse. Vurderinga vår blir send til AID som er ansvarleg departement for tryggleik og arbeidsmiljø i petroleumsvirksemda. OED har saksansvaret for planane. I 2021 vurderte vi seks planar for utbygging og drift.

- **Politisaker:** Når ei politisak innanfor tilsynsområdet vårt er ferdig etterforska, ber politiet oss vanlegvis om å gjere greie for eventuelle regelverksbrot og alvorsgrad. Ptil kan også bli bede om å tilrå om ei hending eller regelverksbrot bør straffast. I 2021 behandla vi fire politisaker.

- **Klagesaker:** I 2021 fekk vi inn åtte klagesaker til behandling. Dette er ein oppgang frå 2020, då vi fekk fem klagesaker til behandling. Dei fleste klageane gjaldt avslag på innsynskrav. Det er AID som er klageinstans. Dersom vi ikkje vel å omgjere vedtaket som er klaga på, sender vi det vidare til AID med vår utgreiing.

- **Høyringar:** I 2021 fekk vi 110 offentlege høyringar. I tillegg kjem høyringar i samband med standardiseringsarbeid og søknadar til Miljødirektoratet, Olje- og energidepartementet og andre instansar der vi blir bedne om å kome med fråsegner. Omfanget av det totale arbeidet vårt med høyringar har auka samanlikna med 2020.

- **Innsynskrav:** I 2021 fekk vi 708 innsynskrav i 4835 journalpostar. Krav om innsyn varierer frå år til år avhengig av saker og hendingar, men trenden er aukande. Det kjem ofte fleire krav om innsyn dersom det er knytt stor mediemerksemd til enkeltsaker, og arbeidet med å handtere innsynskrav er omfattande.

Nøkkeltal frå årsrekneskapen 2019–2021

I tabellen nedanfor følgjer ein presentasjon av utvalde nøkkeltal i tidsperioden 2019–2021 med tilhøyrande forklaringar:

- **Talet på tilsette**

Det har vore ein nedgang i talet på tilsette frå 2020 til 2021. I løpet av 2021 er det 15 tilsette som har slutta, og 12 av desse slutta for overgang til alderspensjon. I ein relativt stram og pressa arbeidsmarknad ser vi no at det ofte teke lengre tid enn føresett å finne kvalifiserte søkjarar til dei ledige stillingane.

- **Talet på avtalte årsverk**

Talet på avtalte årsverk blir presentert som eit gjennomsnittstal for året, berekna med utgangspunkt i avtalt stillingsprosent.

- **Talet på utførte årsverk**³

Nedgangen i talet på utførte årsverk må sjåast i samanheng med ein tilsvarende nedgang i talet på tilsette samanlikna med 2020.

- **Samla tildeling post 01–99**

Den disponible ramma til Ptil var på 349,3 mill. kroner i 2021. Tildelinga var fordelt mellom løn/drift (post 01), spesielle driftsutgifter (post 21) knytt til tilsynsverksemda og oppdrag/samarbeid overfor Norad (Olje for Utvikling) og dessuten motteken belastningsfullmakt frå ASD⁴. Samla tildeling på post 01–99 er auka med 13,0 mill. kroner (3,9 prosent) frå 2020. Auken kjem bl.a. av ei styrking som følgje av auka satsing på eit seriøst og sikkert arbeidsliv, motteken belastningsfullmakt og løns- og prisjustering på postane.

- **Utnyttingsgrad post 01–29**

Utnyttingsgraden viser del utgifter av tilgjengelege midlar på postane 01–29. Utnyttingsgraden for 2021 er på 91,1 prosent. Ptil har eit mindreforbruk av driftsmidlar på 7,6 prosent av totalt driftsbudsjett. Dette kjem i hovudsak av manglande kapasitet og tilgang til ressursar for gjennomføring av enkelte prosjekt og av pålagde restriksjonar ved reiser og arrangement i inn- og utland pga. smittesituasjonen.

- **Driftskostnader**

Driftskostnadene viser ein auke på 2,9 mill. kroner (0,9 prosent) frå 2020 til 2021 og skriv seg først og fremst frå ein auke i lønsutgiftene som følgje av lønsoppgjeret 2021, auka konsulenttenester knytte til Ptil si oppdrags- og samarbeidsverksemd overfor Norad og frå auka bruk av bistandsetatar i samband med tilsynsverksemda vår retta mot enkeltaktørar.

- **Lønsdel av driftskostnader**

Lønsdelen for 2021 er på 69,4 prosent mot 68,8 prosent i 2020.

- **Lønskostnader pr årsverk**

Lønskostnadene består av løn, feriepengar, arbeidsgivaravgift, pensjonskostnader og andre ytingar. Refusjonar frå Nav er trekte frå. Kostnaden pr årsverk var 1,28 mill. kroner i 2021, tilsvarende ein auke på 2,96 prosent frå 2020.

Nøkkeltal	2019	2020	2021
Talet på tilsette	174	183	178
Tal på avtalte årsverk	174	175	174
Talet på utførte årsverk	172	176	166,4
Samla tildeling post 01–99	333 260 000	336 318 000	349 334 000
Utnyttingsgrad post 01–29	95,2 %	94,6 %	91,1 %
Driftskostnader	327 847 191	320 392 037	323 282 206
Lønsdel av driftskostnader	66,4 %	68,8 %	69,4 %
Lønsdel per årsverk	1262 569	1 251 457	1 288 528

Tabell 2. Nøkkeltal 2019–2021

³ Talet på utførte årsverk er berekna etter definisjonen gjeven i PM-2019-13. Årsverk er definert som den ressursinnsatsen Ptil sine tilsette har utført i perioden 01.01.2021–31.12.2021 med fråtrekk av fråvær.

⁴ Gjeld FoU-prosjektet om varetaking av storulykkesrisiko og arbeidsmiljø i utvinningsløyve og rettshavargrupper.



DEL III.

Aktivitetar og resultat for året

Som skildra i del II, har Ptil fleire verkemiddel til rådvelde for å støtte opp under regjeringa sine langsiktige mål og ambisjon om at norsk petroleumsverksemd skal vere verdsléiande når det gjeld HMS. Innsatsen frå tilsynet skal stø opp om regjeringa sine mål om at risikoen for storulykker i petroleumsverksemda skal reduserast, og at verksemda skal arbeide betre med førebyggjande arbeidsmiljø, -helse og tryggleik og syte for forsvarlege arbeidsforhold.

Utgangspunktet for vårt reguleringsregime er aktørane sitt ansvar for å drive forsvarleg verksemd og etterleve krava i HMS-regelverket⁵. Eit viktig prinsipp er dermed at selskapa sjølv skal kunne demonstrere gjennom systema sine og bruk av desse at dei har god eiga oppfølging og risikostyring. Tilsynet vårt skal vere risikobasert ved at innsatsen blir tilpassa og retta inn mot dei verksemdene og forholda der risikoen for storulykker, skadar og yrkessjukdom er vurdert å vere størst.

I tildelingsbrevet for 2020 har arbeids- og sosialdepartementet streka opp følgjande styringsparametrar for mål 3.1 og 3.2:

- Verksemdene har fått auka kunnskap/ medvit
- Verksemdene har fått auka motivasjon
- Verksemdene førebyggjer arbeidsmiljøproblem betre/meir systematisk

Oljepris- og konjunktursvingingar, koronapandemien og omstillingar og endringar i næringa kan påverke dagens risikonivå. Samla vil slike forhold også kunne ha langsiktige konsekvensar for risikonivået i petroleums-sektoren. I vår tilnærming har vi prøvd å vere i framkant av slike utfordringar, både når det gjeld å identifisere utfordringane og å gjere forventningane tydelegare til korleis desse skal følgjast opp av næringa.

I dette kapitlet skildrar vi først nokre sentrale verkemiddel. Deretter presenterer vi nokre nøkkeltal frå risikonivåprosjektet (RNNP) for 2021.

Hovuddelen av kapittel III er ei skildring av korleis vi har brukt verkemidla for å bidra til måloppnåing, det vil seie bidra til at risikoen for storulykker i petroleumssektoren blir redusert, og til at verksemda arbeider betre med førebyggjande arbeidsmiljø, -helse og tryggleik og syter for forsvarlege arbeidsforhold. Resultat og effekt av innsatsen vår er skildra for kvart enkelt tema, men også oppsummert i eit eige avsnitt til slutt i kapittel III.

⁵ Ansvaret går blant anna fram av rammeforskrifta § 7.

Skildring av nokre sentrale verkemiddel

Vi bruker omgrepet verkemiddel som eit uttrykk for dei «verktøya» vi har for å løyse oppgåvene våre som tilsynsmyndigheit og direktorat, og for å påverke aktørane i retning av måla våre. I verkemidla våre inngår tilsyn, informasjon og rettleiing, regelverk og standardisering og rådgjeving. Eitt risikoforhold kan ha fleire ulike årsaker og blir følgt opp med ulike typar verkemiddel. Vår erfaring er at det å bruke ulike verkemiddel i kombinasjon og over tid, gjev meir langsiktige effektar. Ulike verkemiddel blir derfor brukte for å oppnå ulike typar effektar, men verkemidla heng saman og vil både kunne forsterke og utfylle kvarandre.

Tilsyn som verkemiddel omfattar flere typar aktiviteter. I det følgjande presenterer vi to slike: Revisjonar og oppfølging av hendingar, der gransking av hendingar inngår. Dessutan skildrar vi noko av det vi gjer innanfor informasjon og rettleiing.

Tilsyn med aktørane i verksemda – revisjonar

Revisjonar er det sentrale verktøyet vårt i oppfølginga av enkeltaktørar. Revisjonar blir gjennomførte av eit revisjonsteam, som typisk består av to til fem fagpersonar i Ptil. Revisjonar følgjer ein fast prosedyre, med nokre sentrale element som vist i figuren nedanfor:



PwC

Figur 9. Påverknadskjede revisjonar

Del III. Aktivitetar og resultat for året


Figur 10. Tal pålegg, rapportar, avvik og forbetningspunkt i perioden 2017–2021

Alle revisjonar har denne generelle strukturen, men den praktiske gjennomføringa blir tilpassa temaet. Nokre revisjonar har til dømes ikkje fysisk synfaring som ein del av gjennomføringa.


Figuren over viser nokre nøkkeltal frå tilsyn innan revisjon og granskning.

Resultata viser ein tydeleg oppgang frå 2020 i talet på pålegg i revisjons- og granskingsrapportar, ein auke i observerte avvik og ein nedgang i talet på forbetningspunkt. Trass i at vi framleis var underlagt restriksjonar på grunn av pandemi, viser auken i

talet på rapportar at vi i 2021 igjen har auka den samla innsatsen vår i revisjon og granskning.

Etter kvar revisjon sender vi ut brukarundersøking til selskapet (Revisjonsundersøkinga). Resultata frå 2021-undersøkingane er som tidlegare år gjennomgåande gode. Figuren 11 viser utviklinga frå 2020 til 2021 i gjennomføringa av ein revisjon.

Den lågaste scoren gjeld utbyte av revisjonen. Vi reknar med at det kjem av at ikkje alle revisjonar avdekkjer regelverksbrot, og at selskapa i nokre tilfelle også sjølv er kjende med forholda som vi avdekkjer.


Figur 11. Vurderingar frå selskapa (gjennomsnitt: 1–5): Gjennomføring av revisjonar i 2020 (N=56) og 2021 (64)

Også i 2021 var aktivitetane våre prega av pandemien. I mange tilfelle vart delar av revisjonane, som oppstarts- og avslutningsmøtet og enkelte intervju, gjennomført digitalt. Vi prioriterte likevel å kome ut på innretningar og anlegg, og det vart gjennomført fysisk synfaring/verifikasjon i ca 85 revisjonar.

På spørsmål i brukarundersøkinga om handtering av korona-situasjonen oppgjev dei aller fleste at Ptil etter deira oppfatning har brukt digital kommunikasjon på ein god måte, at vi har klart å drive tilsynsverksemd som normalt, funne gode alternative arbeidsmetodar, lagt til rette for godt smittevern

og teke omsyn til om situasjonen er krevjande for selskapet, med nokre små variasjonar frå 2020 til 2021, ref figur 12.


For å bidra til openheit og innsyn i petroleumsverksemda og samtidig bidra til læring og forbetring på tvers i næringa, publiserer Ptil alle tilsyns- og granskingsrapportar. Alle aktørane i verksemda, og offentlegheita elles, kan derfor få innsyn i korleis selskapa etterlever regelverket og korleis tilsynsmyndigheita følgjer dette opp.

Vurdering av oppfølginga frå Ptil under pandemien	Tema	2020	2021
I kva grad opplever du at Petroleumstilsynet gjennom pandemien har: (%-del «I stor grad» og «I svært stor grad»)	Brukt digital kommunikasjon (Teams e.l.) på ein god måte?	95 %	95 %
	Drive tilsynsverksemd som normalt?	69 %	81 %
	Funne gode alternative arbeidsmetodar?	93 %	86 %
	Lagt til rette for godt smittevern under revisjon?	84 %	89 %
	Teke omsyn til at situasjonen er krevjande for selskapet dykkar?	71 %	78 %

Figur 12. Brukarundersøking om oppfølginga frå Ptil under pandemien 2020 (N=56) og 2021 (64)

Oppfølging av hendingar - gransking

Selskapa rapporterer ulykker og uønskete hendingar til Ptil, det er eit krav i styringsforskrifta § 29 om varsling og melding av fare- og ulykkessituasjonar. Det har over lang tid etablert seg ein god kultur for hendingrapportering i petroleumsværksemnda, noko som er svært viktig for å sikre openheit og læring. Ansvaret for å handtere uønskete hendingar ligg hos selskapet sjølv, vårt ansvar er å føre tilsyn med selskapa si handtering, og å bidra til best mogleg læring etter hendingane.




Figur 13. Innrapporterte hendingar til Ptil (2006–2021): Totalt og alvorlege

Figuren over viser utviklinga i talet på innrapporterte hendingar til Ptil i perioden 2006–2021 etter kategoriane enklare oppfølging, alvorlege, stort potensial (storulykke/død) og totalt. Det har variert noko frå år til år korleis kategorien alvorleg har vore definert, så kan ikkje direkte samanliknast over tid. Totalt ser vi at talet på innrapporterte hendingar har gått opp i perioden 2017–2021. Om vi ser på alvorlege hendingar i same periode er nivået høgare i 2021 enn i 2017, men 2021 viser ein tydeleg nedgang frå 2020 til 2021. Vi bruker innrapporterte hendingar til å følgje opp enkelthendingar og sjå på trendar i løpet av året. Vi viser elles til avsnittet om risikonivårapporten (RNNP) for det endelege biletet for 2021.

Gransking av uønskete hendingar er ein viktig del av den risikobaserte tilsynsværksemnda vår Ptil. Granskingane våre kjem i tillegg til granskingane som på eige initiativ blir gjennomført av dei involverte aktørane. Føremålet er å klarleggje årsaksforhold, hendingforløp og faktiske og potensielle konsekvensar, og å utvikle kunnskap som kan bidra til å førebyggje at liknande hendingar skjer igjen. Ptil opparbeider sjølv mykje kompetanse og erfaring gjennom granskingar. Talet på granskingar varierer frå år til år. Alvorsgraden til hendinga er det viktigaste kriteriet for avgjerd om gransking. Potensialet for læring er også eit viktig moment i denne vurderinga. Ressurssituasjonen i Ptil kan i nokre situasjonar også påverke val av metode og mandat for granskinga.

I 2021 granska vi seks hendingar. Det er ein nedgang frå 2020 då vi starta 13 granskingar.



Figur 14. Talet på granskingar i Ptil 2010–2021

Følgjande hendingar vart granska av Ptil i 2021

- **17.01.21: Heidrun** (Equinor), løftehending med personskade.
- **10.02.21: Askeladden/KCAD** (Equinor), alvorleg personskade i samband med løft av slange.
- **25.04.21: Gullfaks C** (Equinor), utslepp av 17,3 m³ olje frå produsertvassystemet.
- **13.05.21: Johan Sverdrup** (Equinor), løftehending med personskade.
- **29.10.21: Sleipner A** (Equinor), utløyising av røykdetektorar og flammedetektorar.
- **01.11.21: Troll C** (Equinor), korrosjon på gasskompresjonskjølarar.

Equinor var operatør i samband med alle hendingane vi granska i 2021. To av hendingane var løftehendingar med personskadar, elles granska vi ulike typar hendingar i 2021. Det var også ulike årsaker til hendingane, men risikoforståing ved oppstart av aktivitetar, og manglar ved prosedyrar og etterleving gjekk igjen i fleire.

Etter ei gransking blir granskingsrapporten med identifiserte avvik, og i dei fleste tilfelle varsel om pålegg, sendt til selskapet som hadde ansvaret for hendinga. Selskapet svarer på rapporten med ei oversikt over gjennomførte og planlagde tiltak, og

vi er i tett dialog med selskapet om gjennomføring av tiltaka. Granskingsrapportane blir publiserte på nett og får mykje merksemd.

Etter St. Meld. nr. 12 (2017-2018) vart det sett ned ei partssamansett arbeidsgruppe i Sikkerhetsforum om gransking og læring etter hendingar. Arbeidsgruppa publiserte i 2019 ein rapport om læring etter hendingar og rettleiingsmaterieill som kan brukast av aktørane i næringa. Dei tilrådde blant anna at granskingsteam i større grad bør ha kompetanse om menneskelege faktorar, organisatoriske forhold og verksemdsstyring på lik linje med teknisk kompetanse. Granskingsmetode er også adressert i andre utgreiingar om hendingar og gransking. I åra framover vil vi auke innsatsen vår når det gjeld gransking og læring etter hendingar. Vi ønskjer å byggje vidare på det som fungerer godt, og å bidra til ytterlegare forbetring både hos oss og næringa.


Kunnskapsutvikling og rettleiing – oppfølging på bransjenivå

Kvart år blir ei rekkje prosjekt og utgreiingar gjennomført frå Ptil sine egne fagfolk eller konsulentar på oppdrag frå oss, for å belyse bestemte tryggleiksutfordringar. Resultata blir delte med bransjen i deira bransjeforum, på partsarenaene og på ulike seminar og fagdagar.

I 2021 arrangerte vi ei rekkje digitale fagseminar gjennom året, med god oppslutning. Toppleiarkonferansen og Sikkerhetsforum sin årskonferanse vart arrangert som vanleg med publikum i salen, medan *Sikkerhet, status og signal* og RNNP-presentasjonen vart halden digitalt, med mellom 700 og 850 deltakarar.

Ptil.no er eitt av dei viktigaste verktøya våre for deling av informasjon med næringa og offentlegheita. Det berande innhaldet på ptil.no er petroleumsregelverket, tilsyn og fagstoff. Nettstaden hadde i 2021 cirka 500 000 besøkande.

På ptil.no publiserer vi i tillegg til tilsynsrapportar også ei rekkje kunnskapsrapportar, fagartiklar, nyhende, reportasjar og artiklar. Vår vurdering er at nettsidene bidreg til å auke kunnskapen, medvitet og motivasjonen i bransjen i det førebyggjande arbeidet – både innan storulykkesrisiko og arbeidsmiljø. Sidan lanseringa av ny nettstad i 2019, er regelverket no søkbart og kopla til ein database med data fra alle tilsyn/revisjoner som gjev betre presentasjon av funn i tilsyn. Ved hjelp av overvåkings- og analyseverktøy er vi i dag oppdaterte om bruken av nettsidene våre; talet på besøk, kva som blir lasta ned og kva som blir lese mest, sjå figurane nedanfor.




Figur 16. Fordeling og talet på treff – rapportar i tilsyn. Ptil.no 2021

Vi bruker sosiale medium aktivt og målretta i kommunikasjons- og informasjonsarbeidet; Facebook, LinkedIn, Twitter, YouTube og Instagram. Facebook er for augeblinken dominerande med cirka 14 000 følgjarar i 2021.

Vi har i fleire år satsa på produksjon av film og podkast som bidrag til å nå det overordna målet vårt om å setje helse, miljø og tryggleik på dagsorden. Nytt i 2021 var at vi blant anna presenterte tre sentrale granskingsrapportar som filmopptak. Interesse frå publikum var svært stor, med totalt nesten 10 000 visningar av dei tre presentasjonane.

Filmar og podkastar blir spreidde via ptil.no på sosiale medium og i møte med selskap og næringa. Dei har gjennomgåande eit stort publikum både nasjonalt og internasjonalt. Om lag 30 prosent av besøka på ptil.no kjem frå utlandet.

Vi gjev ut publikasjonen *Dialog* to gonger i året. Før pandemiperioden hadde vi 15 200 abonnentar på norsk og engelsk. Tidsskriftet inneheld artiklar om tema som partane i verksemda er opptekne av. Desse sakene blir også distribuerte breitt på ptil.no, i sosiale medium og på arrangementa våre.




Figur 15. Fordeling på innhald og treff – Ptil.no 2021

Hovudresultat frå RNNP 2021

I RNNP søker vi gjennom ei rekkje proaktive og reaktive indikatorar å måle utviklinga i forhold som påverkar tryggleik og arbeidsmiljø. Grunnlaget for vurderingane er metodetriangulering. Målet er å identifisere område, på bransjenivå, som er kritiske for tryggleik og arbeidsmiljø og der det er behov for felles prioritert innsats for å førebyggje uønskete hendingar og ulykker. Arbeidet bidreg til auka innsikt i moglege årsaker til ulykker og deira relative betydning for risikobiletet, og til å gje eit betre avgjerdsunderlag innan førebyggjande tryggleik og beredskapsplanlegging for industri og myndigheiter. Petroleumsnæringa bør, spesielt sett i lys av Stortinget sitt mål om at norsk petroleumsverksemd skal vere verdsleiande innan HMS, ha kontinuerleg merksemd på effektiv styring av forhold som påverkar risiko.


Risikonivå norsk petroleumsverksemd er organisert som eit prosjekt der partane og aktørane i næringa spelar ei aktiv rolle. Hovudtyngda av dialogen skjer i Sikkerhetsforum, RNNP rådgjevingsgruppe, HMS-faggruppe og i direkte dialog mellom Ptil og enkeltaktørar. Ptil leier prosjektet.



Saman med informasjon frå granskingar og anna oppfølging i tilsyn, styrkjer RNNP kunnskapsgrunnlaget for vurdering av korleis førebygging av hendingar og ulykker kan bli meir effektiv. RNNP overvaker både personrisiko og risiko for akutte utlepp for å oppnå eit meir heilskapleg bilete av ulykkesrisiko. Ulykker kan ramme både menneske, miljø og materielle verdiar. Arbeidet med forhold knytte til storulykke og arbeidsmiljø må gå føre seg på ein kontinuerleg basis for å ha styring med bidragsytarar til denne type risiko.⁶


Norsk sokkel – storulykkesindikatorar

I 2021 var det ingen ulykker som resulterte i dødsfall eller som hadde eit særskilt stor potensial i forhold til tap av liv. Talet på hendingar med ibuande storulykkespotensial viser eit stabilt nivå sidan 2012. Nivået i perioden 2012–2021 er lågare enn i føregåande periode.



Figur 17. Oversikt over talet på DFU-ar med storulykkespotensial på innretningar (unnateke helikopter)

⁶ For meir detaljert informasjon om RNNP og resultat, sjå våre RNNP-rapportar på ptil.no (<https://www.ptil.no/fagstoff/rnnp/>).



Figur 18. Totalindikator for storulykker per år, normalisert mot arbeidstimar ⁷

I perioden etter 2012 har talet på hendinger per år av denne typen vore stabilt med mindre årlege variasjonar. I 2021 ser vi at talet på brønnskrollhendingar går opp, medan talet på konstruksjonsrelaterte hendingar går ned samanlikna med 2020. Totalt er det to fleire hendingar i 2021 samanlikna med 2020, men aktivitetsnivået har gått noko opp.

Totalindikatoren i RNNP vurderer hendingane illustrert i figur 18 med relative vekt basert på potensielt tap av liv dersom denne typen hendingar hadde fått utvikla seg til ei reell storulykke. Det blir understreka at denne typen indikator ikkje viser risiko i seg sjølv, men evna bransjen har til å styre forhold som påverkar risiko. Resultata for totalindikatoren i figuren nedanfor viser tydeleg ei underliggjande positiv utvikling når ein baserer vurderinga på eit rullerande gjennomsnitt. Årlege verdiar vil i større grad variere, blant anna på grunn av at spesielt alvorlege enkelthendingar eitt år blir tilordna ein høg vekt-faktor. Ei positiv utvikling i talet på tilløpshendingar over tid viser etter vår vurdering at arbeidet næringa gjer med risikostyring har effekt, men det blir streka under at ei slik utvikling ikkje gjev nokon garantiar for å unngå framtidige hendingar.

Totalindikatoren har falle noko i 2021 samanlikna med 2020, trass i like mange hendingar. Dette kjem av at inntreffe hendingar i gjennomsnitt hadde eit lågare potensial, og dermed er allokert ein lågare

vektfaktor. Frå 2019 til 2021 ser vi ein gradvis nedgang i alvorlege personskadar på norsk sokkel frå 33 til 25. Endringa er ikkje signifikant.

Landanlegg – storulykkeindikatorar


I perioden 2009–2019 har det vore rapportert under 15 hendingar med storulykkepotensial årleg. I perioden 2019–2021 er det ein auke i talet på hendingar med storulykkepotensial, først og fremst innan hydrokarbonlekkasjar som ikkje har teke fyr. Ei slik endring bør medverke til at partane prioriterer arbeidet med å redusere talet på hendingar og tilløpshendingar av denne typen. Alvorlege personskadar viser ein svak oppgang frå 2020 til 2021 frå ni til tolv skadar i tal. Endringa var ikkje signifikant.

Barriereindikatorane – sokkel og land

Barriereindikatorane i RNNP er eit døme på indikatorar som kan seie noko om robustheita til å motstå hendingar – såkalla leiande indikatorar, og er eit uttrykk for evna barrierane har til å fungere når det er behov for dei.⁸ Hovudtrendane for barriereindikatorane på sokkelen er positiv for dei fleste barrierane. Fleirtalet av dei ligg også på riktig side av bransjen sine eigendefinerte krav. Dei siste åra har nivået vore nokolunde stabilt. For barriereelement knytte til isolering og handtering av energi i samband med hendingar har det dei seinare åra vore ei negativ utvikling, og for fleire av desse ligg dei over bransjen sine eigendefinerte krav. Barriereindikatorane

⁷ Referanseverdi er 100 i år 2005, både for totalindikator og treårs rullerande.

⁸ Typiske barriereelement som blir testa, er: brann- og gassdeteksjon, naudavstengingssystem, brannsikring og brannvassforsyning, marine system og ytingspåverkande forhold knytte til brønntegritet og vedlikehaldsstyring.



Figur 19. Talet på DFU-ar med storulykkespotensial - landanlegg, 2006–2021

viser framleis at det er store nivåforskjellar mellom innretningane. Resultata for barriereindikatorane på landanlegga viser ei positiv utvikling dei siste åra, men også her ser vi store variasjonar mellom anlegga. Nokre av anlegga skårar dårlegare enn måla for næringa. Å korrigere denne typen veikskapar bør prioriterast. Oppfølginga vår på dette området er dermed retta mot selskapa og deira innretningar og anlegg.


Vedlikehald – sokkel og land

I 2009 vart RNNP utvida slik at barriereindikatorane inkluderer indikatorar for vedlikehaldsstyring. Indikatorane omfattar underlaget for vedlikehaldsstyring (merking og klassifisering) og status for utført vedlikehald, etterslep i førebyggjande (FV) og

uteståande korrigerande vedlikehald (KV). Sjå figuren nedanfor for status på utført vedlikehald på permanent plasserte innretningar.

Totalt tal timar utført vedlikehald på permanent plasserte innretningar (sokkelen) er noko redusert frå 2020 til 2021. Vi ser ein nedgang i talet på timar innan modifikasjonar og prosjekt og ein liten auke i utført korrigerande vedlikehald. Tala viser at det har vore utført mindre timar med revisjonsstans dei to siste åra.

Det samla etterslepet for det førebyggjande vedlikehaldet utgjer eit forholdsvis lågt timetal for dei permanent plasserte innretningane (< 100 000 timar). Tala i 2021 viser ein nedgang i etterslepet for dei tre



Figur 20. Totalt tal timar utført vedlikehald – permanent plasserte innretningar 2012–2021

føregående åra. Tala viser også at den HMS-kritiske delen av etterslepet er fallande, men framleis finn vi fleire innretningar som ikkje har utført HMS-kritisk vedlikehald i samsvar med eigne fristar. Her er det stor variasjon mellom anlegga.

For korrigerande vedlikehald på permanent plasserte innretningar viser tala samla sett eit stort tal timar som ikkje er utført i 2021. Her er det også variasjonar mellom innretningane.

For landanlegga var det ein stor auke i totalt time-tal utført vedlikehald samanlikna med 2020. Den største auken finn vi innanfor modifikasjonar og prosjekt og førebyggjande vedlikehald. Eit anlegg har vore stengt ned på grunn av brann i 2019 og har hatt høg vedlikehalds-aktivitet i 2021.

Tala for etterslep på landanlegga innanfor førebyggjande vedlikehald viser ein auke frå 2020 til 2021 og har ein aukande trend sidan 2017. Den HMS-kritiske delen av dette viser ein tilsvarande auke i 2020 og 2021. I dette inngår tal frå eit anlegg som er nedstengt. Vi har stor merksemd på dette området og vil følgje det opp i 2022.

På landanlegga ser vi at fleire anlegg har eit stort tal timar korrigerande vedlikehald som ikkje er utført og ein aukande trend dei seinare åra.

For flyttbare innretningar, ser vi at fleire innretningar ikkje har merkt alt utstyret og at ikkje alt utstyr er klassifisert, noko som er grunnleggjande for styring av vedlikehald.



Spørjeskjemaundersøkinga

Spørjeskjemaundersøkinga i RNNP blir utført annakvart år og omfattar alle arbeidstakarar som er på jobb på norsk sokkel og på landanlegga. I hovudsak kartlegg spørjeskjemaet arbeidstakarane sine oppfatningar av fysisk og psykososialt arbeidsmiljø, HMS-klima og opplevd risiko, og også oppleving av eiga helse, sjukdom og skadar. Svarprosent for spørjeskjemaundersøkinga i 2021 ligg på 24,5 prosent for landanlegga og 25 prosent offshore med 6378 respondentar offshore og 1441 på landanlegga. Undersøkinga er vurdert å vere representativ ut frå sentrale trekk ved populasjonen, som innrapporterte timetal frå operatørselskap, reiarlag og landanlegg totalt for perioden og etter arbeidsområde.

I eit meir overordna perspektiv viser spørjeskjemakartlegginga at HMS-nivået samla sett er høgt – både på landanlegg og offshore. Vi finn likevel variasjonar frå år til år, mellom offshore tilsette og tilsette på landanlegg, forskjellar mellom ulike stillingsgrupper, innretningar og selskap. Hovudresultata i 2021 offshore viser likevel ei negativ utvikling frå 2019 til 2021 på ei rekkje faktorar innan fysisk/kjemisk og psykososialt arbeidsmiljø, eigenrapportering på helseplager og HMS-klima. Vi finn dei same trendane blant tilsette på landanlegg, men tendensane er ikkje like sterke.

Resultata må sjåast i samanheng med dei omstillingane og endringane næringa framleis er inne i. Vi går også ut frå at pandemien har hatt ein viss innverknad på vurderingane frå dei tilsette. Det er viktig at næringa og partane tek tak i utfordringane og held fram det langsiktige førebyggingsarbeidet sitt innanfor arbeidsmiljø, helse og tryggleik. Systematisk arbeid for å redusere omfanget av arbeidsrelatert helseskade, blant anna gjennom auka kunnskap om risikoforholda, er viktig for å sikre ei framleis god langsiktig utvikling av arbeidsmiljøet i petroleumsnæringa.



Mål 3.1 Risikoen for storulykker i petroleumssektoren skal reduserast

Over tid har HMS-nivået i petroleumsverksemda utvikla seg i ei positiv retning, og myndigheitene og partane er samde om at tryggleiksnivået i næringa i Noreg er høgt. Regjeringa sin ambisjon om at norsk petroleumsverksemd skal vere verdslende når det gjeld HMS, ligg fast og blir støtta av partane. Oljepris- og konjunktursvingingar, koronapandemien og omstillingsprosessar i næringa kan likevel påverke dagens risikonivå. Eit framleis høgt tryggleiksnivå kan aldri takast for gitt.

For å sikre at innsatsen vår bidreg til målet om redusert storulykkesrisiko i petroleumsverksemd, nyttar vi resultat frå risikonivåprosjektet (RNNP) saman med annan informasjon frå tilsynsaktivitetar som grunnlag for å sikre målretta og risikobasert oppfølging mot utfordrande område, felt, aktørar og innretningar/anlegg.

I hovudsak er storulykkesrisikoen i petroleumsindustrien knytt til hydrokarbon på avvegar og konstruksjonsrelaterte hendingar. Hydrokarbon på avvegar vil kunne føre til lekkasjar, utblåsingar, eksplosjonar og brannar, medan konstruksjonshendingar i hovudsak fører til skadar på innretningar med ulike typar uønskt utfall. Historisk sett er det denne typen ulykker som i størst grad har eller kunne ført til skade på menneske, miljø og økonomiske verdiar.

Av tilsvarande årsaker har vi retta merksemda mot IKT-tryggleik og sikring mot medvitne anslag. Merksemda vår vil vere retta mot å unngå at IKT- eller sikringshendingar fører til storulykker.

I tilsynsstrategien vår for 2021 har vi prioritert følgjande område for oppfølging:

- Hydrokarbonlekkasjar
- Brønnskrollhendingar
- Konstruksjonshendingar
- IKT- tryggleik i industrielle system
- Sikring mot medvitne anslag.


I det følgjande presenterer vi innsatsen vår innanfor områda nemnde over, i tillegg til ein del andre utvalde tema som inngår under resultatmål 3.1 i 2021.

Hydrokarbonlekkasjar

Storulykkepotensialet knytt til hydrokarbonlekkasjar gjer at dette er eit område med høg prioritet. Ein hydrokarbonlekkasje som tek fyr, kan resultere i brann og/eller eksplosjon, som igjen kan føre til tap av menneskeliv, større utslepp av hydrokarbon til sjø og tap av store materielle verdiar.

Ptil si oppfølging av hydrokarbonlekkasjar har i stor grad to hovudspor; direkte oppfølging av hendingar med hydrokarbonlekkasje, og tilsyn med selskapa si styring og oppfølging av barrierar knytte til hydrokarbonlekkasjar. Det vil seie oppfølging av system og arbeidsprosessar som skal hindre lekkasjar, oppdage lekkasjar og hindre at ein lekkasje utviklar seg til ei storulykke. Gjennom denne typen oppfølging erfarer vi at næringa tek informasjonen i våre signal og rapportar inn i eiga verksemdsstyring. Dette observerer vi gjennom at selskapa endrar praksisen sin og i direkte kommunikasjon og tilbakemeldingar frå selskapa.


På sokkelen har talet på hydrokarbonlekkasjar med storulykkepotensial vore stabilt dei siste åra. I 2021 var det 6 lekkasjar av denne typen. Dette er eit relativt lågt tal. Potensialet for å gje omkomne dersom lekkasjane hadde fått utvikle seg, blir også vurdert som lågt. Dette indikerer at næringa har greidd å styre forhold som påverkar denne typen storulykkesrisiko på ein effektiv måte.



Figur 21. Talet på lekkasjar som ikkje har teke fyr offshore (2005–2021)

På landanlegga observerer vi ikkje den same lang-siktige positive trenden knytt til reduksjon i talet på lekkasjar. Over tid har talet på lekkasjar i hovudsak variert mellom 5 og 10 per år. I 2021 var det 10 lekkasjar på desse anlegga.

Oppfølginga vår av hendingar med akutte utslepp i RNNP-AU, synleggjer behov for å diskutere kva effekt barrierane har når det gjeld å forhindre større oljelekkasjar og stanse utvikling av denne typen hendingar. Det gjeld i all petroleumsvirksemd over og under vatn, bemanna og ubemanna. Ei utvikling mot aukande bruk av havbotnløysingar må støttast av kontinuerleg forbetring av barrierar som kan oppdage lekkasje tidleg, og bidra til å avgrense og stanse utvikling av ein fare- og ulykkessituasjon.



Figur 22. Talet på lekkasjar som ikkje har teke fyr i landanlegga (2006–2021)

Brønnkontrollhendingar

Ei brønnkontrollhending som ikkje blir handtert korrekt, kan eskalere til ei alvorleg og kritisk hending som ei utblåsing med potensial for tap av menneskeliv, større utslepp til sjø, og tap av store materielle verdiar. Dette storulykkepotensialet bidreg til at brønnkontrollhendingar er eit område med høg prioritet.


Figuren under viser ei oversikt over talet på brønnkontrollhendingar per 100 brønningar, leite- og produksjonsbrønningar i perioden 2000–2021. Det vart starta totalt 40 leitebrønningar og 186 produksjonsbrønningar, i 2021. I 2021 var det totalt 19 brønnkontrollhendingar, 18 av desse var på nivå 3 med låg alvorgrad og ei hending er på nivå 2 alvorleg. Når vi normaliserer talet på hendingar mot aktivitetsnivået, ser vi likevel at nivået er innanfor den venta verdien (Kjelde RNNP 2021).

I 2021 har vi hatt møte med næringa og gjennomført egne analysar for å utvikle kunnskap om direkte og bakanforliggjande årsaker til brønnkontrollhendingar. Analysane viser at årsaka til ein stor del av brønnkontrollhendingane er for låge estimat av poretrykk i boreprogramma. Vi har også hatt dialog med Oljedirektoratet og spesialistar på geofaglege vurderingar. Kombinert med erfaring frå tilsyn er det identifisert utfordringar knytte til kompetanse og samhandling i ulike planleggingsfasar.

På bakgrunn av dette er det utvikla presentasjonsmaterieill som er presentert i fagforum, blant anna internasjonalt i IADC (den internasjonale foreininga for boreentreprenørar) sin årlege brønnkontrollkonferanse, og som del av brønnkontrollseminar hos enkelte operatørar. Vi oppfattar at presentasjonane våre har skapt engasjement og auka merksemd om uvisse i poretrykksestimat.

Vi har også innleidd dialog med IOGP (den internasjonale foreininga for operatørselskap) og følgjer med på utviklinga eira av ei ny retningslinje (Report 608) som adresserer denne tematikken og søker å bidra til metodiske praksis på tvers av operatørar. IOGP sitt arbeid er eit oppdrag dei har fått av International Regulators Forum (IRF) der også Ptil deltek.

Vi har i 2021 i tillegg lagt vekt på å leite etter faktorar som kan påverke brønnkontrollrisiko i den pågåande automatiseringa og digitaliseringa av boreprosessar. Vi identifiserer forhold som potensielt kan tilføre eller redusere usikkerheit og vurderer korleis desse blir evaluerte og handterte. Vi har fått utført studiar som går i djupna på fleire slike forhold. Vi har også hatt ei rekkje møte med leverandørar av teknologi og tenester under utvikling, som kan ha potensial til å redusere risiko i bore- og brønnoperasjonar.



Figur 23. Talet på hendingar per 100 bora brønningar (2005–2021)

Permanent plugging - ny teknologi og nye metodar

Fleire felt på norsk sokkel nærmar seg slutten av levetida, og skal forlatast og permanent pluggast. Det vil vere viktig å sikre at desse brønnane blir plugga på ein slik måte at det ikkje skjer utslepp til sjø eller luft i framtida.

Ptil har i løpet av 2021 sett i gang kunnskapsutvikling relatert til kvalifisering av ny teknologi og nye metodar for bruk i permanent plugging på norsk sokkel. Vi har sett spesifikt på kvalifiseringsprosessen som er nytta for ein metode kalla «Perforate, wash and cement» (PWC). Denne metoden blir brukt for å etablere permanente brønnbarrierar. Som eit resultat av kunnskapsdeling og erfaringsoverføring, har industrien i samarbeid utvikla nye retningslinjer i NORSOK D-010, der ein understrekar utsiktene og avgrensingane ved bruk av PWC.

Vi fører også tilsyn med at operatørselskapa på norsk sokkel kvalifiserer ny teknologi og nye metodar for permanent plugging og forlating av brønner, og at dei nye løysingane er i tråd med regelverkskravet om at kvalifiseringsprosessen skal vere dokumentert og kunne etterprøvast, og dermed bidra til meir robuste og kostnadseffektive løysingar i eit langsiktig perspektiv. Effekten av dette arbeidet har vore auka læring når det gjeld kvalifisering av ny teknologi og nye metodar for å sikre robust framtidig permanent plugging av brønner på norsk sokkel.

Konstruksjonshendingar

Det er viktig for å unngå ei storulykke at konstruksjonar er sikre i heile levetida. For å oppnå dette må industrien handtere integritetsutfordringar som kan oppstå undervegs. Det kan særleg oppstå utfordringar under bygging, og når innretningar nærmar seg slutten av designlevetida. Digitale løysingar gjev nye moglegheiter for å overvake tilstanden


på konstruksjonar. For å bidra til betre tryggleik på dette området, har vi også i 2021 hatt ei rekkje tilsyn med selskapa si handtering av integriteten i konstruksjonar. Vi har dessutan fått gjennomført, og sjølv gjennomført, studiar innanfor dette temaet.

DNV har på oppdrag frå Ptil gjennomført ein studie som belyser sensorbaserte løysingar for tilstandsovervaking og skadeidentifikasjon av materiale. Bakgrunnen for studien er at det har vore fleire alvorlege hendingar som følgje av korrosjon og utmatting i isolerte prosessrøyr.

Rambøll har utført ein studie om digitale løysingar for tilstandsovervaking og skadeidentifikasjon av understellkonstruksjonar på innretningar til havs. I rapporten ser dei på moglegheitsrommet for bruk av digitale løysingar for betre å kunne innhente tidleg informasjon om endringar i tilstanden til konstruksjonar, metodar for å identifisere kvar eventuell skade er lokalisert. Tema som inngår i studien er monitorering, digital tvilling, «structural health monitoring» (SHM), kunstig intelligens (AI), maskinlæring og å identifisere i kva grad tilgjengeleg data blir brukt i dag.

Fagfolka våre har dessutan skrive ein artikkel til ein konferanse (OMAE) om operasjonelle erfaringar med halvt nedsenkbare innretningar på norsk sokkel. Artikkelen er basert på dei dataa og operasjonelle erfaringane (skadar og hendingar) som er samla inn hos Ptil og tilarbeiding av desse.

Vi bidreg til auka kunnskap i fagmiljøa om dette temaet ved jamleg kontakt med bransjen, klasse-selskap og andre myndigheiter, og erfaringsdeling i ulike forum. I tilsyn set vi søkjelys på konkrete utfordringar hos det enkelte selskapet og bidreg dermed til auka medvit både hos selskapet og i bransjen elles.



Figur 24. Talet på hendingar – skade på berande konstruksjonar offshore (2005–2021)

I 2021 var det tre alvorlege konstruksjonshendingar, to hendingar knytte til forankring, og éi hending knytt til sprekkdanning. Dette er ein stor nedgang frå 2020, og også eit betre resultat enn på mange år.

TEMA - Tap av posisjon

Talet på konstruksjonshendingar var i 2020 det høgaste på mange år. Mange av hendingane hadde årsaker knytte til feil eller feiloperering av utstyret for å halde innretningar på posisjon utan bruk av anker – dynamisk posisjonering (DP).

Oppfølging av hendingar har vist at flyttbare innretningar i enkelte tilfelle har venta for lenge med å gå til tryggleikstilstand. I 2020 granska vi to slike hendingar: 3. mars 2020 kom den flyttbare boreinnretninga West Mira ut av posisjon under ein boreoperasjon. Som følgje av dette vart nedre stigerøyrspakke (LMRP) automatisk fråkopla og innretninga dreiv bort frå brønnen. Ei liknande hending skjedde på West Hercules i 2019, denne vart også granska av oss. 29. februar 2020 vart gangbrua mellom bustadinnretninga Floatel Endurance og den faste innretninga Martin Linge automatisk fråkopla på grunn av bøljelaster. Ingen av desse hendingane førte til personskadar eller store utslepp, men dei kunne ha gjort det under endra omstende.

Verkemiddel

TILSYN

I etterkant av granskninga på West Mira fekk Seadrill pålegg om å identifisere og setje i verk tiltak som sikrar at liknande hending ikkje gjentek seg på West Mira eller andre av Seadrill sine innretningar. Vi har hatt møte med både Seadrill og Floatel International om tiltaka deira etter granskningane. Vi har også ført tilsyn med dei same selskapa for å følgje opp arbeidet dei har gjort.

For å bidra til forbetring i enkeltsselskap med flyttbare innretningar, gjennomførte vi i 2020 og 2021 ei rekkje revisjonar med tema stabilitet og marine system. Sjøfartsdirektoratet deltok på fleire av desse revisjonane. Vi har planlagt tilsvarande revisjonar i 2022, men då med større vekt på læring frå tidlegare revisjonar. I tillegg har vi i nokre tilfelle adressert operatørselskapa som leiger inn dei flyttbare innretningane. De har eit særleg ansvar for operasjonen, og er premissgjevar blant anna for kriterium for når innretningane skal koplast frå i eksempelvis ein storm.

INFORMASJON OG RETTLEIING

I januar 2021 inviterte vi til webinar om vær-kriterium for boreoperasjon på flyttbare innretningar. I seminaret presiserte Petroleumstilsynet, Sjøfartsdirektoratet og classeselskapet DNV GL krava som gjeld under ulike værforhold. I tillegg delte fleire selskap erfaringane sine. Ca. 500 personar følgde webinarret. Frå invitasjonen:

«Granskningsfunn viser at det er utfordringer med å definere og anvende grenser mellom normal operasjon og vær-betingede situasjoner som krever stans i operasjonen og fokus på maritim sikring av innretning og mannskap (kalt sikkerhets-tilstand eller overlevelsedyppgang). Vi ønsker med webinarret å arbeide for en tryggere drift av flyttbare boreinnretninger i de situasjonene hvor været setter begrensninger for operasjonen.»

Vi arrangerte også eit møte med avgrensa tal på deltakarar som oppfølging av ei hending der bølgeslag på undersida av dekkboksen gav skadar og slo laus ein livbåt.

Tap av posisjon var også tema på Konstruksjonsdagen 1. september 2021. I tillegg har vi presentert RNNP-resultata knytte til konstruksjonstryggleik, og spesielt tap av posisjon, både i Sikkerhetsforum og i eit separat møte med Norges Rederiforbund.

På oppdrag frå Petroleumstilsynet gjennomførte SINTEF ein studie av bøljelaster som kan gje tap av posisjon for DP-opererte innretningar. Studien, som vart publisert i oktober 2021, viste at effekten av bølgedriftskrefter bør takast omsyn til i etablering av operasjonskriterium.


EFFEKT

Dei ansvarlege selskapa har gjennomført omfattande tiltak som følgje av granskings- og tilsynsrapportane våre. Alle rapportar blir publiserte på nettstaden vår, og særleg granskingsrapportar får mykje merksemd, både hos andre selskap og i bransjeforum. Det er derfor grunn til å tru at rapportane har ført til at nødvendige tiltak også er vortne sette i verk i andre delar av næringa.

I tilsyna var ein del av føremålet å diskutere faglege problemstillingar, på ein slik måte at det tilførte selskapa ny kunnskap. Tilsyna hadde også eit element av rettleiing. Vi søkte å bidra til at selskapa som har flyttbare innretningar, i større grad tek sjølvstendig ansvar på eit område der classeselskapet eller konsulentselskap tradisjonelt har ei viktig rolle.

På bransjenivå har vi gjennomført ein studie som har gjeve ny kunnskap om operasjonskriterium. Vi har gjennom webinar, møte og anna formidling bidrege til at fleire er vortne kjende med utfordringane, krava som gjeld for sikker operasjon, og den nyaste kunnskapen på området. Ved at både myndighetene og selskapa deler sine erfaringar, reknar vi med at vi at tilhøyrarane både har fått auka motivasjon og tilgang til nye løysingar som kan bidra til endring.

Data frå RNNP viser at det i 2021 var ein nedgang frå 2020 i hendingar knytte til posisjonering og posisjoneringssystem. Begge var på fartøy, og ingen av desse var knytte til vær-kriterium. Talet er for lågt til at vi kan seie noko sikkert om årsak, men vi går ut frå at den auka merksemda som vi og næringa har hatt på dette temaet, har bidrege til forbetring.



Figur 25. Årleg tal på innrapporterte hendingar knytte til posisjonering og posisjoneringssystem

TEMA: IKT-tryggleik i industrielle system

Nye teknologiske løysingar, deling av data og samankopling av system gjev oljebransjen positive gevinstar – men bidreg også til auka sårbarheit. Informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT), med datamaskiner, programvare, system og nettverk, er nødvendig for tryggleik og effektiv drift på oljeplattformer og landanlegg. Dei industrielle IKT-systema syter for styring av prosessar, overvaker moglege gassutslepp eller branntilløp og utfører sikker nedstenging av innretningar og anlegg. Tryggleikskritisk utstyr og løysingar må ha godt, robust vern, også mot IKT-tryggleikshendingar.

Ptil har følgd opp arbeidet i næringa med IKT-tryggleik i mange år. Merksemda har vore retta mot dei industrielle IKT-systema og arbeidet selskapa gjer med å beskytte desse. I Lysne-utvalet (*NOU 2015: 13- Digital sårbarhet – Sikkert samfunn*) og i Traavik-utvalet (*NOU 2016: 19: Samhandling for sikkerhet*) vart det peika på behov for å styrkje oppfølginga og innsatsen av IKT-tryggleik når det gjeld styrings- og kontrollsystem i olje- og gasssektoren. Ptil har derfor i perioden 2018–2021 fått tilført ekstra midlar frå Arbeids- og sosialdepartementet for oppfølging av IKT-tryggleik. Hendingar i næringa stadfester kor viktig ei slik satsing er.

Verkemiddel

INFORMASJON OG RETTLEIING:

Ein vesentleg del av satsinga handla om å hente inn kunnskap, for å få eit heilskapleg bilete av IKT-utfordringane og risikoforholda i bransjen. Vi har fått gjennomført ei rekkje utgreiings- og forskingsaktivitetar retta mot ulike aspekt av robustheit i industrielle IKT-system.

Vi har fått bidrag frå, og delt kunnskap med, andre myndigheiter, akademia og fag- og forskingsmiljø nasjonalt og internasjonalt. Det er utarbeidd 13 rapportar og studiar i samarbeid med IRIS, DNV, Sintef, Sopra Steria og Proactima. Utviklingsprosjekta har i hovudsak vore retta mot ulike aspekt av robustheit

i industrielle IKT-system. Det er vurdert tekniske tiltak, operative løysingar, trening og øvingar i handtering av hendingar, og det er gjort ei evaluering av regelverk og tilsynsmetode.

Mange av rapportane skildrar kva IKT-tryggleik i industrielle system inneber. Desse rapportane er nyttige for å få ei overordna forståing for problemstillingar og forskjellar mellom IT-tryggleik generelt og utfordringane med industrielle system. Fleire av rapportane ser på kvar i systema IKT-tryggleik kan vere eit sentralt element. Systemansvarlege vil kunne nytte desse rapportane som sjekkpunkt for å sikre eige ansvarsområde. Enkelte rapportar går meir inn på korleis ein kan auke IKT-tryggleik i industrielle system. Dette er rapportar som går inn i spesifikke fagområde som kommunikasjonssystem, bruk av modellbaserte system og utfordringane knytte til kravet om uavhengige tryggleikssystem.

Sjølv om pandemirestriksjonar har påverka utsiktene til fysisk deltaking på samhandlingsarenaer, har vi også i 2021 bidrege i fag-, bransje- og myndigheitsforum med erfaringsdeling frå tilsyn og kunnskapsaktivitetar.

TILSYN

I 2021 har vi gjennomført seks tilsyn med IKT-tryggleik som tema med operatørar på utvalde innretningar og anlegg, og med operatørar som har høg profilering av digitaliseringsaktivitetar. Vi har over ein fireårsperiode ført tilsyn med dei fleste operatørar og reiarar og planlegg tilsyn med dei resterande i 2022. I desse tilsyna har vi undersøkt om prinsipp og prosedyrar blir følgde opp i praksis, og om systema har dei løysingane for vern som er omtalt i styrande dokumentasjon.

Tilsynsaktivitetane avdekte at selskapa i hovudsak har styrande dokumentasjon og prosedyrar for å handtere IKT-tryggleik i industrielle system. Utfordringane er at desse berre i nokon grad blir følgde

i det daglege arbeidet. Det blir også vist til manglar når det gjeld kompetanse, trening og øvingar og samhandling med leverandørar innanfor IKT-tryggleik.

REGELVERK

I denne satsinga har vi arbeidd med å gjere regelverket tydeleg i form av rapportar om regulering og tilsyn. Regelverket er gjennomgått for å avklare bruk av meir generelle paragrafar, som er formidla til næringa for å bidra til auka forståing av vår regulering innanfor IKT. I dialog med næringa merkar vi at denne forståinga av regelverket blir forstått og akseptert.

BEREDSKAP OG HENDINGSHANDTERING

Koordinering og kommunikasjon er sentrale element i beredskap og hendingshandtering, også innanfor IKT-tryggleik. I tilsynsaktivitetane har vi etterspurt trening så vel som øving med førstelinjepersonell, støttefunksjonar og leverandørar. Ein del av aktørane er avhengige av dei sentrale kompetansemiljøa i selskapa ved hovudkontor i utlandet.

Lysne-utvalet tilrådte i NOU 2015:13 «at virksomhetene i sektoren enten inngår et samarbeid med KraftCERT eller finner andre løsninger for operativt samarbeid». Ein del av operatørane har valt å gå inn i samarbeid med KraftCERT for å styrkje sjansane for betre hendingshandtering. Nasjonal Sikkerheitsmyndigheit har i Rammeverk for handtering av IKT-tryggleikshendingar framheva kor viktig sektorresponsmiljø (SRM) er. Ptil har hatt tett dialog med KraftCERT for å leggje til rette for eit sektorresponsmiljø for petroleumssektoren.

EFFEKT

Ettersom vi har følgt opp IKT-tryggleik i fleire spor og ved hjelp av fleire verkemiddel, opplever vi at den samla oppfølginga vår har hatt effekt i form av auka medvit og kunnskapsdeling om IKT-tryggleik i industrielle system. Næringa gjev tilbakemelding om at rapportane er eit nyttig supplement til eigen

kompetanse, særleg for mindre fagmiljø. På eit overordna nivå ser vi at satsinga innanfor IKT-tryggleik har bidrege til meir robuste organisasjonar og system til å handtere denne typen risiko.

Sikring mot medvitne angrep

Tryggleiks- og etterretningsmyndigheitene har påpeikt at Noreg står overfor eit komplekst risikobillede der framande statar ved hjelp av eit breitt utval verkemiddel forsøker å utnytte sårbarheiter i funksjonar, verksemdar og system. Verksemdar innanfor energi, olje og gass er vurdert som særleg utsette. Verksemdene har ansvar for å sikre eigen aktivitet, inkludert personell, informasjon og infrastruktur, mot trugslar og medvitne anslag. Det krev at dei har gode system og robust beredskap for å kunne tilpasse sikringstiltaka, og at tiltaka er relevante for det aktuelle trugselbiletet.

Vi har også i 2021 gjennomført tilsyn innanfor dette temaet. Tilsynsaktivitetane har omfatta fysisk sikring, personelltryggleik og informasjonstryggleik. Blant anna har vi gjennomført ein tilsynsserie med sikring i heile logistikk-kjeda, som blir avslutta i 2022.

Vi gjennomførte i 2020 og 2021 ein møteserie med operatørselskapa for å undersøkje tilnærminga deira til, og handteringa av sikringsrisiko. Konklusjonen frå møteserien stør funn i anna tilsynsverksemd om at det sidan tilsvarande møteserie i 2014 har vore ei positiv utvikling innanfor sikringsfaget. Leiingsforankring, utvikling av metodar og verktøy, saman med auka forståing, kunnskap og kompetanse, har gjeve resultat. Modningsnivået innanfor sikring har auka.

Dei samla tilsynsaktivitetane våre viser likevel at det framleis er utfordringar når det gjeld identifisering, styring og handtering av sikringsrisiko. Dette vil bli adressert i framtidig tilsyn. Erfaringar vil dessutan bli delte i ein eigen fagdag om sikring i 2022.

Andre utvalde tema knytte til mål 3.1

Styringspraksis

Erfaringar frå storulykker viser at sjølv ressurssterke, kompetente og erfarne selskap kan ha ein overdriven tillit til eiga risikoforståing og eigen styringspraksis. Det vil seie at evna selskapa har til å utfordre eigen praksis kan vere ei sentral utfordring. Det er viktig at dette blir reflektert i måten selskapa utfordrar seg sjølv og i måten myndigheitene utfordrar selskapa. Vi har derfor utvikla ein metode for styringsretta tilsyn for å ansvarleggjere aktørane på område som er kritiske for å unngå ei storulykke. Vi har retta merksemda mot aktørane sin eigen styringspraksis, og utfordrar dei blant anna på kor føremålstenleg det dei gjer er for å halde ved lag og vidareutvikle barrierane dei har på plass for å unngå storulykke.

Aktørane uttrykkjer at tema som vi har teke opp i tilsynsaktivitetane, legg til rette for viktige diskusjonar, og at det er behov for å halde fram slike diskusjonar internt i selskapa, mellom selskap og på tvers av myndigheiter og selskap. Ein aktør har med bakgrunn i vårt tilsyn sjølv funne det nødvendig å gjere permanente endringar på selskapsnivå for å vere betre i stand til å utfordre styringspraksis i eiga verksemd.

Barrierestyling

Vi definerer barrierestyling som «dei koordinerte aktivitetane som blir gjort for å etablere og oppretthalde barrierar slik at dei til kvar tid held ved lag funksjonen sin». Barrierar er i denne samanhengen tiltak som tidleg skal oppdage feil, fare- og ulykkesituasjonar, redusere utsiktene for at desse utviklar seg og avgrense skadar og ulemper.

Ei felles rettleiing om "Prinsipper for barrierestyling i petroleumsvirksomheten" vart gjeven ut i 2017. Både før og etter dette har vi arbeidd breitt med dette temaet. I risikonivårapporten (RNNP) samlar

vi årleg data frå testar på utvalde, tryggleikskritiske barrierar. Denne typen indikatorar fortel blant anna noko om evna barrierane har til å fungere når det er behov for dei. Presentasjonar om temaet vart gjevne på «barrieredagane» i 2017 og i 2020, og elles årleg i ei rekkje føredrag og seminar.

Vi har i 2021 som tidlegare år gjennomført mange tilsyn med barrierestyling som tema. Eit døme er tilsyn med selskapa si styring og oppfølging av barrierar knytte til hydrokarbonlekkasjar. Det vil seie oppfølging av system og arbeidsprosessar som skal hindre lekkasjar, oppdage lekkasjar og hindre at ein lekkasje utviklar seg til ei storulykke. Tilsvarande ser vi på system og arbeidsprosessar som skal hindre andre typar hendingar. Ein stor del av desse tilsyna er tverrfaglege. Vi følgjer særleg opp at barrierestylinga i selskapa tek utgangspunkt i risikobiletet for den enkelte innretninga. Dei seinare åra har vi i aukande grad sett på organisatoriske og operasjonelle barrierar i tillegg til tekniske.

Barrierestyling er eit godt døme på at kontinuerleg merksemd over tid gjennom rettleiing, erfaringsoverføring og tilsyn har effekt. Næringa viser blant anna at dei har fått betre forståing for eigne barrierar, kva krav dei sjølv skal setje til barrierane, og for korleis god barrierestyling kan sjå ut.

Vedlikehaldsstyring

Vedlikehaldsstyring skal sikre at innretningar og anlegg blir haldne ved like på ein slik måte at dei er i stand til utføre funksjonane sine i alle fasar av levetida. Det at utstyr blir halde ved like, er ein viktig føresetnad for å kunne halde ved lag ei sikker drift. Vi gjennomfører årleg ei rekkje tilsyn som har dette som tema. Typiske observasjonar er manglar ved merking av utstyr, klassifisering, vedlikehaldsprogram, vedlikehaldshistorikk og vedlikehaldsanalysar.

Vi valde i 2021 å sjå spesielt på vedlikehaldseffektivitet. DNV gjennomfører på oppdrag frå oss ein kvalitativ studie om «Effekten av vedlikeholdet for den tekniske tilstanden av sikkerheitskritiske funksjoner og utstyr». Studien samanstiller informasjon om korleis aktørane systematisk evaluerer vedlikehaldet på grunnlag av registrerte data for yting og teknisk tilstand for innretningar eller delar av desse. Studien viser også korleis evaluering blir brukt til kontinuerleg forbetring av vedlikehaldsprogram. Studien er utvida i 2022 med å undersøkje om det er utilsikta effektar av pandemien for vedlikehaldsstyringa i selskapa.

Tilsyna våre viser at pandemien har hatt betydning for vedlikehald på innretningar og landanlegg ved at delar av vedlikehaldet er omprioritert eller utsett. Det same gjeld flytting og utsetjing av revisjonsstansar. Det er likevel vårt inntrykk at vedlikehaldet av tryggleikskritisk utstyr framleis er prioritert høgt.

RNNP for landanlegga viser at det har vore gjennomført meir vedlikehald i 2021 enn 2020, men at det framleis er eit aukande timetal korrigerande vedlikehald som er identifisert, men ikkje utført (ref RNNP 2021).

Vi deler erfaringane våre frå tilsyn om vedlikehaldsstyring med næringa i ulike konferansar og i bransjeforum. Vi har også samarbeidd med andre land i regi av NSOAF (North Sea Offshore Authorities Forum) om felles tilsyn, der tema i 2021 var vedlikehald og sikker drift av flyttbare innretningar.

Beredskap

I tilsynet med beredskap har vi i 2021 prioritert å sjå på kor robust beredskapsorganisasjonen er. I vår eigen kontakt med næringa, og ut frå informasjon frå andre myndigheiter, har vi observert ein aukande grad av effektivisering som gjeld både bemanning

og tilgjengelege ressursar innanfor beredskap. Det blir færre personar på innretningane, og kvar person har fleire beredskapsroller, som gjev behov for auka trening. Dette kan resultere i ein mindre robust beredskap på innretningane, og kan gje auka belastning på dei som har fleire beredskapsfunksjonar. Dette vil vi følgje opp i nye tilsyn i 2022.

Eit anna prioritert område innanfor beredskap er mann-over-bord (MOB)-beredskap. Vi erfarer at det blir gjort endringar i plassering av MOB båt og tilhøyrande organisasjon. Ei kartlegging av områdeberedskapen viser at det er ulikskapar i korleis operatørselskapa fortolkar regelverkskrava for MOB-beredskapen. Vi har særleg følgd opp dette i 2021, og i 2022 er det planlagt ytterlegare tilsyn mot selskap som deltek i samarbeid om beredskap.

Helikopterdekk på offshoreinnretningar

Ptil har ansvar for tilsynet med tekniske forhold ved helikopterdekk på offshoreinnretningar. Luftfartstilsynet som fagetat hjelper oss i alle tilsyn med helikopterdekk. Vi har over ein periode på 2–3 år auka talet på tilsyn med helikopterdekk mykje, for å få eit oppdatert bilete av tilstanden på helikopterdekka.

Vi fører tilsyn med korleis helikopterdekkeigarane sjølv tek hand om ansvaret sitt for den tekniske tilstanden på helikopterdekka. Dessutan verifiserer vi tilstanden på helikopterdekk ved synfaring på innretningane. I hovudsak har resultatata frå desse tilsyna vore gode. Utfordringane gjeld først og fremst at selskapa ikkje i tilstrekkeleg grad identifiserer og utbetrar avvik, og at kommunikasjonen mellom helikopterdekkeigar og helikopteroperatør om avvika ikkje er god nok.

TEMA - Utbyggingsprosjekt

Dei fleste utbyggingar på norsk sokkel blir gjennomførte innanfor det uvissespennet for tid og kostnader som går fram av PUD, men enkelte utbyggingar har hatt store overskridingar, både når det gjeld kostnader og gjennomføringstid. Erfaringar og studiar viser at god styring av utbyggingsprosjekt i alle fasar bidreg til betre avgjerdsunderlag, betre tekniske leveransar, og dermed tryggleik og arbeidsmiljø i drift. Tilsvarande kan manglar i prosjektstyring føre til utilsikta negative HMS-effektar.

Stortingsmeldinga og rapporten frå Riksrevisjonen peika også på desse utfordringane, og området vart særleg trekt fram av AID i tillegget til tildelingsbrev frå 2018. I perioden 2019–2021 har vi derfor styrkt vår eigen kapasitet og kompetanse, styrkt oppfølginga vår av næringa, og utvikla eit betre risikobasert system for oppfølging av prosjekt - både i planleggings- og gjennomføringsfasen.

Endringar av rammevilkår som følgje av tiltakspakka som vart vedteken av Stortinget i 2020 gjer at prosjekt som det blir levert utbyggingsplanar for innan utgangen av 2022, vil få gunstigare skattemessige vilkår. Det har ført til at det no er ei rekkje prosjekt som er under evaluering med mål om å levere plan for utbygging og drift (PUD) innan denne fristen. I tillegg til utbyggingsprosjekt, følgjer vi også opp prosjektstyringa i store modifikasjonsprosjekt og fjerningsprosjekt.

Verkemiddel

INFORMASJON OG RETTLEIING

I 2018 og 2019 gjennomførte IKM Acona på oppdrag frå oss ei utgreiing om utbyggingsprosjekta på felta Goliat, Aasta Hansteen og Ivar Aasen. Utgreiinga inneheld mange gode lærepunkt både for oljeselskapa, leverandørane og myndighetene, og har vore presentert i seminar og i bransjeforum.

I 2021 gjennomførte IKM Acona ein ny studie for Ptil, om indikatorar som kan brukast til å identifisere HMS-utfordringar for sikker oppstart og drift i utbyggingsprosjekt i petroleumsverksemda. Indikatorane kan brukast av både myndighetene og aktørane sjølv for å kunne peike ut område innan eit prosjekt som krev ekstra oppfølging, eller som står fram som krevjande. Vi har også samarbeidd med Oljedirektoratet om erfaringsoverføring, informasjonsdeling og planlegging av felles aktiviteter. I første halvdel av 2022 har vi gjennomført eit seminar for næringa om prosjektstyring og PUD i samarbeid med Oljedirektoratet.

TILSYN

Målsetnaden med tilsynet vårt er å følgje opp prosjektstyringa i selskapa, og dermed å bidra til at den ferdige innretninga er i samsvar med krava i regelverket når ho kjem i drift. Vi fører tilsyn i alle fasar av prosjektet, fram mot ferdigstilling. Informasjonen vi får i tilsyn før PUD er levert, blir også brukt i vurderinga vår av denne planen. Vi har utarbeidd oversikter over prosjekt som er i planlegging og gjennom-

føring, og prioriterer oppfølginga vår ut frå ulike kriterium, blant anna indikatorane som er presenterte i prosjektrapporten frå IKM Acona.

Kvart år gjennomfører vi ei rekkje tilsyn med prosjektstyring innan ulike fagdisiplinar. I 2020 gjennomførte vi meir enn 20 slike tilsyn, i form av revisjonar og møteseriar. I desse aktivitetane følgde vi opp tilrådingar og funn frå utgreiingar av feltutbyggingsprosjekt på norsk sokkel frå 2019. Dette har vi vidareført i 2021 der vi blant anna har ført tilsyn med prosjekta Johan Castberg og Balder Future. I tillegg ferdigstilte vi i 2021 granskinga av situasjonen med ferdigstilling av skrog og utstyr på Johan Castberg, som vart starta hausten 2020.

To av revisjonane i 2021 gjaldt prosjekt før PUD. I 2022 har vi planlagt fleire slike revisjonar, for å vere førebudde til utbyggingsplanane som vi forventar vil bli leverte på slutten av året. I tillegg deltek vi saman med Oljedirektoratet som observatør i sentrale utvinningsløyve, der vi får løpande informasjon om pågåande prosjekt og oppfølginga frå rettshavarane.

Rettshavarar spelar også ei viktig rolle i å leggje til rette for prosjektstyringa hos operatøren, og å sjå til at operatøren tek hand om ansvaret sitt. Ptil følgjer dette opp gjennom ulike verkemiddel i tilsynet vårt, både revisjonar, møte og lisensoppfølging.

RÅDGJEVING

I 2021 vart det sett i gang ei ny uavhengig evaluering på initiativ frå AID med bistand frå Ptil til gjennomføring og oppfølging. Studien inngår som eit førearbeid til neste stortingsmelding og undersøker korleis rettshavarane tek vare på sine plikter og ansvar knytt til reduksjon av storulykkesrisiko og arbeidsmiljø i komitestrukturar og i utvinningsløyvet samla. Oppfølging av prosjekt er ein sentral del av arbeidet i mange av utvinningsløyva. Rapporten frå prosjektet var ferdig ferdig første kvartal 2022. Prosjektet hadde ei eiga referansegruppe med representantar frå Ptil og AID.

Effekt

Ptil har gjennom tilsyn med enkeltprosjekt bidrege til at aktørane får høgare medvit om eiga styring og oppfølging av prosjekt. I tillegg har revisjonane våre identifisert konkrete forhold som bør rettast opp, og som selskapa ikkje har vore merksame på sjølv. Det at vi har granska ein konkret situasjon i eitt prosjekt, har bidrege til både merksemd og læring langt utover selskapet som vart granska. Ptil har over tid satsa på å hente inn kunnskap og dele erfaringar om god prosjektstyring. Dette har bidrege til betre prosjektstyring i dei enkelte selskapa.



Mål 3.2: Verksemda skal arbeide betre med førebyggjande arbeidsmiljø, – helse og sikkerheit og syte for forsvarlege arbeidsforhold

Risiko knytt til arbeidsmiljø i petroleumsverksemda har i hovudsak hatt ei positiv utvikling over tid, men næringa har framleis arbeidsmiljøutfordringar. Det har vore eit aukande tal varsel og bekymringsmeldingar dei siste åra, blant anna knytt til omstilling og effektivisering. Funn i tilsyn viser utfordringar på fleire område. I tillegg kan smitteverntiltaka som er sette i verk i samband med koronapandemien få konsekvensar for arbeidsmiljøet i næringa. For å sikre eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø, står selskapa sitt førebyggjande arbeid og tilpassa oppfølging av risiko sentralt.

Det overorda biletet er at selskapa har eit høgt nivå for styring av arbeidsmiljørisiko og jobbar systematisk med å førebyggje arbeidsrelaterte plager, sjukdomar og skadar. Samtidig peikar resultatata frå tilsynsaktivitetar på at det blir avdekt manglar, og det samla biletet indikerer store ulikskapar mellom selskap og segment i industrien, og på innretningar og anlegg.

For å bidra til måloppnåing om førebyggjande arbeidsmiljø og forsvarlege arbeidsforhold, har vi i tilsynsstrategien vår for 2021 prioritert følgjande område for oppfølging:

- **Systematisk førebyggjande arbeid for å redusere arbeidsmiljørisiko**
- **Førebygging av akutte personskadar relatert til kran- og løfteoperasjonar, fallande gjenstandar og handtering av utstyr**
- **Seriøse og anstendige arbeidsvilkår**

I det følgjande presenterer vi utvalde tema som Ptil har retta innsatsen sin mot under resultatmål 3.2 i 2021.

Systematisk førebyggjande arbeid for å redusere arbeidsmiljørisiko

Eit viktig fagleg bidrag til måloppnåing på dette området er å samle inn og tilarbeide informasjon for å overvake tilstand og utvikling av risiko innanfor arbeidsmiljø i petroleumsverksemda. Denne kunnskapen gjev grunnlag for å utvikle risikobilete, og å prioritere og leggje til rette risikotema for bruk i oppfølgingsarbeid. I 2021 har følgjande tema vore adressert:

Kreftframkallande kjemikaliar, kvikksølv og bly

I ein lengre periode har Ptil følgd opp styring av benzen-eksponering. Industrien har i stor grad etablert system og regime der dei har operert med interne grenseverdiar som har vore langt lågare enn krava frå myndigheitene. STAMI er blant anna engasjert i eit forskingsarbeid som har som mål å identifisere ein ny biologisk markør for benzen eksponering, som vil ha mykje å seie. I den vidare oppfølginga vil vi halde fram med merksemda på benzen, men også inkludere andre kreftframkallande kjemikaliar som asbest, kvarts, sveiserøyk, formaldehyd LRA, og kvikksølv og tungmetall. Det er også etablert ein tettare kontakt med Arbeidstilsynet i form av faste møte der felles problemstillingar knytte til kreftframkallande kjemikaliar blir diskuterte.

Dieseleksos

Eksponering for dieseleksos har i lengre tid vorte klassifisert som kreftframkallande. Erfaringar frå tilsyn, og bekymringsmeldingar, tyder på at enkelte innretningar har utfordringar med eksoseksponering. Samarbeid for sikkerhet (SfS) har utarbeidd ein tilrådd beste praksis på handtering av diesel-eksos. Denne er no sendt på høyring i Sikkerhetsforum. Eit viktig bidrag framover vil vere å involvere relevante fagmiljø hos STAMI for å sjå på utvikling av moglege verktøy for å styre denne risikoen.

Boreslamshandtering

Arbeidsmiljøeksponering og teknologival knytt til boreslamshandtering vart følgt opp i tilsynsaktivitetar på flyttbare innretningar, både i SUT-tilsyn og driftstilsyn i 2020. Observasjonar frå tilsynsaktivitetane tyder på at innretningar ikkje alltid er utforma på ein måte som sikrar at grenseverdier blir følgde, men at ein i stor grad baserer seg på bruk av personleg verneutstyr.

I 2021 initierte vi ein studie om kjemisk eksponering og potensiell helseisiko for personell involvert i handtering av oljebasert boreslam. Studien vart utført i samarbeid med Universitetet i Bergen og bedriftshelsetenesta International SOS. Studien hadde eit todelt føremål; kartlegging av eksponeringsforhold for oljedamp og oljetåke og ei vurdering av korleis den nye rettleiinga for vurdering var av måleresultat frå Arbeidstilsynet vil påverke vurdering av måleresultat. Det er også gjennomført to ekspertwebinar på temaet våren 2021. Boreslamshandtering vil bli følgt opp igjennom tilsyn og eit ope webinar i 2022.

Mekaniske faktorar/ergonomi

Ptil har i fleire år hatt ein strategi for å følgje opp korleis selskapa i petroleumsnæringa styrer risiko for muskel- og skjelettplager. Vi har lagt vekt på at selskapa må ha ei systematisk styring av slik risiko, og at forskings- og kunnskapsbasert metodikk i større grad må takast i bruk i risikovurderingar og ved val av risikoreducerande tiltak. I 2021 har vi halde fram med å følgje dette opp i tilsyn, og vi har i større grad etterspurt inkludering av psykososiale og organisatoriske faktorar i desse risikovurderingane.

I 2021 har vi hatt særleg merksemd på kunnskapsformidling, ved å gje informasjon om førebygging av muskel- og skjelettplager og inkluderande arbeidsliv på blant anna Ptil.no og i eigen podcast. Vi har også bidrege inn i næringa sitt initiativ med å etablere ein nettbasert rettleiar om førebygging av muskel- og skjelettplager på nettstaden «always safe.» Vi har også styrkt samarbeidet med Arbeidstilsynet i utvikling av arbeidsmiljøhjelpa, og teke aktivt del i planlegging av eit Arbeidsmiljøseminar som skal arrangerast våren 2022.

Organisatoriske og psykososiale forhold

I oppfølginga av styringa i selskapa har vi lagt vekt på at psykososiale og organisatoriske forhold systematisk blir risikovurderte og følgde opp av selskapa sjølv. Vi har vore spesielt opptekne av at arbeidet blir lagt til rette slik at ein unngår helseskadeleg eksponering og at sannsynet for feilhandlingar som kan føre til ulykkessituasjonar blir redusert.

I 2021 har vi styrkt merksemda vår på arbeidstidsbelastning og kva denne faktoren utgjør for arbeidsmiljøet. Det har vore ført tilsyn med arbeidstid og korleis kunnskap om lange arbeidsdagar og høg arbeidsbelastning blir teken med i vurderingar av arbeidsmiljøet. Dette arbeidet vil halde fram i 2022.

Det vart i 2021 gjennomført ein tilsynsserie om alarmhandtering på kontrollrom for alle innretningane på sokkelen og på landanlegga. Tilsynet omfatta totalt 54 kontrollrom. I denne samanhengen følgde vi opp selskapa sine eigne vurderingar av total arbeidsbelastning, og kognitive og perseptuelle avgrensingar for kontrollromsoperatørane. Funn i tilsynsserien viser manglar ved selskapa sine tiltaksstrategiar for å styre denne typen risiko, og at tiltaka ikkje er tilstrekkeleg forankra i risikomodellar og etablert kunnskap om kva faktorar som er utslagsgjevande for helse og tryggleik.

TEMA - Rammevilkår i kontraktar

I petroleumsverksemda er det leverandørane som utfører ein stor del av arbeidet. Samtidig er det blant leverandørane vi finn arbeidstakarar som er mest risikoutsette. Viktige føringar med innverknad på HMS blir fastsette i kontraktar mellom operatørselskap og leverandørar, blant anna gjennom å definere bemanningsnivå, korleis arbeidet skal organiserast og kva som blir målt og gjev bonus.

Dei siste åra har petroleumsnæringa gått gjennom ei rekkje strukturelle endringar og effektivitetsprosessar. Rammevilkår i kontraktar er vesentleg endra, både når det gjeld roller og ansvar mellom operatør og leverandør, organisering av arbeidet og arbeidsvilkåra for den enkelte.

Rammevilkår:

Omfattar (og er i denne samanhengen avgrensa til) forhold som påverkar dei praktiske moglegheitene ein organisasjon, ei organisasjonseining, gruppe eller individ har til å halde storulykkes- og arbeidsmiljørisiko under kontroll

Verkemiddel

Samanhengen mellom rammevilkår og tryggleik og arbeidsmiljø er komplisert og samansett, noko som gjer dette temaet særleg utfordrande å føre tilsyn med. Vi har tilnærma oss temaet på mange ulike måtar.

TILSYN

Ptil har dei siste åra gjennomført ei rekkje tilsyn retta mot endringar i rammevilkår. Tilsynsaktivitetane har blant anna vore gjennomførte i form av møteseriar og revisjonar offshore. Vi har hatt refleksjon og dialog om rolla til operatørselskapa, korleis dei set rammer for og påverkar risikostyringa hos leverandørane, og kva rom leverandørane i praksis har til å ta hand om ansvaret som er gjeve dei i dei enkelte kontraktane. I møte med leverandørselskap har vi fått oppdatert kunnskap om typiske utfordringar knytte til rammevilkår i kontraktar.

Møteseriane har vore følgde opp med revisjonar på enkeltinnretningar, der både operatør og leverandør har vore adressert. Tema i revisjonane er roller og ansvar, avgjerdsunderlag og selskapa si eiga oppfølging.

I tillegg har vi ført tilsyn innanfor ei rekkje andre tema som er relaterte til rammevilkår, som styring av kapasitet og kompetanse, arbeidstid, innleige og endringar i organisering av arbeid. Verneomboda er ei særleg viktig kjelde til informasjon.

Ptil har dei siste åra følgd opp implementeringa av fullintegreerte bore- og brønnservicekontraktar. I 2018 gjennomførte vi ein møteserie med operatør, bore-entreprenørar og serviceleverandørar, og i åra etter vart møteserien følgd opp med revisjonar på faste innretningar. Effektiviseringsprosessane som går føre seg i næringa, tek ulike former, men eit sentralt aspekt er bemanningsreduksjonar offshore. Dette oppnår ein blant anna gjennom nye samarbeids- og kontraktsformer. I dei nye kontraktsformene samarbeider operatør, boreentreprenør og serviceselskap tettare, og bemanninga offshore blir redusert, blant anna ved at ein kryss-trenar offshore personell. Flytting av personell til land, gjennom auka digitalisering, er også eit sentralt element i dei nye kontraktane. Ny digital teknologi gjer det mogleg å gjennomføre fleire funksjonar frå land. Dette kan dreie seg om oppgåver som er viktige for tryggleiken, som retningsboring og logging. Personell, med viktige oppgåver innanfor ein boreoperasjon til dømes, kan i dag vere på ulike lokasjonar og dei kan ha ulike arbeidsgjevarar. Arbeidet med å følgje utviklinga i næringa vil halde fram i 2022.

INFORMASJON OG RETTLEIING

I møte med arbeidsgjevar- og arbeidstakarorganisasjonar, og i ei rekkje seminar og føredrag har vi formidla kunnskap om rammevilkår breitt i bransjen. I 2021 var «På lag med leverandørane» hovudtemaet for Ptil. I den samanhengen var magasinet vårt «Dialog» hausten 2020 vigd leverandørane sin

situasjon med ein eigen artikkel om oppfølginga vår av rammevilkår. På «Leverandørdagen» i desember 2021 oppsummerte vi og representantar frå bransjen viktige tema for vidare oppfølging.

I 2021 lyste vi ut eit FOU-prosjekt om endra rammevilkår og konsekvensar for arbeidsmiljø og tryggleik. Prosjektet legg spesielt vekt på to tema: Endringar i tilknytingsformer, og endringar i kontrakts- og samarbeidsformer. Prosjektet skal levere rapporten sin innan utgangen av 2022.

EFFEKT

Rammevilkår er eit omfattande tema, og det gjeld store delar av verksemdene.

Over tid har vi i utgreingar, møteseriar og tilsyn fått monaleg auka kunnskap om rammevilkår i kontraktar, og kva dei har å seie for tryggleik og arbeidsmiljø. Vi har gjennom arbeidet vårt bidrege til ei større medvitsgjering i næringa om konsekvensane rammevilkåra har for HMS. Merksemda vår har tydeleg vist dei utfordringane som leverandørane har, ansvaret som ligg hos operatørselskapa, og ansvaret leverandørselskapa har for eigne tilsette. Kunnskapen vår om rammevilkår i petroleumsverksemda var også grunnlaget for vårt høyringsvar til Arbeids- og sosialdepartementet om NOU 2021: 9 - Den norske modellen og fremtidens arbeidsliv - Utredning om tilknytingsformer og virksomhetsorganisering.

TEMA - Arbeidstakarmedverknad

Tilrettelegging for arbeidstakarmedverknad er eit sentralt krav i petroleumsregelverket, som er forankra i arbeidsmiljølova. Det er også eit krav som har vore adressert over lang tid og på mange måtar. I 2016 publiserte vi ei utgreiing der vi oppsummerte manglar som var påvist gjennom tilsyn og annan kontakt med aktørar i næringa. Vi hadde blant anna sett at verneomboda ikkje vart involverte i dei rette sakene, at dei ikkje vart involverte tidleg nok, at dei ikkje hadde god nok opplæring, og at dei ikkje fekk nok tid til å drive verneombodsarbeid.

Sidan 2016 har vi halde fram med å setje søkjelyset på dette området på mange ulike måtar.

Rammeforskrifta § 13 om tilrettelegging for arbeidstakarmedverknad:

Den ansvarlige skal sikre at arbeidstakerne og deres tillitsvalgte gis anledning til å medvirke i saker som har betydning for arbeidsmiljøet og sikkerheten i virksomheten etter krav gitt i og i medhold av [arbeidsmiljøloven](#) og denne forskriften. Slik medvirkning skal ivaretas i de ulike fasene av virksomheten.

Verkemiddel INFORMASJON OG RETTLEIING

I 2018 forsterka ein rapport frå IRIS og Fafo på oppdrag frå Ptil inntrykket vi hadde av situasjonen, som oppsummert i 2016. Som ein del av rettleiinga vår utarbeidde vi i 2019 ei sjekklister til bruk i arbeidet med tilrettelegging for arbeidstakarmedverknad. Sjekklista kan brukast både av arbeidsgjevar og arbeidstakarar, og er publisert på nettstaden vår.

Petroleumstilsynet har årlege møte med dei største fagforeiningane i næringa og med forum for koordinerande hovudverneombod. Det gjev oss verdifull innsikt, som supplerer informasjonen vi får frå møte med enkeltsselskap. Kunnskapen blir formidla vidare i tilsyn, i møte på selskapsnivå, og i bransjeforum.

Arbeidstakarmedverknad har også vore eit tema på trepartsarenaen Sikkerhetsforum. I 2019 utarbeidde Sikkerhetsforum ein rapport om ansvar, roller og samarbeidsmodellar for to- og trepartssamarbeidet i petroleumsnæringa. Rapporten inneheld også tilrådingar og tiltak som Sikkerhetsforum har arbeidd med i etterkant.

Tilsyn

Arbeidstakarmedverknad er ein integrert del av vårt tilsyn. Vi legg alltid til rette for eigne møte med verneomboda når vi er på innretningar eller anlegg. I møta våre med selskapa er vernetenesta som regel representert, uansett kva som er tema.

Arbeidstakarmedverknad er også eit eige tema i mange ulike tilsyn, og det blir framleis identifisert avvik frå rammeforskrifta § 13.

Eit døme er tilsynet med Equinor og selskapet si eiga oppfølging i 2020. Vi peika i tilsynet på manglar ved tilrettelegging for arbeidstakarmedverknad i selskapet, og vi gav pålegg til Equinor om å verifisere at regelverkskravet vart etterlevd. Pålegget har vore tema i møte gjennom heile 2021. Equinor vil vere ferdig med alle tiltak etter pålegget i byrjinga av 2022.

Effekt


Når vi peikar på avvik innanfor arbeidstakarmedverknad, blir det sett i verk tiltak i det gjeldande selskapet. Equinor etablerte som følge av pålegget i 2020 ei intern, partssamansett gruppe for å utarbeide ein plan og setje i verk tiltak. Det er semje mellom partane om tiltaka, og arbeidet med implementering er i gang. Arbeidet har bidrege til forventningsavklaringar og semje om spelereglar i Equinor, og er ei tydeleg forbetring.

Tilsynet vårt og rettleiinga vår om arbeidstakarmedverknad både på ptil.no, i møte og elles på ulike arenaer bidreg til at arbeidstakarmedverknad får merksemd. Vi observerer ei forbetring i forståinga av medverknad og kor viktig det er med struktur for samarbeidi fleire selskap dei seinare åra. Det er likevel mange funn frå tilsyn og bekymringsmeldingar som viser at verneomboda har dei same utfordringane som dei vi har peika på før. Vi har sett at selskapa typisk manglar ei systematisk oppfølging av korleis arbeidstakarmedverknad i eige selskap fungerer.

Førebygging av akutte personskadar relaterte til kran- og løfteoperasjonar, fallande gjenstandar og handtering av utstyr

Over tid har det vore registrert fleire dødsulykker og alvorlege personskadar relaterte til løfteoperasjonar. På bakgrunn av dette har Ptil hatt merksemda på kran- og løfteoperasjonar og vidareutvikla RNNP som eit verktøy for å kunne gje oversikter over type hendingar, årsaksforhold og trendar. Figuren under viser statistikk over kran- og løftehendingar i perioden 2013–2021. Tal til høgre (stolpar) og normalisert til venstre (kurver).

For faste innretningar er talet på innrapporterte hendingar i 2021 auka noko samanlikna med 2020. Normalisert viser grafen ei svakt aukande utvikling i perioden 2018–2021. For flyttbare innretningar er talet på hendingar uendra, men normalisert mot talet på arbeidstimar observerer vi ein liten nedgang i 2021 samanlikna med 2020. For åra 2017–2020 er det ein klart aukande trend.



Figur 26. Talet på innrapporterte hendingar for kran- og løfteoperasjonar i perioden 2013–2021 - faste og flyttbare innretningar og normalisert mot arbeidstimar

For landanlegga er talet på registrerte hendingar innanfor kran- og løfteoperasjonar stigande i 2021, også justert for aktivitetsnivå. Dei låge tala i 2020 kan kanskje tilskrivast redusert aktivitet på to av anlegga og utsette revisjonsstansar på grunn av pandemien. Når det gjeld fallande gjenstandar, er totalt tal på innrapporterte hendingar gått noko opp (frå 75 til 83).

Tre av dei seks hendingane vi granska i 2021 var løftehendingar med personskade, alle offshore. Vi registrerer at operasjonelle forhold i aukande grad blir identifiserte som bakanforliggjande årsak til hendingane. Noko av grunnen kan vere at innsparringstiltak har ført til redusert kapasitet og kompetanse innan løftefaget.

Ptil har i samråd med partane i verksemda etablert Samarbeidsrådet for tryggleiksopplæring og opplæring for sakkunnige kontrollørar i petroleumindustrien (Samarbeidsrådet petroleum). Arbeidet i samarbeidsrådet baserer seg på trepartssamarbeid, med aktiv deltaking frå arbeidsgjevarorganisasjonane, arbeidstakarorganisasjonane og myndighetene på området. Samarbeidsrådet har i 2021 godkjent 11 oppdaterte opplæringsplanar, som er publiserte på nettstaden vår. Det blir arbeidd vidare med nye og oppdaterte planar i 2022. Planane erstattar tilsvarande innhald i standarden NORSOK R-003R (Sikker bruk av løfteutstyr). Opplæringsplanane vil også ha ein synergieffekt både for Arbeidstilsynet, og spesielt Sjøfartsdirektoratet, sidan tilsvarande maskiner og utstyr blir brukt under tilsynsområdet deira.

Ein stor del av hendingane skjer i tilknytning til boreaktivitetar. Som ei følgje av dette prioriterte vi i 2021 tilsyn med materialhandtering på boredekk. Elles vart det også i 2021 gjennomført ei rekkje tilsyn med kran- og løfteoperasjonar.

For DFU 21 *Fallande gjenstandar* på faste innretningar viser RNNP at talet på innrapporterte hendingar gjekk noko opp frå 2020 til 2021, men vi finn ein svak nedgang når talet på hendingar blir normalisert mot arbeidstimar. For flyttbare innretningar er absolutt tal på hendingar i 2021 uendra frå 2020, medan dei normaliserte tala viser ein liten nedgang i hendingar. Dette er også eit område som har hatt høg merksemd, og vi har blant anna ført tilsyn med stillas og arbeid i høgda.

I 2021 publiserte vi ein rapport om levetidsforlenging for kraner og løfteutstyr som DNV GL utarbeidde på oppdrag frå Ptil. Rapporten inneheld ei skildring av metodikk og prosess ved levetidsvurdering av kraner og løfteutstyr, der sentrale område i vurderinga blir belyste.

Samla sett har innsatsen til Ptil på dette området bidrege til auka kunnskap, konkrete opplæringsplanar og betre system i selskapa for å styre risiko knytt til kran- og løfteoperasjonar, fallande gjenstandar og handtering av utstyr.

Seriøse og anstendige arbeidsvilkår

Innleige av arbeidskraft frå bemanningsføretak

I tildelingsbrevet for 2021 fekk Ptil i oppgåve å styrkje innsatsen mot useriøsitet og arbeidslivs-kriminalitet. Under dette skal Ptil føre tilsyn med, og følgje opp at, verksemdene rettar seg etter vilkåra i lova for innleige, og at kravet om likebehand-ling blir følgt opp. Omfanget av innleige, og særleg ulovleg innleige, kan ha konsekvensar ikkje berre for den enkelte innleigde, men også påverke generelle løns- og arbeidsvilkår.

I 2021 har vi gjeve informasjon om Ptil sitt nye til-synsansvar på Ptil.no, i likelydande brev, i statusmø-te, møteseriar og i samband med tilsynsaktivitetar. Vi har i perioden 2020–2021 kartlagt bruken av inn-leige i bransjen for 2018–2020. Føremålet var å auke kunnskapen vår om førekkomsten av innleige, og kva for aktørar det blir leigd inn frå. Det vart blant anna sendt ut likelydande brev til 85 aktørar. Vi fekk inn 69 svar, fordelt på 53 entreprenørar og 10 operatørar. Resultata viste at omfanget av innleige i 2020 var stort. 77 prosent av verksemdene hadde i løpet av 2020 leigd inn arbeidstakarar. Omtrent 50 prosent av verksemdene hadde innleigedel høgare enn 5 prosent, og nær 3 av 10 verksemder hadde ein inn-leigedel høgare enn 10 prosent. Ei av ti verksemder hadde ein innleigedel høgare enn 20 prosent. Det var ingen markante skilnader i bruken av innleige mellom operatør- og entreprenørverksemdene.

Utvalsundersøkinga viste at utleigemarknaden be-står av eit stort tal aktørar. Av dei 69 verksemdene som responderte på undersøkinga, oppgav dei 260 ulike aktørar som leiger ut personell. Omkring 60 prosent av selskapa det blir leigd inn frå, vart av inn-leigar opplyst å vere bemanningsføretak. Ein sjekk mot registeret i Arbeidstilsynet viste at 40 prosent av bemanningsføretaka ikkje var registrerte i regi-steret i Arbeidstilsynet. Truleg kjem dette avviket av manglande medvit om skiljet mellom bemannings-føretak og verksemder som ikkje har som føremål å drive utleige (produksjonsbedrifter).

I 2021 gjennomførte vi fire tilsyn med innleige av ar-beidskraft frå bemanningsføretak. Vi fann avvik på regelverket i alle tilsyn, både for manglande system og styring og tilfelle av ulovleg innleige. Det vart varsla pålegg i tre tilsyn, og det vart gjeve to pålegg. Avvika var såpass store for tre av tilsyna at det vil bli oppfølging av desse våren 2022. Vi har også fått ein del bekymringsmeldingar om innleige og conse-kvensane av dette frå ulike selskap.

Vi har hatt tett samarbeid med Arbeidstilsynet, og hatt fleire møte med erfaringsutveksling om korleis følgje opp temaet innleige.

I tilsyn, kontakt med bransjen, bekymringsmeldin-gar og utvalsundersøkinga har vi sett at det er lite medvit og kunnskap knytt til innleige, og man-glande oppfølging av innleige som heilskap. Det har vore viktig for Ptil å bidra til auka kunnskap og kompetanse ut i næringa. Innleige har vore tema på fleire konferansar for næringa og vorte kommunisert på nettsidene våre i form av ein informasjons-film og ei spørsmål/svarliste om innleige.

Både informasjonsarbeidet, møta og tilsyna i 2021 er forventa å ha god samla effekt overfor partane både når det gjeld kompetanseauke og forbetring av selskapa sin bruk av innleige. Tilsyna der det vart avdekt ulovleg innleige, fekk stor mediemerksemd som også bidrog til synleggjinga av temaet.

Varsling av kritikkverdige forhold i verksemda

I 2021 fekk Ptil 61 varsel eller bekymringsmeldingar om forhold i petroleumsverksemda. Av desse varsla var 40 frå arbeidstakarar. Av meldingane som kom inn handla 75 prosent av varsla om temaet arbeids-miljø, og 25 prosent teknisk tryggleik og beredskap. Innanfor arbeidsmiljø er det ingen tydelege endrin-gar i tema som det blir varsla om i perioden 2019 til 2021, med unntak av innleige.

I 2021 fekk vi seks meldingar om innleigeproble-matikk mot éi i 2019 og 2020. For 2021 stod tema som «arbeidsoppgåver og ressursar», «opplæring og kompetanse» og «innleige» for vel halvparten av meldingane som vart varsla om innanfor arbeids-miljø.

Hausten 2019 tok Ptil i bruk ein digital varslings-kanal som sikrar at identiteten til varslaren er i samsvar med personvernreglane, ved at det som blir varsla, kan vere anonymt.

Varsel og bekymringsmeldingar blir følgde opp enkeltvis, ved direkte kontakt med det gjeldande selskapet dersom varslar aksepterer det. Uansett gjev varsel og bekymringsmeldingar verdifull in-formasjon, som blir brukt i tilsyn.

Andre utvalde tema knytte til mål 3.2

Inkluderande arbeidsliv

«Intensjonsavtalen om et mer inkluderende arbeidsliv. Et arbeidsliv med plass for alle» av 1. januar 2019 til 31. desember 2022 (IA-avtalen) vart underteikna 18. desember 2018. Ptil har sidan 2019 arbeidd saman med Arbeidstilsynet, STAMI og NAV med denne IA-satsinga. Det er blant anna etablert eit partssamansett bransjeprogram for petroleumsverksemda der Ptil deltek.

I 2021 har målet vore å auke kunnskap om kva systematisk førebyggjande arbeidsmiljøarbeid kan ha å seie for å redusere sjukefråværet. Vi har teke del i utarbeidinga av innhald til Petroleumsnæringa sine sider i Arbeidsmiljøportalen, og adressert IA og arbeidsmiljøetsatsinga i tilsyn og i ei rekkje møte på bransje- og selskapsnivå. Vi har også publisert to podkastepisodar der tema er IA, arbeidsmiljøetsatsinga og vegen til eit betre arbeidsmiljø (siste episode i samarbeid med STAMI). Vi har også arrangert eit webinar om nattarbeid. Sikkerhetsforum har vore jamleg orientert om arbeidet Ptil har gjort knytt til arbeidsmiljøetsatsing.

Bemanna undervassoperasjonar

Det har vore ein liten auke i dykkeaktivitetar på sokkelen i 2021 samanlikna med 2020. Pandemien har gjort det utfordrande å gjennomføre fysiske revisjonar på fartøy, men tilsyn og møte er gjennomført digitalt. Det er behandla og gjeve 4 samtykke til BUO i 2021.

Det er viktig at selskapa sikrar riktig og langsiktig kompetansebygging for nøkkelstillingar som ansvarleg personell for dykking på sokkelen. Enkelte stader erfarer vi at det ansvarlege personellet i sel

skapa blir flytte til andre ansvarsområde ved omorganisering. Det er også eit generasjonsskifte på gang i bransjen, og fleire av operatørselskapa står seg derfor på innleigd personell med dykkekompetanse. Dette er ei utvikling som vi følgjer tett i tilsyn.

Digitalisering

I 2021 vidareførte vi oppfølginga vår av digitalisering i næringa gjennom kunnskapsutvikling, tilsyn og samarbeid med fagmiljø og andre myndigheiter.

For å auke kunnskap og bidra til læring i næringa gjennomførte vi i 2021 to studiar knytte til digital teknologi og menneskelege faktorar. Safetec gjennomførte ein studie for å hente inn og samanstillе kunnskap om utvikling og implementering av kognitiv teknologi i tryggleikskritiske operasjonar. Studien tok utgangspunkt i korleis fremje at kognitive system er pålitelege ved å inkludere kunnskap om menneskelege faktorar. Vidare gjennomførte Sintef ein studie for å belyse korleis hendingar, tilløp til hendingar og avvik innanfor automatiserte system blir detekterte, registrerte og varsla, og ulike aktørar sine roller i tilarbeiding av data frå slike situasjonar.

Vi har følgd opp digitaliseringsinitiativ i næringa gjennom møteseriar og fagspisse tilsyn offshore og på land, med aktivitetar retta mot operatørar, riggeigarar og serviceselskap. Vi har blant anna ført tilsyn med teknologiutvikling og bruk av automatisert boring offshore. Aktivitetane viser at selskapa i aukande grad tek i bruk avanserte teknologiar for å utfylle og erstatte oppgåver som tidlegare vart utførte av menneske - både på innretningane til havs og på land. Ny teknologi og nye løysingar kan bidra til redusert risiko, men selskapa er avhengige av å gjere gode vurderingar før nyvinningane blir tekne i bruk.

Digitalisering og HMS-konsekvensar har også vore sentrale tema i ulike samarbeidsarenaer nasjonalt og internasjonalt. Nasjonalt er det sett ned ei parts-samansett arbeidsgruppe i Sikkerhetsforum som følgjer opp erfaringar, trendar og utviklingstrekk innan digitalisering. I dette arbeidet blir det lagt vekt på korleis arbeidstakarmedverknad og parts-samarbeid kan bidra til å finne gode digitale løysingar som styrkjer tryggleiken og gjev betre arbeidsmiljø. Arbeidet i Sikkerhetsforum vil halde fram i 2022.

Ptil har også innleidd eit samarbeid med Centre for Autonomous Marine Operations and Systems (NTNU AMOS) / NTNU VISTA Centre for Autonomous Robotic Operations Subsea (CAROS) for erfarings-utveksling og felles læring. Internasjonalt har vi saman med 10 andre offshore tryggleiksmyndig-

heiter (International Regulators' Forum) identifisert digitalisering som eitt av tre prioriterte tema – såkalla felles risikoområde i industrien. Ptil leier arbeidet knytt til digitalisering. Dette arbeidet vil halde fram i 2022.

Resultat frå oppfølginga vår viser at det er høg merksemd på utvikling av automatiserte løysingar og opningane dette gjev for effektivitet i driftsfasen. Tilbakemeldingane er at selskapa er opptekne av dette temaet og at oppfølginga vår blir opplevd som relevant. Vi observerer at utvikling og innføring av digital teknologi i eit MTO perspektiv i aukande grad blir sett på agendaen på arenaer der næringa møtest. Dette er eit område der utviklinga skjer raskt, og vi vil halde fram å følgje opp ulike aspekt ved digitalisering i næringa i framtida.



Mål 3.3: Andre prioriterte oppgaver

I det følgjande presenterer vi prioriterte oppgaver under resultatmål 3.3 i 2021.

Nye ansvarsområde

Sidan 2018 har Ptil fått utvida myndigheit til også å omfatte transport og lagring av CO₂ og fornybar energiproduksjon til havs. Når det gjeld transport og lagring av CO₂ er det utarbeidd eit arbeidsmiljø- og tryggleiksregelverk på området, og industriutviklinga er godt i gang med Langskip-prosjektet. Innanfor fornybar energiproduksjon til havs går regelverksutviklinga føre seg i dialog med Regelverksforum, sjå avsnitt om regelverksutvikling.

Partssamarbeid

Partssamarbeid er ein vesentleg føresetnad for HMS-regimet i petroleumsverksemda. Dei mest sentrale arenaene for trepartssamarbeid er Sikkerhetsforum og Regelverksforum, og begge desse har vore svært aktive i 2021.

Sikkerhetsforum er den sentrale trepartsarenaen for tryggleik i petroleumsverksemda. Den felles røyndomsforståinga som trepartssamarbeidet føreset, blir sikra gjennom kunnskaps- og analysearbeid i RNNP (Risikonivå norsk petroleumsverksemd). I 2021 var HMS-konsekvensar av pandemien det sentrale diskusjonstemaet: Korleis tryggleik og arbeidsmiljø skulle sikrast samtidig med full produksjon, nye store utbyggingsprosjekt og ein pandemi som innebar strenge test-, karantene- og smittevernstiltak. I tillegg var ei rekkje andre saker på agendaen i 2021, blant anna hendingar og granskingar, arbeidstakarmedverknad ved digitalisering og IKT-prosjekt, partssamarbeid på Teams og HMS-konsekvensar ved innleige av arbeidskraft. Sikkerhetsforum gjennomførte sin årskonferanse i Stavanger i september, med tilbakeblikk på 21 års samarbeid i Sikkerhetsforum.

Regelverksforum diskuterer handheving og etterleving av regelverket, i tillegg til forslag til endringar i dette med tilhøyrande vurderingar. Dette gjev oss blant anna viktig informasjon om rammevilkår hos aktørane i verksemda og erfaringar med bruk av regelverket. I 2021 er blant anna følgjande saker

behandla: forståing og praktisering av nattarbeidsregelverk, myndigheitsansvar for sentrale kontrollrom på land og regulering av fornybar energiproduksjon til havs. Arbeidet i Sikkerhetsforum og Regelverksforum bidreg til felles prioritering av sentrale tryggleiks- og arbeidsmiljøtema i industrien, læring, erfaringsoverføring og kunnskapsutvikling.

Ptil prioriterer også deltaking i fleire sentrale internasjonale myndigheitssamarbeid:

- [EU Offshore Authorities Group \(EUOAG\)](#)
- [North Sea Offshore Authorities Forum \(NSOAF\)](#)
- [International Regulators Forum \(IRF\)](#)
- [Arctic Offshore Regulator Forum \(AORF\)](#)

Dette er gode arenaer for læring på tvers av landegrensar, og det bidreg til kompetanseutvikling både på tilsyns- og regelverksområdet og innanfor myndigheitsarbeid generelt.

Samarbeid med Arbeidstilsynet og STAMI

Ptil har samarbeidd tett med Arbeidstilsynet og STAMI om arbeidsmiljøatsinga i IA-avtalen. Hovudaktivitetane i samarbeidet med Arbeidstilsynet har vore å produsere innhaldet til petroleumsdelen av verktøyet Arbeidsmiljøhjelpa på Arbeidsmiljøportalen. I samarbeid med STAMI har vi oppdatert underlaget for ein næringstilpassa versjon av verktøyet «En bra dag på jobb». Arbeidet med å produsere film om dette stoppa opp som følgje av restriksjonar knytte til korona-situasjonen, men er planlagt ferdigstilt innan 2022. Vi har også eit godt samarbeid med Arbeidstilsynet og STAMI som går ut over arbeidsmiljøatsinga.

For 2021 vil vi spesielt trekkje fram kunnskaps- og erfaringsdeling med Arbeidstilsynet knytt til innleige, arbeidstid og kjemisk og fysisk arbeidsmiljø, inkludert arbeid med grenseverdiar for kjemisk eksponering. Samhandling med STAMI har vore konsentrert rundt tema arbeidstid og grenseverdiar for kjemisk eksponering ved forlengta skiftordningar og opphaldsperiodar, og dessutan jamleg dialog om vidareutvikling av RNNP.

Regelverksutvikling

Det heilskaplege og risikobaserte HMS-regelverket for petroleumsverksemda er eit viktig verkemiddel for å nå måla for helse, miljø og sikkerheit. Vi arbeider på fleire arenaer for å evaluere og utvikle regelverket i nær dialog med partane i arbeidslivet, departementet og andre styresmakter. Regelverksarbeidet i 2021 har omfatta desse temaa: Årleg oppdatering av HMS-regelverket for petroleumsverksemda og utvikling av regelverk for fornybar energiproduksjon til havs, og regelverk for sikring mot medvitne anslag.

Det har i 2021 vore mykje diskusjon med partane for å få på plass føremålstenlege rammer for regelverksutvikling for fornybar energiproduksjon til havs. Vi vil byggje dette regelverket på relevante erfaringar med regulering av vindkraft på land, havvind internasjonalt og petroleumsverksemda i Noreg, og lage eit verksemdstilpassa regelverk for denne nye verksemda i Noreg. Målet er at dette regelverket også skal bidra til å nå måla om eit høgt nivå på arbeidsmiljø og tryggleik. Regelverksutvikling er eit område som krev kontinuerleg innsats og vi vil derfor prioritere ressursar innanfor dette området også i 2022.

Ptil deltek også i ei rekkje nasjonale, regionale og internasjonale standardiseringsprosjekt som er viktige for den rammesetjande og faglege verksemda ved Ptil. Ptil er medlem av Sektorstyre Petroleum og deltek i meir enn 40 ekspertgrupper. Bidraga frå oss og industrien i standardiseringsarbeidet bidreg til at industrien har gode anerkjende normer som utfyller det funksjonsbaserte regelverket og som bidreg til måloppnåing.

Digitalisering

Ptil starta i 2019 eit arbeid med føremål om å forenkla, fornye og forbetre arbeidsprosessane og samhandlinga internt og eksternt i Ptil. Basert på arbeidsprosesskartleggingar, føringar frå digitaliseringsrundskrivet, tildelingsbrevet og erfaringsutveksling med næringa har det vore gjennomført ei rekkje forbetningsprosjekt innan fleire område. Arbeidet har vorte gjennomført ved hjelp av eksterne konsulentar i samarbeid med eigne tilsette og har vore organisert i prosjekt. Arbeidet har vore organisert i fire hovudområde:

- Innrapportering,
- heilskaplege IT- system,
- tilgjengeleggjing av data og
- arbeidsprosessar.

For innrapportering har målet vore å forenkla og effektivisere innrapportering til Ptil. I 2020 fekk vi på plass nyte system for anonym varsling og innrapportering av arbeidstimar, og i 2021 for innrapportering av hendingar. Arbeidet med innrapportering blir vidareført for 2022 med blant anna forenklingar knytt til RNNP innrapportering. Drift og vidareutvikling av innrapportering blir teke hand om av fagorganisasjonen i Ptil i nært samarbeid med systemutvikling.

For området Heilskaplege IT-system fekk vi i 2020 flytt alle saksbehandlings- og samhandlings-system over på SharePoint plattform, og i 2021 kom første versjon av Ptil dataplattform på plass. Plattformen samlar kjeldedata som funn frå revisjonar, hendingar, plandata, regelverk, og administrative data og gjer sanntidsdata tilgjengeleg til heile organisasjonen. Plattformen blir brukt for planlegging, gjennomføring og rapporteringsføremål og gjev eit viktig bidrag i å sikre ei risikobasert og faktaorientert planlegging og gjennomføring av oppgåver.

I 2021 fekk vi også nytt styringssystem for Ptil. Av sentrale arbeidsprosessar har hovudaktiviteten vore konsentrert rundt arbeidet med ny revisjonsprosess og saksbehandlingsverktøy for ei meir effektiv gjennomføring av revisjonar. Målet er at første versjon vil takast i bruk i løpet av første halvår 2022. Som følge av at fleire av dei planlagde større prosjekta i digitaliseringsprogrammet no er overtekte av linjeorganisasjonen, vart digitaliseringsprogrammet avslutta ved årsskiftet.

IKT-tryggleik i Ptil

Styring og kontroll knytt til IKT-tryggleik blir følgt opp gjennom styringssystemet vårt for intern sikring. Systemet er basert på krav i tryggleiks- og personopplysningslova, retningslinjer og strategiar som IT-strategi, IKT-retningslinjer, krisehandteringsplan og IKT-beredskapsplan.

Styrking av, og kontroll med, IKT-tryggleik blir gjennomført ut frå planlagde oppgåver, og tiltak etter risikoanalysar og gjennomgang frå leiinga for intern sikring, og ved proaktiv oppfølging av IKT-driftsleverandøren vår når det gjeld organisatoriske og tekniske IKT-tryggleiksløysingar. Vidare sikrar vi dette arbeidet ved å oppdatere handlingsplanane våre i samsvar med Nasjonal tryggleiksmyndigheit (NSM) sine grunnprinsipp for IKT-tryggleik. Tiltak mot eventuelle digitale angrep er basert på oppdaterte risiko- og scenarioanalysar. Når det gjeld denne typen problemstillingar både får og deler vi informasjon med relevante aktørar. Interne og eksterne øvingar blir gjennomførte i samsvar med felles plan og prosedyrar.

Måloppnåing og effektvurderingar

Som opplyst i tildelingsbrevet skal Ptil gjere ei vurdering av oppnådde effektar i verksemda som følgje av innsatsen frå etaten. Vurderinga skal baserast på observasjonar og målingar som kan gje styringsinformasjon om i kva grad: *Verksemdene får auka kunnskap/ medvit, Verksemdene får auka motivasjon, Verksemdene førebyggjer betre/ meir systematisk.*

I kapittel II viste vi mål- og resultatkjeda i Ptil. Vår innsats er retta mot å bidra til positiv effekt på brukar- og selskapsnivå. Dei overordna måla våre er å bidra til at aktørane jobbar målretta med å redusere risiko for storulykker og betre med førebyggjande arbeidsmiljø, helse og tryggleik og syter for forsvarlege arbeidsforhold.

Styringsinformasjonen vår består av både kvalitative og kvantitative data, og utgjer grunnlaget for analysar og vurderingar av om innsats og verkemiddelbruk bidreg til måloppnåing. Tabell 3 viser dei viktigaste kjeldene våre til analysar og vurderingar av effekt.

Tidlegare i dette kapitlet har vi oppsummert resultat frå tilsynsverksemd og utgreiingar, innan ein del utvalde tema. Vi vil her oppsummere resultatata frå den overordna brukarundersøkinga, og deretter vurdere måloppnåinga vår innan følgjande tre område:

søkinga, og deretter vurdere måloppnåinga vår innan følgjande tre område:

- effektar innan særleg prioriterte område,
- effektar av innsats retta mot redusert risiko for storulykke og
- effektar av innsats retta mot arbeidet verksemdene gjer for betre førebyggjande arbeidsmiljø, helse og tryggleik og forsvarlege arbeidsforhold.

Avslutningsvis oppsummerer vi dette kapitlet gjennom refleksjon rundt følgjande spørsmål:

- Måloppnåing: ser vi den endringa vi ønskjer oss?
- Bidreg innsatsen vår til etterleving av regelverket, betre førebygging og risikoreduserande arbeid hos selskapa?
- Bruker vi ressursane våre så effektivt som mogleg?
- Ser vi nokon utilsikta verknader?

Tilbakemelding frå aktørane om effekt: Brukarundersøkinga

Eit viktig informasjonsgrunnlag for å kunne vurdere effektar av innsatsen vår, er resultatata frå dei to brukarundersøkingane våre; Revisjonsundersøkinga og Overordna undersøking.⁹ Begge undersøkingane har forholdsvis høg svarprosent for alle tre år, noko som indikerer at resultatata er representative for målgruppene¹⁰. Revisjonsundersøkinga gjeld enkeltrevisjonar, og er omtalt i byrjinga av kapitlet, under verkemiddel «tilsyn med aktørane – revisjonar».

Data som stammar frå tilsynsverksemda til Ptil

- Avvik frå regelverk og andre forbetningspunkt
- Ptil sin bruk av reaksjonsmiddel
- Resultatrapporten frå tilsynslaga og fagområda til Ptil
- Ptil sine resultatoppsummeringar frå innsatsområde og prioriterte tema

Data til Ptil frå aktørane i næringa

- Ptil sine brukarundersøkingar
- Varsling om kritikkverdige forhold til Ptil
- Varsling og melding om fare og ulykkessituasjonar rapportert til Ptil
- RNNP

Forskning og andre eksterne datakjelder

- FoU resultat og prosjekt
- Erfaringsdeling på konferansar og seminar
- Offentlege utgreiingar, stortingsmeldingar og fagspesifikke kunnskapsrapportar

Tabell 3. Kjelde til analysar og vurderingar av effekt

⁹ Brukarundersøkingane har vore gjennomførte årleg sidan 2018 og blir gjennomførte av konsulentselskapet «IDEAS2EVIDENCE». Alle resultat blir publiserte på nettsidene våre. For nærare skildringar av metodikk, sjå www.ptil.no.

¹⁰ Revisjonsundersøkinga: 2019: 67 prosent, 2020: 73 prosent, 2021: 70 prosent. Overordna undersøking: 2019: 82 prosent, 2020: 84 prosent, 2021: 77 prosent.

I tabellen nedanfor viser vi utvalde vurderingar frå myndigheitskontaktane i den overordna undersøkinga for perioden 2019–2021. Den overordna undersøkinga blir send ut årleg, uavhengig av

enkeltrevisjonar. I tabellen inngår gradsvurderingar av effektar av Ptil sine verkemiddel, viktighetsvurderingar av revisjonane våre for kvalitets- og tryggleiksarbeidet i selskapa og grad av tillit til Ptil.¹¹

Tema	Enkeltspørsmål	2019	2020	2021
Ptil har ei rekkje ulike verkemiddel til disposisjon. Basert på erfaringane dine: I kva grad vil følgjande verkemiddel normalt sett føre til tiltak? (Stor grad/Svært stor grad)	Dialog	71 %	78 %	62 %
	Varsel av tilsyn	70 %	64 %	53 %
	Påpeiking av avvik	98 %	100 %	97 %
	Forbetringspunkt	84 %	83 %	77 %
	Varsel om pålegg	96 %	100 %	95 %
	Pålegg	100 %	100 %	95 %
I kva grad opplever du at Ptil gjennom å vere til stades i næringa bidreg til å: (stor grad/svært stor grad)	Redusere risikoen for storulykker i petroleumsvirksemda	88 %	82 %	82 %
	Styrkje arbeidet verksemdene gjer med førebyggjande arbeidsmiljø	75 %	82 %	71 %
	Sikre reell arbeidstakarmedverknad i verksemda	72 %	70 %	52 %
	Sikre eit velfungerande trepartssamarbeid	72 %	78 %	63 %
Samla vurdering av Ptil sine revisjonar på kvalitets- og tryggleiksarbeidet i selskapa (Viktig og Svært viktig)	Kor viktig er Ptil sine revisjonar, slik dei fungerer i dag, totalt sett for det løpande kvalitets- og tryggleiksarbeidet dykkar?	90 %	85 %	89 %
Tillit til Ptil (I stor grad og I svært stor grad)	I kva grad har du tillit til Ptil?	96 %	97 %	95 %

Tabell 4. Selskapa sine vurderingar av verkemiddelbruken frå Ptil og tillit til Ptil

Oversikta viser at resultatane i hovudsak er gode. Ein forholdsvis høg del av respondentane vurderer at alle verkemidla nemnde over, vil føre til tiltak. Høgast vurdering finn vi for pålegg, varsel om pålegg og påpeiking av avvik.

Ein høg del (82 prosent) av selskapa opplyser at det i seg sjølv at Ptil er til stades, i stor grad eller i svært stor grad bidreg til å redusere risiko for storulykker. Når det gjeld førebyggjande arbeidsmiljø er vurderinga noko lågare, men framleis 71 prosent. Selskapa si oppfatning av om vi bidreg til å sikre reell arbeidstakarmedverknad fell frå 70 prosent i 2020 til 52 prosent i 2021, og vi finn ein tilsvarende nedgang for bidraget vårt med å sikre eit velfungerande trepartssamarbeid. Dette kan vere ein indikasjon på at partssamarbeidet både på selskaps- og bransjenivå er vorte meir krevjande. Selskapa si vurdering

av i kva grad dei har tillit til Ptil, er svært høg i heile perioden.

Effektmåla *Auka kunnskap/medvit, Auka motivasjon og Betre/meir systematisk førebygging* er i brukarundersøkingane operasjonaliserte gjennom ni spørsmål, henta både frå revisjonsundersøkinga og den overordna undersøkinga. Resultata er ei nyttig kjelde til å forstå korleis selskapa som blir reviderte, vurderer og skildrar utbyttet av revisjonane frå Ptil, og kan dermed brukast som innspel til læring og forbetring i etaten. I tabellen nedanfor viser vi resultat for perioden 2019–2021 på spørsmåla innanfor dei tre effektmåla, samla verdi og til slutt «indeksverdien». Indeksverdien er eit samla mål for selskapa sine svar på alle spørsmåla. For å forenkle samanlikninga mellom spørsmål stilt med ulik skala, er verdiane standardiserte til å gå frå 0 til 1.

¹¹ Tabellen viser delen svar på dei to mest positive svarkategoriane på ein skala frå 1 til 5.

Del III. Aktivitetar og resultat for året



Figur 27. Effekt av Ptil sine tilsynsaktivitetar 2019–2021

Overordna sett er resultatane på alle spørsmål forholdsvis stabile frå 2019 til 2021. Den samla indeksverdien viser ein svak nedgang frå 0,7 i 2019/2020 til 0,69 i 2021.

- **Auka kunnskap/medvit:** Kjem ut med lågast samla verdi, som i dei føregåande åra. Spørsmåla i denne gruppa er henta frå revisjonsundersøkinga. Her er det spørsmålet om i kva grad revisjonen har tilført ny eller meir kunnskap som spesielt trekkjer ned, noko som blant anna kan kome av at ikkje alle revisjonar avdekkjer nye forhold. Vi finn likevel noko meir positive vurderingar av at revisjonen gav auka medvit om tema for tilsynet. Samla verdi i 2021 er 0,6.

- **Auka motivasjon:** Har den høgaste samla verdien av effektmåla våre og viser ein svak oppgang frå 2019 til 2021. Her finn vi variasjonar i

vurderingar. Dei mest positive vurderingane finn vi for verdien av Ptil sine revisjonar på kvalitets- og tryggleiksarbeidet i selskapa, at selskapa bruker revisjonen til å gjennomføre tiltak lokalt, og at ein bruker kunnskap frå revisjonane til å rette opp i konkrete forhold. Vi ser noko lågare vurderingar på om revisjonen gav eit godt grunnlag for iverksetjing av tiltak, og om funn og læringspunkt blir overførte til andre delar av verksemda.

- **Betre/meir systematisk førebygging:** Samla verdi viser ein svak nedgang i perioden frå 0,71 til 0,69. Dei mest positive scorane finn vi for å ha brukt kunnskap frå tilsynet til å innføre systemtiltak eller for å ha brukt kunnskap frå tilsyn retta mot andre selskap til tiltak i eiga verksemd. Dei lågaste verdiene her finn vi for vurdering av effektar av innførte tiltak – både system- og enkelttiltak.


Måloppnåing og effektiviseringa

Særlege prioriteringar – Sterk og tydeleg

Tildelingsbrevet har over fleire år peika på behovet for Ptil som ein sterk og tydeleg tilsynsetat og ei vidareutvikling av tilsynet sin bruk av verkemiddel og reaksjonsmiddel. Dette har vi følgd opp langs fleire verkemiddelspor: Sterkare kontroll av etterleving, senka terskel for bruk av pålegg, bruk av strengare reaksjonsmiddel, kunnskapsprosjekt og utgreiingar, i etatsstyringsdialogen og i samarbeid med partane og andre myndigheiter. I tillegg har vi gjennomført internt forbetningsarbeid, deriblant digitalisering, utvikling av dataplattform, og forbetra kvalitet i databasane og arbeidsprosessane våre.

Kontroll av avvik

Når vi gjennomfører revisjonar, informerer vi alt i varselbrevet om at vi vil kontrollere avvik frå tidlegare tilsyn. Frå 2019 har vi i revisjonsrapportane våre systematisk rapportert om alle avvik vi har kontrollert, både dei som er korrigererte og dei som ikkje er det. Etter at vi endra tilnærminga vår i 2019, har talet på kontrollerte avvik auka årleg.




Figur 28. Resultat – Kontrollerte avvik (2019–2021)

Det at vi har skjerpa kontrollen vår av tidlegare avvik, har ført til auka merksemd om dette i industrien. Mange selskap har gjeve tilbakemelding om at dei har sett i gang eigne oppryddingsaktivitetar som følgje av at dette vart sett på agendaen.

Utviklinga viser likevel at det framleis er ein stor del av avvika som vi kontrollerer, som ikkje fullt ut er korrigererte av selskapa. Når dette blir avdekt, har vi i dei fleste tilfelle vist dette som eit nytt avvik i seinare rapportar. Det er stor variasjon i dei manglane vi avdekkjer. I dei aller fleste tilfelle er tiltaka som selskapet har forplikta seg til, gjennomførte – anten fullt eller delvis. Dersom det manglar mykje i forhold til at avviket er fullt ut korrigerert, varslar vi pålegg om utbetring. I eitt tilfelle har vi i 2021 også knytt eit vedtak om tvangsmulkt til denne typen pålegg. Etter kvart som selskapa i større grad sjølv sikrar at avvik blir korrigererte, vil effekten både vere større etterleving, men også betre førebygging, sidan tiltaka som blir gjennomførte, i stor grad gjeld førebyggjande arbeid.

Reaksjonsmiddel


Når det gjeld reaksjonsmiddel, har vi hatt eit tilsvarende utviklingsarbeid. Vi har presisert internt når pålegg bør brukast, og vi dokumenterer i større grad vurderingane våre ved bruk av reaksjonsmiddel. Talet på pålegg auka mykje i 2021 etter eit jamt nivå sidan 2018. Ein gjennomgang av tala viser blant anna at 11 av pålegga i 2021 vart gjevne etter gransking av alvorlege hendingar. I 2020 var dette talet 4. Dette reflekterer at vi i 2021 ferdigstilte ei rekkje av rapportane etter hendingar i 2020, og at vi i dei nye retningslinjene våre har lagt vekt på å vurdere senka terskel for bruk av reaksjonsmiddel i samband med gransking.



Figur 29. Utvikling i talet på gjevne pålegg (2016–2021)

Det var både i 2020 og 2021 ei jamn fordeling mellom pålegg knytte til storulykke/teknisk tryggleik i forhold til arbeidsmiljø/persontryggleik. Åtte tidlegare avvik som vart kontrollerte og som ikkje var korrigererte, førte til pålegg i 2021.

Pålegg har ein tydeleg effekt ved at dei alltid fører til tiltak i dei aktuelle selskapa. Dette blir stadfest både i oppfølginga vår av dei enkelte pålegga og i brukarundersøkingane. Vi har også ei tettare oppfølging av pålegg fram til dei er etterkomne, noko som bidreg til at tiltak faktisk blir gjennomførte. Pålegg får også i endå større grad enn avvik og forbettringspunkt merksemd i næringa, og vi forventar dermed at dei får effekt på etterleving og førebygging også i andre selskap enn det dei gjeld.



Figur 30. Pålegg fordelt på tema

Generelt opplever vi at viljen til å gjennomføre tiltak også er stor når vi peikar på avvik utan å varsle pålegg. Brukarundersøkinga stadfester at avvik i rapporter fører til tiltak i like stor grad som pålegg gjer.

Det er utfordrande å konkludere eintydig om effekten av auka bruk av reaksjonsmiddel. For å samle kunnskap om effekten av reaksjonsmiddel, engasjerte vi i 2021 Advokatfirmaet Simonsen Vogt Wiig AS for å gjennomføre ein studie om dette temaet.

Konklusjonen var at det langt på veg manglar empirisk kunnskap på effektar av reaksjonsmiddelbruk på HMS:

«Det er svært få relevante funn om effekter, det gjør det av naturlige årsaker vanskelig å gi annen anbefaling enn at Ptil bør ta i betraktning at god effekt av strenge sanksjoner i stor utstrekning anses for plausibelt, men beskjedent empirisk underbygget. Samtidig antydes det i flere arbeider også flere mer konkrete og enkelte mulige negative effekter, herunder prosessøkonomi og økt ressursbruk ved ileggelse av straff og «strenge» administrative sanksjoner.»

Vi må dessutan vere merksame på eventuelle utilsikta verknader av tiltaka våre. Erfaringa vår med strengare bruk av reaksjonar er førebels relativt avgrensa. Vi må ta høgde for at ein strengare reaksjonsbruk kan medføre hardare frontar og eit auka konfliktnivå mellom oss og selskapa. Når det gjeld ressurseffektivitet, erfarer vi også at vi bruker meir ressursar enn tidlegare på sjølve revisjonane og oppfølginga av desse, og på å utvikle system for monitorering av vår eiga oppfølging. Dette er moment som må vegast mot kvarandre og balanserast.

Hovudtemaet i Ptil i 2019 var «Sikker, sterk og tydeleg». Hovudtemaet vart kommunisert breitt ut i næringa, og budskapet skapte debatt og engasjement. Vi har halde fram med å formidle den same budskapet på ulike bransjearenaer. Direktør Anne Myhrvold presiserte på Toppleiarkonferansen i 2021 at selskapa framleis skal ha merksemd mot å korrigere avvik, og at Petroleumstilsynet har senka lista for å gje pålegg. Ho gjentok det same i det nettbaserte seminaret «Sikkerhet – status og signaler» i januar 2022. Vi vil i åra framover halde fram med utviklingsarbeidet vårt på dette området.

Som førearbeid til komande stortingsmelding for HMS i petroleumsverksemda har AID sett i gang ei uavhengig evaluering av oppfølginga vår etter førre stortingsmelding. Vi ser fram til resultatata frå denne evalueringa, og vil vurdere resultat og tilrådingar frå denne i det vidare lærings- og forbettringsarbeidet i etaten.

Måloppnåing og effektvurderingar

Innsats retta mot redusert risiko for storulykke i petroleumsverksemda

Vi søkjer kontinuerleg og målretta å bidra til resultatmålet «Redusert risiko for storulykke» ved hjelp av alle våre verkemiddel: I tilsynsaktivitetar, i kunnskaps- og utgreiingssporet, i regelverksarbeid og rådgjeving. Vi samarbeider også tett med partane, ulike bransjeorganisasjonar, nasjonale og internasjonale myndigheiter og kunnskapsmiljø for å identifisere den beste kunnskapen om kva som verkar, dele denne kunnskapen inn i vårt arbeid med regelverk og standardisering.

Vi har tidlegare i kapittel III omtalt resultat og effektar av eit utval av tema innan resultatmål 3.1. Nokre område som kan trekkjast særskilt fram, er den store satsinga vår på *IKT tryggleik i industrielle system* (2018–2021) og den langsiktige styrkinga vår innan *utbyggingsprosjekt* frå 2018. Innanfor begge område har vi styrkt vår eigen kapasitet og kompetanse, hatt eit høgt innsatsvolum både i tilsyn og i kunnskapssporet og innan regelverksarbeid/standardisering. Tilbakemeldingar frå aktørane vi fører tilsyn med, er at innsatsen vår innanfor desse områda har hatt positiv effekt: Å bli kikka i korta av Ptil gjev temaa aktualitet og større medvit i eigen organisasjon. Ptil gjer observasjonar dei ikkje har sett sjølv, og dei får draghjelp til å løfte prioriteringar og gjennomføre tiltak. Samla sett er begge desse utviklingsområda no tettare integrerte i oppfølginga vår elles av næringa.

Barrierestyring er eit anna sentralt tema, som vi har hatt merksemd på over lang tid, gjennom rettleiing, erfaringsoverføring og tilsyn. Vi ser no at dei alle fleste selskap har fått betre forståing for eigne barrierar, kva krav dei sjølv skal setje til barrierane, og for korleis god barrierestyring kan sjå ut.

I Ptil si oppfølging av *hydrokarbonlekkasjar* har vi i stor grad følgd to hovudspor; direkte oppfølging av hendingar med hydrokarbonlekkasje, og tilsyn med selskapa si styring og oppfølging av barrierar knytte til hydrokarbonlekkasjar. Det vil seie oppfølging av system og arbeidsprosessar som skal hindre lekkasjar, oppdage lekkasjar og førebyggje at ein lekkasje utviklar seg til ei storulykke eller redusere konsekvensane av ei ulykke. I tillegg utgjør monitorering av HC-lekkasjar ein sentral storulykkeindikator i RNNP. Gjennom denne typen oppfølging erfarer vi at næringa tek informasjonen i våre signal og rapportar inn i eiga verksemdsstyring. Dette observerer vi gjennom at selskapa endrar praksisen sin og i direkte kommunikasjon og tilbakemeldingar frå selskapa.

På samfunnsnivå ligg dei viktigaste indikatorane våre på risikonivå i petroleumsverksemda i RNNP. Som vist tidlegare i kapittel III viser storulykkeindikatoren i RNNP eit stabilt og høgt HMS-nivå over tid. Også i 2021 er resultatane gode – med enkelte variasjonar og nokre bekymringsfulle utviklingstrekk. Dette gjeld særleg utviklinga på landanlegga innan HC-lekkasjar som ikkje har teke fyr, og status for enkelte barrierar offshore. Samanhengen mellom arbeidet som blir gjort av selskapa og på bransjenivå og desse resultatane er komplekse, og det er ikkje mogleg å lage ei direkte kopling mellom innsatsen frå Ptil og RNNP-resultata. RNNP-data er likevel svært sentrale i planlegging og prioritering av aktivitetar og i kommunikasjonen vår med næringa om identifiserte utfordringar som krev samla innsats.

RNNP gjev oss ein årleg status. Gjennom året kan vi blant anna følgje med på utviklinga gjennom innrapporterte hendingar. Rapporteringskulturen i petroleumsverksemda er rekna for å vere god, og nivået på innrapporteringa er stabilt frå år til år.

I 2020 opplevde vi ein auke i talet på innrapporterte alvorlege hendingar, og vi sette i gang mange granskingar. Vår direktør Anne Myhrvold uttrykte i ei pressemelding bekymring for utviklinga, og oppfordra næringa til sjølv å ta tak i dette. Vi målretta vår egen innsats mot oppfølging av enkeltaktørar, gransking og læring av hendingar og mot å identifisere moglege negative HMS-konsekvensar av pandemien på næringsnivå. Trendane på innrapporterte alvorlege hendingar viser ein nedgang frå 2020 til 2021.

Innsatsen vår er retta mot effekt både hos enkelt-selskap og for næringa samla. Det er vår vurdering at arbeidet vårt bidreg til felles forståing og auka kunnskap og medvit om viktige og aktuelle risiko-forhold. Totalt sett har verkemidla våre bidrege til å heve kunnskapen, medvit og motivasjonen hos selskapa, for å kunne jobbe målretta med risikoreduksjon og førebyggjande arbeid. Dette blir støtta opp av at i underkant av 90 prosent av respondentane i brukarundersøkinga meiner at Ptil bidreg til å redusere risikoen for storulykker i petroleumsverksemda.

Måloppnåing og effektvurderingar

Innsats retta mot arbeidet i verksemdene for betre førebyggjande arbeidsmiljø, – helse og tryggleik og forsvarlege arbeidsforhold

Resultatmål 3.2 Arbeidet i verksemdene for betre førebyggjande arbeidsmiljø, -helse og tryggleik og forsvarlege arbeidsforhold utgjør eit forholdsvis stort og fleirfagleg felt. Det spenner frå fysisk og kjemisk arbeidsmiljø til førebygging av personskadar som følgje av kran- og løfteoperasjonar. To område som har vore prega av langsiktig og målretta verkemiddelbruk, er benzeneksponering og rammevilkår.

Styring av benzen-eksponeringsrisiko har vore følgt opp i fleire spor og over mange år: Gjennom kunnskapsutvikling og -deling, standardiseringssporet, tilsyn og gjennom samarbeid med Arbeidstilsynet og STAMI. Arbeidet i standardiseringssporet bidrog blant anna til at grenseverdien for benzen vart redusert frå 1 ppm til 0,2 ppm 1. juli i 2021. STAMI sitt prosjekt om å identifisere ein ny biologisk markør for benzeneksponering vil kunne medføre meir nøyaktige målingar av benzen i atmosfæren, og ei kommersialisering av utstyret vil gjere dette tilgjengeleg for aktørane i næringa. Samla sett og med innsats både frå industri, myndigheiter, partane og FoU-miljø har dette ført til effektar i form av ei strengare og betre styring av benzeneksponering og meir systematisk førebyggjande arbeid i selskapa.

Endra rammevilkår og konsekvensar for HMS har på tilsvarande vis hatt ein målretta innsats, med alle våre verkemiddel og over ein lengre periode. Tema-tisk dreier dette seg om eit mangfald av tema som endringar i kontraktsformer, relasjonen operatør – entreprenør, kapasitet og kompetanse, arbeidstid, organisering av arbeidet m.m. Vi får tilbakemeldingar frå partane om at innsatsen vår på dette området over tid har ført til høgare kunnskap og medvit om korleis endringar påverkar risiko, betre forståing av regelverket og betre etterleving.

Innleige er eit relativt nytt tilsynsområde. I tilsyn, kontakt med bransjen, bekymringsmeldingar og utvalsundersøkinga har vi sett at det er lite medvit og kunnskap knytt til innleige, og manglande oppfølging av innleige som heilskap. Det har derfor vore særleg viktig å bidra til auka kunnskap om krava knytt til innleige. Både informasjonsarbeidet, møta og tilsyna i 2021 er forventa å ha god samla effekt overfor partane. Tilsyna der det vart avdekt ulovleg innleige, medførte endringar hos dei aktuelle selskapa. Stor medieoppmerksomheit bidrog også til å gjere temaet synleg.

RNNP utgjør ei sentral kjelde for overvaking av ulike faktorar og utfall i arbeidsmiljøet. Risikoen knytt til arbeidsmiljø i petroleumsverksemda har i hovudsak hatt ei positiv utvikling over tid. Likevel ser vi at risiko og eksponeringar i arbeidsmiljøet er ulikt fordelt og med variasjonar frå år til år. Hovudresultata frå

spørjeskjemakartlegginga i 2021 viser ei negativ utvikling frå 2019 til 2021 på ei rekkje faktorar innan arbeidsmiljø, -helse og tryggleik. Resultata må sjåast i samanheng med dei omstillingane og endringane næringa framleis er inne i, i tillegg til at pandemien kan ha hatt ein viss påverknad på dei tilsette sine vurderingar. Svingande oljepris og konjunktursvingingar utgjer saman med eit vedvarande press på effektivisering sterke drivkrefter som får konsekvensar for organisering av arbeidet, arbeidsmiljøet og partssamarbeidet. Effektiviseringspress og eventuelle utilsikta verknader av pandemien utgjer område Ptil framleis vil ha merksemd retta mot.

Innsatsen vår er også retta mot ulike typar utfalls- mål og HMS-effektar, og skal bidra til betre styring i selskapa, færre personskadar, betre helse og til seriøse og trygge arbeidsplassar. Som for resultat- mål 3.1 om storulykkesrisiko er verkemiddelbruken

mangfaldig, langsiktig og målretta for at vi over tid skal bidra til positive resultat hos brukarane og i verksemda. Det er vår vurdering at innsatsen vår er viktig og nødvendig, og at han har effekt. I den overordna brukarundersøkinga vurderer 71 prosent at Ptil bidreg positivt til førebyggjande arbeidsmiljø. Selskapa si oppfatning av om vi bidreg til å sikre re- ell arbeidstakarmedverknad har falle frå 70 prosent i 2020 til 52 prosent i 2021, og vi finn ein tilsvarande nedgang for bidraget vårt med å sikre eit velfunge- rande trepartssamarbeid. Dette kan vere ein indika- sjon på at partssamarbeidet både på selskaps- og bransjenivå er vorte meir krevjande, men er også ei viktig påminning for oss om at vi må halde oppe høg merksemd på dette feltet. I eit møte med Ptil uttrykte eit verneombod det slik: «Eg har verdi fordi Ptil gjev meg verdi».

Dette er ei oppgåve vi ikkje kan sleppe.

Oppsummert – om måloppnåing og effektvurderingar

Det er sentralt at vi ved vårt arbeid faktisk bidreg til at selskapa arbeider betre med førebygging, og at vi dermed bidreg til redusert risiko for storulykker og eit betre arbeidsmiljø. Som nemnt i starten av dette delkapittelet, vil vi her reflektere over følgjande spørsmål:

- **Måloppnåing: ser vi den endringa vi ønskjer oss?**
- **Bidreg innsatsen vår til etterleving av regelverket, betre førebygging og risikoreduserande arbeid hos selskapa?**
- **Bruker vi ressursane våre så effektivt som mogleg?**
- **Ser vi utilsikta verknader?**

Vi ser at selskapa har gjort store løft, både enkeltvis og samla, og forbetringa på lang sikt er tydeleg. Vi ser at mange selskap har rydda i gamle avvik og handterer desse på ein betre måte. RNNP viser ei positiv utvikling på mange område, men vi iden-

tifiserer også utfordringar. Særleg har vi peika på utviklinga innan HC-lekkasjar på landanlegga som ikkje har teke fyr, status for enkelte barrierar offshore og ei negativ utvikling i spørjeskjemaundersøkinga. Det skjer framleis for mange hendingar. Når vi kontrollerer tidlegare avvik, er det framleis mange som ikkje fullt ut er korrigererte. Svaret blir dermed både ja og nei på om vi ser den endringa vi ønskjer oss. Det finst mange positive resultat å vise til, men det er framleis utfordringar som må adresserast.

Vi bruker mange forskjellige verkemiddel for å oppnå ønskte resultat. Erfaringa vår er at vi når lenger når vi adresserer ulike tema i tilsyn både på selskaps- og på bransjenivå, når vi både kontrollerer og informerer. Til saman er det vår vurdering at innsatsen vår bidreg til både etterleving av regelverket, betre førebygging og betre risikoreduserande arbeid hos selskapa. Samanhengane er likevel

kompliserte. Selskapa har også ei eigeninteresse i å førebyggje storulykker og sikre eit forsvarleg arbeidsmiljø. Det blir gjort mykje viktig arbeid inn- anfor selskap og i samarbeid mellom dei. Vi søker å støtte dette arbeidet, blant anna ved å delta i ulike bransjeforum og i standardiseringsarbeid, og dermed bidreg vi indirekte til forbetring også på den måten.

Dei siste åra har vi i større grad kontrollert tidlegare avvik. Dette er eit verkemiddel som vi meiner har positivt effekt, på mange område. Ved at selskapa får betre system for å etablere og gjennomføre tiltak, oppnår vi betre førebygging på mange område. Vi har også senka lista noko for å bruke pålegg og andre reaksjonsmiddel. Dette har hatt ein god effekt både hos dei aktuelle selskapa og andre selskap. Ikkje minst meiner vi at det at Ptil står fram som sterk og tydeleg, i seg sjølv gjev selskapa motivasjon til å etterleve regelverket. Det er likevel ikkje tydeleg om ein framleis auke i bruk av verkemiddel vil føre til ei ytterlegare forbetring av HMS-nivået.

Effektiv ressursbruk er eit område vi stadig søker å forbetre oss på. Vi gjer årleg forbetringar i prosessen med å planleggje aktivitetane våre, slik at vi sikrar at

vi gjer dei riktige tinga, og vi arbeider med kvalitetsprosessane våre for sikre at vi gjer tinga riktig. Utilsikta verknader diskuterer vi heile tida, både i enkeltsaker og i større strategiske saker. Når vi blir sterkare og tydelegare, kontrollerer meir og gjev fleire pålegg, kan resultatet bli eit auka konflikt-nivå og mindre openheit. Dersom vi viser for stor tillit, kan resultatet bli dårlegare etterleving utan at vi oppdagar det i tide. Når vi prioriterer eitt tema, kan det føre til at selskapa legg ressursar i det, på kostnad av eit tema som for dei kan ha vore viktigare. Unnlèt vi å adressere eit tema, kan det få for lite merksemd. Dette er dilemma som vi har merksemd på.

Til slutt vil vi likevel løfte fram det berande prinsippet i tilsynsverksemda vår: Det er selskapa som sjølv har ansvaret for å etterleve regelverket og å sikre eit høgt HMS-nivå. Tilsynsverksemda til Ptil skal bidra til dette gjennom rammesetjing og oppfølging, men kan aldri kome i staden for selskapa sitt eige arbeid.





DEL IV.

Styring og kontroll i verksemda

Overordna om verksemdsstyring, -mål og resultatstyring

Ptil har etablerte prosessar for mål- og resultatstyring i tråd med økonomiregelverket og med føringar frå Finansdepartementet og DFØ, som er dokumenterte i styringssystemet vårt.

Prosessane i verksemdsstyringa skal bidra til å sikre at vi jobbar målretta for å oppnå dei overordna måla og resultatmåla våre i tildelingsbrevet, at ressursbruken er effektiv, at rapporteringa er påliteleg og at verksemda blir driven i samsvar med lover og reglar. Systema gjev oss høve til å følgje opp aktivitetar i verksemdsplanen vår, avdekkje avvik og eventuell styringssvikt, feil og manglar og følgjeleg høve til å handtere dette. I 2021 er det ikkje avdekt vesentleg styringssvikt, feil eller manglar.

I Ptil har vi ein egen database (planverktøyet) der aktivitetar blir lagde inn med mål, ressurssetjing, planar og leveransar. Denne databasen blir brukt jamleg i gjennomgangar av planar og status for innsatsen vår i verksemdsstyringa og i resultatrapporteringa. Status for planar og gjennomføring blir presentert og drøfta på leiarsamlingar, og gjev

leiinga viktig styringsinformasjon om status for innsats på prioriterte område, verkemiddelbruken vår og om den daglege ressursstyringa gjennom året. Aktivitetar og resultat blir evaluerte og følgde opp av leiinga fortløpande og rapportert til departementet gjennom styringsdialogen.

Koronapandemien har også prega arbeidet vårt i 2021, og mange av aktivitetane våre har vorte gjennomførte digitalt. Målet har likevel vore å gjennomføre dei planane og aktivitetane vi hadde i verksemdsplanen vår, og at erfaringane våre knytte til bruk av digitale verktøy frå 2020 skulle bidra til eit så normalt aktivitetsnivå som mogleg. Pandemien og restriksjonar i samband med smitteverntiltak har også medført at vi undervegs har vore nøydde til å gjere justeringar og endringar i planar og ressursbruk. Koronapandemien har dermed gjort rammevilkåra for planlegging og gjennomføring noko meir utføreseielege. Det vi har prioritert høgast gjennom heile pandemien, er fysiske tilsyn på innretningar og anlegg. Derimot har møte, kurs og konferansar i stor grad vore gjennomført over digitale arenaer. Utgifter knytte til reiseverksemd, kurs- og konferansar har dermed vorte lågare enn estimert.

I 2021 er det 15 tilsette med lang fartstid i Ptil som har slutta. I ein pressa arbeidsmarknad ser vi at det ofte tek lengre tid enn føresett å finne kvalifiserte søkjarar, og vi opplever at stillingar står vakante over ein lengre periode. Dette har medført noko redusert kapasitet og tilgang til ressursar med nødvendig kompetanse – som igjen påverkar evna vår til å gjennomføre planlagde prosjekt.

Også i 2021 har vi arbeidd med vidareutvikling av verksemdsstyringa. Vi har sett nærare på roller og ansvar i verksemdsstyringa, på prosessane våre for planlegging og rapportering – både internt og til overordna departement. Det er etablert tydelegare knytingar mellom samfunnsoppdraget vårt og overordna mål opp mot våre interne prosessar og risikostyring på verksemdsnivå. Det er også utarbeidd skildringar av -mål og resultatstyringa vår, resultatkjeda er definert, verkemidla er skildra og styringssystemet er vidareutvikla. I dette arbeidet er det også identifisert behov for å tydeleggjere den langsiktige verksemdsstrategien og fleirårige verksemdsplanen vår, i tillegg til arbeid med å revidere og utvikle enkelte nye styrande dokument.

Risikostyring, leiinga sin gjennomgang og internkontroll

Risikostyring på verksemdsnivå inngår som ein del av verksemdsstyringa og skal bidra til at Ptil får gode prosessar for avgjerder og ressursprioritering, slik at risiko kan haldast på eit akseptabelt nivå. I arbeidet vårt med verksemdsstyring er det no tydeleggjort når og korleis prosessar knytte til risikostyring skal bidra inn mot verksemdsstyringa vår, korleis ulike nivå i Ptil bidreg inn i dette arbeidet, og til den årlege rapporteringa vår av risikobilete til departementet. Risikostyring er eit verktøy for proaktiv styring og skal bidra til å:

- førebyggje og avgrense uønskte situasjonar og tilstandar
- auke evna til måloppnåing knytt til strategiske mål
- tydeleggjere samanheng mellom mål, risiko og tiltak
- styrkje prioritering og ressursstyring
- sikre prosessar for å overvake risiko som grunnlag for vurderingar og tiltak

Risikostyring skal hjelpe leiinga til å ta gode avgjerder gjennom blant anna å synleggjere uvisser og veikskapar, og tydeleggjere kva for risikoar som må/bør reduserast/styrast og kva for risikoar som kan akseptast.

«Leiinga sin gjennomgang» er ein prosess som blir gjennomført årleg og med bidrag frå alle hovudeiningar i Ptil. Leiinga sin gjennomgang er eit styringsverktøy for hovudleiinga og skal:

- sikre at styringssystemet er føremålstenleg og effektivt i forhold til overordna mål, tildelingsbrevet, den strategiske retninga i organisasjonen og interne krav.
- belyse og vurdere utsikter til forbetringar og behov for endringar av systemet og prosessar som skal sikre god styring.

Hensikten er å vurdere måloppnåing, kvalitet, styring og leiing i organisasjonen på eit overordna nivå, og å identifisere relevante forbetringstiltak knytte til dette. I 2021 vart det etter gjennomgang i leiinga sett i verk tiltak for å sikre betre samordning mellom ulike endringsinitiativ, og for å sikre betre informasjon om, og forankring av strategiske prosessar i heile organisasjonen.

Med bakgrunn i rundskriv frå Finansdepartementet om internrevisjon i statlege verksemdar vedtok Ptil i 2020 å innføre internrevisjon. Prosedyre for internrevisjonen i Ptil er ferdigstilt, og vil takast i bruk i 2022. Planen er å gjennomføre internrevisjon med interne ressursar, ut frå ei årleg vurdering.

Rapportering fellesføringar 2021

Inkluderingsdugnad

Ptil arbeidde målretta for å nå måla i inkluderingsdugnaden. Etaten har primært behov for søkjarar med høgare utdanning frå høgskule eller universitet, og med 5–10 års relevant erfaring innanfor arbeidsområdet til stillinga. Ein stor del av dei utlyste stillingane i Ptil har også krav om helseerklæring for å kunne utføre tilsyn offshore.

Etaten utlyste 14 faste stillingar i 2021. Av desse var seks stillingar utlyste utan krav om helseerklæring. På nemnde 14 stillingar fekk vi totalt 17 søkjarar med hol i CV og 6 søkjarar med nedsett funksjons-evne. Dette er ein auke frå tidlegare år, men ingen av desse søkjarane hadde kvalifikasjons-krava for stillingane. I 2021 vart det tilsett 12 personar i fast stilling. Etaten hadde ingen nyttilsette i mellombelse stillingar. Ptil har god erfaring med å tilby praksisplass til målgruppa, men med utstrekt bruk av heimekontor som følgje av pandemien, vart ikkje dette tiltaket gjennomført i 2021.

I 2021 hadde vi totalt 360 søkjarar på stillingane våre. Slik vi vurderer det, gjer både kvalifikasjons-prinsippet og ein jobbmarknad med høgt kompetente søkjarar det vanskeleg for søkjarar i denne målgruppa å nå opp i den ordinære rekrutteringsprosessen.

I 2021 har vi vidareutvikla rutine og arbeidsformene våre for å nå måla i inkluderingsdugnaden.

Følgjande tiltak er gjennomførte:

- Kompetanseheving av HR og personalleiarane gjennom webinar om inkludering i regi av DFØ
- Delteke på erfaringsmøte med ASD
- Arbeid med rekrutteringsprosessen; tilpassing av utlysingsteksten og kvalifikasjonskrav
- Utlyst fleire stillingar utan krav om helseerklæring
- Samarbeidsavtale er inngått med NAV
- Pågåande intern prosess for å finne område/stilling for utlysing av traineestilling og praksisplass med forlenga mellombels stilling
- Møte med kontaktperson i NAV. Vi har god dialog, og kontaktperson vil bidra med å finne kandidatar for traineestilling og praksisplass
- Presentasjonar og diskusjonar med hovudleiinga og personalleiarar om korleis vi skal nå måla i inkluderingsdugnaden

I det vidare arbeidet i 2022 vil Ptil ha særskilt merksemd på utlysing av traineestilling gjennom traineeprogrammet i staten, og å tilby praksisplass/mellombels stilling for målgruppa hol i CV og eller redusert funksjonsevne.

I samsvar med aktivitets- og utgreiingsplikta som offentleg myndigheit og arbeidsgjevar, har Ptil gjort greie for sitt systematiske likestillingsarbeid når det gjeld kartlegging, tiltak og vurdering av effekt. Dette vart sendt ASD i august 2021 og er vedlagt denne årsrapporten.

Berekraftmåla i FN

Berekraftmåla i FN er den felles arbeidsplanen verda har for å utrydde fattigdom, nedkjempe ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Nasjonalt handlar arbeidet om korleis måla blir konkretiserte og følgde opp i tråd med regjeringa sin politikk. Ptil har i 2021 hatt særleg merksemd på måla: «ansvarleg forbruk og produksjon» og «stoppe klimaendringane». Vi har i løpet av 2021 arbeidd med å oppdatere klima- og miljøplanen vår. Vi har over lengre tid arbeidd med å velje miljøvenlege alternativ, spare straum og avgrense avfall. Intern oppgradering av møblar og utsmykking baserer seg i hovudsak på gjenbruk. Vi har også lagt til rette for videomøte, som eit godt alternativ til reiser i mange tilfelle. I tillegg søker vi i vårt daglege arbeid med tryggleik og arbeidsmiljø i petroleumsnæringa, og i vårt interne forbetningsarbeid, å bidra til fleire andre av berekraftmåla i FN, som god helse og livskvalitet, likestilling, anstendige arbeidsvilkår og velfungerande institusjonar.



DEL V.

Vurdering av framtidssutsikter

Kapasitet og kompetanse er nøkkelen til tryggleik

Når dette blir skrive, er samfunnet i ferd med å opne opp, sjølv om pandemien framleis er tydeleg til stades. Samtidig er det uro og krig i Europa. Vi står midt i ei tid med stor uvisse.

Vi står samtidig framfor ein periode med høg aktivitet i petroleumsverksemda. Nye prosjekt og omstilling til nye energiformer skal handterast samtidig som produksjonen frå eksisterande felt går for fullt. Aldrande innretningar skal haldast ved like samtidig som automatisering og nye driftsformer skal innførast. Og tryggleiken skal sikrast – i alle fasar, og under alle forhold.

2022 blir året med rekordmange utbyggingsplanar, som følgje av mellombelse skatteordningar. Bodskapen vår er at alle prosjekter skal planleggjast godt, og at avgjerder skal takast på bakgrunn av gjennomarbeidd dokumentasjon. Mange av tilsyna våre i 2022 vil handle om prosjekta.

Kapasitet og kompetanse er nøkkelen til tryggleik. Det er hovudtemaet vårt for 2022. Tryggleiken i ein stadig meir kompleks bransje kan berre sikrast gjennom ein kompetent arbeidsstokk og god bemanning. Dette gjeld ikkje minst når aktivitetsnivået er høgt. Vi vil gjennom året oppfordre til refleksjon og diskusjon om tiltak for å sikre tilstrekkeleg og kompetent bemanning i alle delar av næringa.

Leiinga sitt ansvar

Leiinga på alle nivå i selskapa har eit særleg ansvar for tryggleiken. For å byggje ein god tryggleikskultur trengst det leiarar som går føre og viser veg. Det leiarar spør etter, får merksemd. Vi vil halde fram å stille spørsmålet om korleis leiarar sjølv følgjer opp i eige hus: Om prosedyrar blir etterlevde. Om prosedyrane er gode nok. Om tryggleiken faktisk har første prioritet når alt kjem til alt. Og om dei tiltaka som er planlagde, faktisk blir gjennomførte.

I ei tid med store endringar er partssamarbeid og medverknad ekstra viktig. Når det skjer endringar, når selskap blir omorganiserte eller ny teknologi skal utviklast, er det avgjerande at arbeidstakarar blir trekte tidleg inn i prosessane. Dei må vere med både i utvikling og implementering av nye løysingar. Det sikrar det beste resultatet, og ikkje minst den beste forankringa.

Vi har over fleire år systematisk sjekka om tidlegare pålegg er etterkomne, og om avvik er korrigererte. No forventar vi at selskapa har rydda i eige hus. I 2022 gjennomfører vi ein tilsynskampanje spesielt retta mot selskapa si eiga oppfølging av myndigheitsavvik. I tillegg held vi fram å kontrollere tidlegare avvik i alle relevante revisjonar. Der vi finn manglar, er det ein god grunn til å varsle pålegg.

Læring av hendingar

Vi startar i 2022 eit omfattande prosjekt om oppfølging av alvorlege hendingar. Målet er at både vi og næringa betre kan førebyggje nye hendingar og bidra til kontinuerleg forbetring av tryggleiksnivået. Når ei hending blir granska, er det viktig å få tak i det som er essensiell informasjon. Både vi og selskapa har god erfaring med gransking, men vi ser at det er rom for forbetring. Granskingsmetode er derfor eitt av områda vi tek tak i innanfor denne satsinga. Andre område er analyse og trending av hendingsdata, og metodar for best mogleg læring - læring som fører til endring. Vi vil arbeide saman med næringa for å få dette til.

Tryggleik på nye område

Oljebransjen er i omstilling. Teknologi og kompetanse frå petroleumsnæringa blir teke i bruk på nye måtar. Mange selskap i petroleumsverksemda går gjennom strukturelle endringar for å bli integrerte energiselskap som også satsar på fornybar energi-produksjon. Endringane i bransjen påverkar også oss. Ekspertisen vår er tilsyn med industriell energi- verksemd til havs og på landanlegg. Denne ekspertisen tek vi no med oss inn i nye område, som havvind og CO₂-fangst og -lagring. Samtidig følgjer vi nøye med på omstillingsarbeidet i bransjen, for å forsikre oss om at prioriteringane som blir gjorde, ikkje går ut over tryggleiken.

Det er viktig at vi tek med oss erfaringane og relevant lærdom frå olje- og gassindustrien vidare. Her står også tryggleiksarbeidet sentralt. Vi jobbar blant anna i Regelverksforum med å etablere eit felles utgangspunkt for regelverksutvikling for fornybar energiproduksjon til havs. Det er viktig at alle partar engasjerer seg i arbeidet, slik at vi endar opp med eit godt regime og regelverk også på dette området.

Når uvisse er normalen


Vi har dei siste to åra vent oss til å leve med omskifting, bekymring og stadig endring. Uvisse er vorte normalen.

Slik er det også i den delen av næringa som vi fører tilsyn med. Den politiske situasjonen vil variere, oljeprisen vil variere, oppdraga vil variere, og krava til omstilling og utvikling vil berre bli større i tida framover. I alt dette må vi ta hand om tryggleiken for dei som arbeider i næringa, og for miljøet. I alle fasar, under alle forhold. Dette står vi saman om.



A handwritten signature in black ink that reads "Anne Myhrvold". The signature is fluid and cursive.

Anne Myhrvold
Direktør Petroleumstilsynet



DEL VI.

Årsrekneskap

Føremål

Petroleumstilsynet (Ptil) skal leggje premissar for og følgje opp at aktørane i petroleumsverksemda held eit høgt nivå på helse, miljø og sikkerheit, slik at risikoen for storulukker, uønskete hendingar og arbeidsrelaterte skadar og sjukdom blir redusert. Myndigheitsansvaret gjeld for petroleumsverksemda på norsk kontinentalsokkel og på enkelte landanlegg, for anlegg for CO₂-transport og lagring og innanfor fornybar energiproduksjon til havs. Ansvarer omfattar rettshavarar, operatørselskap, entreprenørar og reiarar, og dekkjer alle fasar av verksemda – frå leiteboring, utbygging og drift fram til stenging og fjerning.

Ptil skal ved eige tilsyn og i samarbeid med andre myndigheiter på HMS-området medverke til at petroleumsverksemda, og verksemd knytt til denne, blir følgd opp på ein heilskapleg måte. Ptil skal vidare leggje stor vekt på å formidle kunnskap om risiko og følgje opp at verksemda skjer på ein forsvarleg måte og i samsvar med gjeldande regelverk.

Ptil er lokalisert i Stavanger og har 180 tilsette pr 31.12.2021, tilsvarande 166,4 utførte årsverk¹².

Rekneskapsprinsipp

Ptil er ei bruttofinansiert verksemd, og rekneskapen for verksemda blir ført som ein periodisert rekneskap i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS). Ptil rapporterer òg til statsrekneskapen etter kontantprinsippet.

Kommentarar til løyvingssrapportering og rekneskap

Då koronapandemien ramma oss i mars 2020 med innføring av strenge restriksjonar og føringar for blant anna reiser og opphald i kontorlokala, vart det gjennomført ei omfattande reallokering av ressursar og planlagde aktivitetar. Ein tilnærma full stans i reiseverksemda og alle tilsette på heimekontor medførte at implementering av elektroniske samhandlingsløysingar måtte forserast medan oppstart av andre prosjekt og oppgåver måtte forskyvast.

Gjennomføring av ulike prosjekt og aktivitetar i 2021 har også vore prega av smittesituasjonen både i Noreg og utlandet elles. Sjølv om vi har gjennomført fleire fysiske tilsyn i forhold til 2020, har avgrensingar og uføreseielege forhold i restriksjonar knytte til reiser og deltaking i både små og store arrangement sett sitt preg på gjennomføringa av aktivitetane våre.

Ein relativt stram og pressa arbeidsmarknad har bidrege til at det ofte tek lengre tid enn føreset å finne kvalifiserte søkjarar til stillingar som i periodar har stått ledige i samband med stillingsavgang. Vakante stillingar har dermed bidrege til at lønsmidlar har stått ubrukt.

Det var planlagt, gjennomført og ferdigstilt fleire utviklings- og digitaliseringsprosjekt, men gjennom fjoråret vart det nødvendig å justere planar og tidspunkt for både oppstart og ferdigstilling av

¹² Eit årsverk er i samsvar med definisjon av utførte årsverk, jf. PM-2019-13.

enkelte prosjekt, bla. på grunn av kapasitetsutfordringer både hos leverandørane våre og internt. Lita oppslutning og manglande respons frå potensielle tilbydarar på utlysing av oppdrag har også medført utsetjing av enkelte prosjekt.

Dette er faktorar som har sett sitt preg på operasjoniseringa av tildelte løyvingar innanfor den ordinære drifta, tilsynsverksemda og oppdrags- og samarbeidsverksemda vår (bistandsoppgåver under Norad).

Løyvingsrapportering

Samla tildeling for Ptil var på 349,3 mill. kroner. Saman med refusjonar frå NAV og utnytting av fullmakter har den disponible ramma vore 351,9 mill. kroner.

Utgiftsløyvinga på post 01 *Driftsutgifter* vart i 2021 auka med 6,0 mill. kroner for gjennomføring av satsing på eit seriøst og sikkert arbeidsliv. I tillegg er løyvinga justert for lønskompensasjon og prisjusteringar i tillegg til justeringar som følgje av ABE-reforma.

Løyvinga på post 01 *Driftsutgifter* skal, i tillegg til å dekkje dei ordinære løns- og driftsutgiftene, også dekkje utgifter innanfor tilsynsverksemda og spesielle satsingsområde. Det er ei mindreutgift på post 01 på til saman 19,4 mill. kroner.

Løyvinga på post 21 *Spesielle driftsutgifter* dekkjer utgifter for gjennomføring av tilsyn i petroleumsnæringa og for utgifter Ptil har i samband med verksemda til Norad - Olje for utvikling. På post 21 har Ptil ei mindreutgift på 6,4 mill. kroner.

Ein større del av dei planlagde aktivitetane våre retta mot verksemda til Norad, har ikkje vore mogleg å gjennomføre. Dette kjem av strenge restriksjonar ved reiser til mottakarlanda og av avgrensa rom til å omrokkere og gjennomføre planlagde aktivitetar ved bruk av digitale samhandlingsverktøy.

Samla inntektskrav i 2021 var på 198,6 mill. kroner og skal dekkje utgiftene våre til oppdrags- og samarbeidsverksemd, gebyr ved gjennomføring av tilsyn¹³ og mot grupper av aktørar i petroleumsvksemda (sektoravgift)¹⁴. Vi har ei samla mindreinntekt ved gjennomføring av tilsyn på 4,6 mill. kroner knytt til post 03 *Gebyr tilsyn* og 2,5 mill. kroner på post 70 *Petroleumstilsynet – Sektoravgift*. Mindreinntektene må ein blant anna sjå i samanheng med tilhøyrande mindreutgifter på postane 01 og 21, knytt til gjennomføring av refunderbare prosjekt og oppgåver.

Mellomverande med statskassen utgjorde 9,7 mill. kroner ved utgangen 2021. Dette er 1,0 mill. kroner høgare enn i 2020 og kjem av auke i skattetrekk.

Artskontorapportering

Det er innbetalt i alt 81,5 mill. kroner knytt til gjennomføring av ulike aktivitetar innanfor gebyrfinansiert tilsynsverksemd, ein auke på 10 mill. kroner samanlikna med 2020. Sals- og leigeinntekter knytte til oppdrags- og samarbeidsverksemd retta mot Norad – Olje for utvikling mv., er på same nivå som for 2020.

Utbetalingar til løn er auka med 4,3 mill. kroner frå 2020. Auken kjem primært av generell lønsauke og at kostnader til drift av kantine og bedriftshelseteneste er flytt frå *Andre utbetalingar til drift til Utbetalingar til løn*.

¹³ Gebyr blir kravd frå verksemdene i petroleumsnæringa når tilsynet er retta mot den enkelte aktøren eller verksemda.

¹⁴ Sektoravgift blir kravd for aktivitetar retta mot heile eller grupper av næringa.

Til andre driftskostnader er det utbetalt 93,2 mill. kroner. Ein reduksjon på 3,3 mill. kroner frå 2020 må ein sjå i samanheng med ei ekstraordinær innbetaling av meirverdiavgiftskompensasjon knytt til kontorlokala våre som vart utført i 2020.

Det er utbetalt 4,4 mill. kroner til investeringar i 2021. Dette dekkjer foruten generell utskifting av PC-ar etc., investering i lisensar og programvare og oppgradering av møteromma våre til å kunne handtere og gjennomføre møte og elektronisk samhandling på digitale plattformer.

Ptil sine inntekter frå tilsyn som gjeld sektorfinansierte oppgåver (innkrevjingsverksemd), er på 105,3 mill. kroner, ein auke på 4,3 mill. kroner samanlikna med 2020.

Verksemdsrekneskapen etter SRS

Driftsinntekter

Dei totale driftsinntektene er på 323,3 mill. kroner og representerer ein auke på 0,9 prosent frå 2020. Inntekter frå gebyr er auka med 1,3 mill. kroner samanlikna med 2020. Også sals- og leigeinntekter som i det vesentlegaste er inntekter frå oppdrags- og samarbeidsverksemda vår med Norad, har hatt ein auke på 0,6 mill. kroner.

Driftskostnader

Dei totale driftskostnadene i 2021 utgjorde 323,3 mill. kroner, ein auke på 0,9 prosent samanlikna med 2020. Samanlikna med 2020, der det vart innført strenge reiserestriksjonar og vi såg oss nøydde til å endre gjennomføringa vår av planlagde oppgåver, har vi i 2021 kunna gjennomføre fleire fysiske tilsyn. Dette er også spegla i auka utgifter i forhold til 2020.

Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten

Avgifter og gebyr direkte til statskassen omfattar inntektene Ptil har frå gjennomføring av sektoroppgåver retta mot petroleumsnæringa. I 2021 har Ptil hatt ein reduksjon i inntektene på 4,3 mill. kroner tilsvarende 3,9 prosent.

Stadfesting

Årsrekneskapen er lagd fram i samsvar med føresegner om økonomistyring i staten, rundskriv frå Finansdepartementet og instruks frå overordna departement. Årsrekneskapen gir etter mi vurdering eit dekkande bilete av Ptils disponible løyvingar og av rekneskapsførte utgifter, inntekter, egedelar og gjeld. Ptil blir revidert som forvaltingsorgan av Riksrevisjonen. Revisjonsmeldinga er truleg klar i løpet av 2. kvartal 2022.

Petroleumstilsynet, 15.03.2022



Anne Myhrvold

Direktør Petroleumstilsynet

Prinsippnote til løyving- og artskontorrapportering

Årsrekneskap for Ptil er utarbeidd og avlagt etter nærare retningslinjer fastsette i *Føresegner om økonomistyring i staten* ("føresegnene"). Årsrekneskapen er i samsvar med krav gjevne i føresegnene punkt 3.4.1 Generelt om årsrekneskap, nærare føresegner i Finansdepartementet sitt rundskriv R-115 av desember 2019 og eventuelle tilleggskrav som er fastsette av overordna departement.

Oppstillinga av løyvingrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i føresegnene punkt 3.4.2 *Grunnleggjande prinsipp for årsrekneskap*:

- a) Rekneskapen følgjer kalenderåret.
- b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- c) Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med brutto beløp.
- d) Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillingane av løyving- og artskontorrapportering er utarbeidd etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarer med krav i føresegnene punkt 3.5 *Rapportering til statsrekneskapen* til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja for netto rapportert til løyvingrekneskapen er lik i begge oppstillingane.

Ptil er knytt til staten si konsernkontoordning i Noregs Bank i samsvar med krav i føresegnene pkt. 3.7.1 Staten si konsernkontoordning. Ptil er ei bruttobudsjettert verksemd og blir ikkje tilført likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på eigen konsernkonto i Noregs Bank. På slutten av året blir saldoen nullstilt på den enkelte oppgjerskontoen ved overgangen til eit nytt år.

Løyvingrapporteringa

Oppstillinga av løyvingrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingrapporteringa og ein nedre del som viser beholdningar Ptil står ført opp med i kapitalrekneskapen.

Løyvingrapporteringa viser rekneskapstal som Ptil har rapportert til statsrekneskapen, og er ført opp etter kapitla og postane som Ptil har fullmakt til å disponere. Kolonnen *Samla tildeling* viser kva Ptil har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle egedelar og forpliktingar Ptil står ført opp med i staten sin kapitalrekneskap.

Innkome fullmakter til å belaste kapittel/post i ei anna verksemd (belastningsfullmakter) blir ikkje viste i kolonnen for *Samla tildeling*, men er omtalte i note B til løyvingoppstillinga. Utgiftene som er knytte til mottekne belastningsfullmakter, er bokførte og rapporterte til statsrekneskapen og blir viste i kolonnen *Rekneskap* i løyvingrapporteringa. I 2021 har Ptil har fått belastningsfullmakt frå Arbeids- og sosialdepartementet.

Ptil har ikkje gjeve frå seg belastningsfullmakter i 2021.

Artskontorrapporteringa

Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar, og ein nedre del som viser egedelar og gjeld som inngår i mellomvære med statskassen. Ptil har ein trekkrett på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje rapporterte som ei inntekt i statsrekneskapen og derfor ikkje viste som inntekt i oppstillinga.

Oppstilling av løyingsrapportering 31.12.2021

Utgifts-					Samla	Rekneskap	Meirutgift (-) og
kapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	tildeling	2021	mindreutgift
0642	Petroleumstilsynet (jf. kap. 3642)	01	Driftsutgifter	A, B	318 889 000	299 494 603	19 394 397
0642	Petroleumstilsynet (jf. kap. 3642) ASD - belastningstullmakt 0601.21 - FoU om	21	Spesielle driftsutgifter	A, B	28 445 000	22 044 819	6 400 181
0601	varetaking av storulykkesrisiko og arb.miljø ...	21	Spesielle driftsutgifter	B	2 000 000	981 814	1 018 186
1633	Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift	01	Driftsutgifter			14 088 500	
<i>Sum utgiftsført</i>					349 334 000	336 609 736	

Inntekts-					Samla	Rekneskap	Meirinntekt og
kapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst		tildeling	2021	mindreinntekt (-)
3642	Petroleumstilsynet (jf. kap. 0642)	02	Oppdrags- og samarbeidsverksemd		4 766 000	4 729 953	-36 048
3642	Petroleumstilsynet (jf. kap. 0642)	03	Gebyr tilsyn		86 019 000	81 455 668	-4 563 332
3642	Petroleumstilsynet (jf. kap. 0642) Sektoravgift under Arbeids- og sosial-	06	Andre innbetalningar		0	514 183	514 183
5571	departementet	70	Petroleumstilsynet – sektoravgift		107 826 000	105 335 714	-2 490 286
5309	Tilfeldige inntekter	29	Ymse			284 793	
5700	Folketrygda sine inntekter	72	Arbeidsgivaravgift			27 489 162	
<i>Sum inntektsført</i>					198 611 000	219 809 473	

Netto rapportert til løyingsrekneskapen

116 800 263

Kapitalkontoar

60087401	Noregs Bank, Konsernkonto - innbetalningar					194 508 707	
60087402	Noregs Bank, Konsernkonto - utbetalningar					-310 338 840	
718006	Endringar i mellomvære med statskassen					-970 130	
Sum rapportert						0	

Behaldningar rapporterte til kapitalrekneskapen (31.12)

Konto	Tekst	2021	2020	Endring
718006	Mellomvære med statskassen	-9 735 856	-8 765 726	-970 130

Note A Forklaring av samla tildeling utgifter

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Tildelingar for året	Samla tildeling
064201	12 396 000	306 493 000	318 889 000
064221	1 261 000	27 184 000	28 445 000

Note B Forklaring til brukte fullmakter og berekning av mogleg overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	064201	064221	060121
Stikkord	"Kan nyttast under post 21"		
Meirutgift (-) /mindreutgift	19 394 397	6 400 181	1 018 186
Utgiftsført av andre i samsvar med gitte belastningsfullmakter (-)	0	0	
Meirutgift(-)/ mindreutgift etter avgitte belastningsfullmakter	19 394 397	6 400 181	0
Meirinntekter / mindreinntekter (-) i samsvar med meirinntektsfullmakt (justert for eventuell mva.)	514 183	-36 048	Ikkje aktuell
Omdisponering frå post 01 til 45 eller til post 01/21 frå neste års løyving	0	0	Ikkje aktuell
Innsparingar (-)	0	0	Ikkje aktuell
Sum grunnlag for overføring	19 908 580	6 364 134	Ikkje aktuell
Maks. overførbart beløp *	15 324 650	1 359 200	
Mogleg overførbart beløp berekna av verksemda	15 324 650	1 359 200	

*Maksimalt beløp som kan overførast, er 5 % av løyvinga for året på driftspostane 01–29, unntate post 24 eller summen av løyvingane for dei to siste åra for postar med stikkordet "kan overførast". Sjå årleg rundskriv R-2 for meir detaljert informasjon om overføring av ubrukne løyvingar.

Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

Stikkordet "kan nyttast under"

Petroleumstilsynet si løyving på kapittel/post 0642.01 er gitt med stikkordet "kan nyttast under post 21". Dette gir Petroleumstilsynet heimel til å kunne overskride kapittel/post 0642.21 mot tilsvarande innsparing under kapittel/post 0642.01.

Fullmakt til å overskride driftsløyvingane mot tilsvarande meirinntekter

Petroleumstilsynet har fullmakt til å overskride driftsløyvinga under kapittel/post 0642.01. Driftsutgifter mot tilsvarande meirinntekter under kapittel/post 3642.06 Andre innbetalingar. Meirinntektene kjem på kr 514.183,-. Beløpet inngår i utrekning av mogleg overførbart beløp til neste år.

Petroleumstilsynet har fullmakt til å overskride driftsløyvinga under kapittel/post 0642.21 Spesielle driftsutgifter mot tilsvarande meirinntekter under kapittel/post 3642.02 Oppdrags- og samarbeidsverksemd. Petroleumstilsynet har mindreinntekter på post 02 på kr 36.048,-. Beløpet inngår i utrekning av mogleg overførbart beløp til neste år.

Mogleg overførbart beløp

Petroleumstilsynet har fullmakt til å overføre inntil 5 % av løyvinga gitt på kapittel 0642.01 og 0642.21, jf. Tildelingsbrev 2021 – Vedlegg 1 Budsjettfullmakter 2021 Petroleumstilsynet, Løyvingsreglementet §5 tredje ledd nr. 1 og det årlege rundskrivet om overføring av ubrukt løyving (R-2).

Petroleumstilsynet si ubrukne løyving på kapittel/post 0642.01 kjem på kr 19 908 580,-. I samsvar med gitte fullmakter er maksimalt overførbart beløp kr 15.324.650,-.

Justert for mindreinntekta på kapittel/post 3642.02 utgjer Petroleumstilsynet si ubrukne løyving på kapittel/post 0642.21 kr 6.364.134,-. I samsvar med fullmakta til å overføre inntil 5 % av årets tildeling utgjer mogleg overførbart beløp kr 1.359.200,-.

Innkome belastningsfullmakter

Petroleumstilsynet har fått belastningsfullmakt frå Arbeids- og sosialdepartementet på kr 2.000.000,- på kapittel /post 0601.21 til gjennomføring av FoU-prosjekt om varetaking av storulykkesrisiko og arbeidsmiljø i utvinningsløyve og rettshavargrupper og har nytta kr 981.814,- av belastningsfullmakta.

Oppstilling av artskontorapporteringa 31.12.2021

	2021	2020
Driftsinntekter rapporterte til løvingsrekneskapen		
Innbetalinger frå gebyr	81 455 668	71 471 089
Sals- og leigeinnbetalningar	4 729 953	4 805 421
Andre innbetalningar	513 878	1 192 967
<i>Sum innbetalningar frå drift</i>	86 699 498	77 469 476
Driftsutgifter rapporterte til løvingsrekneskapen		
Utbetalningar til løn	224 876 170	220 581 259
Andre utbetalningar til drift	93 212 040	96 514 935
<i>Sum utbetalningar til drift</i>	318 088 210	317 096 194
Netto rapporterte driftsutgifter	231 388 712	239 626 718
Investerings- og finansinntekter rapporterte til løvingsrekneskapen		
Innbetaling av finansinntekter	305	183
<i>Sum investerings- og finansinntekter</i>	305	183
Investerings- og finansutgifter rapporterte til løvingsrekneskapen		
Utbetaling til investeringar	4 430 166	3 392 316
Utbetaling av finansutgifter	2 860	62
<i>Sum investerings- og finansutgifter</i>	4 433 026	3 392 379
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter	4 432 721	3 392 196
Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten		
Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr m.m.	105 335 714	109 596 753
<i>Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten</i>	105 335 714	109 596 753
Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten		
Utbetalningar av tilskot og stønader	0	0
<i>Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten</i>	0	0
Inntekter og utgifter rapporterte på felleskapittel		
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)	284 793	216 600
Arbeidsgivaravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)	27 489 162	27 165 053
Nettoføringsordning for meirverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)	14 088 500	12 716 866
<i>Netto rapporterte utgifter på felleskapittel</i>	-13 685 455	-14 664 788
Netto rapportert til løvingsrekneskapen	116 800 263	118 757 372

Oversikt over mellomvære med statskassen

	2021	2020
Eigedelar og gjeld		
Fordringar på tilsette	0	72 900
Andre kortsiktige fordringar	8 538	8 538
Skuldig skattetrekk og andre trekk	-9 737 053	-8 836 732
Skuldige offentlege avgifter	-93 396	-43 846
Anna gjeld	86 055	33 414
Sum mellomvære med statskassen	-9 735 856	-8 765 726

Prinsipp for oppstilling av verksemdsrekneskap

Verksemdsrekneskapen er sett opp i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS). Årsrekneskapen for 2021 er utarbeidd etter SRS 1 og SRS 10 av desember 2020 og inneber ei forenkla praktisering av prinsippet om motsett samanstilling.

Transaksjonsbaserte inntekter

Transaksjonar blir resultatførte til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekt blir resultatført når ho er tent opp. Sal av tenester blir inntektsførte i takt med utføringa.

Inntekter frå løyvingar

Inntekt frå løyvingar blir resultatførte etter prinsippet om motsett samanstilling. Dette inneber at inntekt frå løyvingar og inntekt frå tilskot og overføringar blir resultatførte i takt med at aktivitetane som er finansierte av desse inntektene, blir utførte, det vil seie i same periode som kostnadene kjem på (motsett samanstilling).

Som bruttobudsjettetert verksemd har Ptil ei forenkla praktisering av prinsippet om motsett samanstilling ved at inntekt frå løyvingar blir berekna som differansen mellom kostnadene og opptente transaksjonsbaserte inntekter i perioden og eventuelle inntekter frå tilskot og overføringar til verksemda. Ein konsekvens av dette er at resultat av aktivitetane i perioden blir null.

Kostnader

Utgifter som gjeld transaksjonsbaserte inntekter, blir kostnadsførte i same periode som tilhøyrande inntekt. Utgifter som blir finansierte med inntekt frå løyving og inntekt frå tilskot og overføringar, blir kostnadsførte i same periode som aktivitetane er gjennomførte og ressursane er forbrukte.

Pensjonar

SRS 25 *Ytingar til tilsette* legg til grunn ei forenkla rekneskapsmessig tilnærming til pensjonar. Statlege verksemder skal ikkje balanseføre netto pensjonsplikter for ordningar til Statens Pensjonskasse (SPK).

Ptil resultatfører arbeidsgivardel av pensjonspremien som pensjonskostnad. Pensjon blir kostnadsført som om pensjonsordninga i SPK var basert på ein innskotsplan.

Klassifisering og vurdering av anleggsmiddel

Anleggsmiddel er varige og betydelege eigedelar som blir disponerte av Ptil. Varige eigedelar er eigedelar med utnyttbar levetid på 3 år eller meir. Med betydelege eigedelar meiner vi eigedelar med anskaffingskost på kr 50.000 eller meir. Anleggsmiddel er balanseførte til anskaffingskost der avskrivningar er trekte frå. Kontorinventar og datamaskiner (PC-ar, tenarar m.m.) med utnyttbar levetid på 3 år eller meir er balanseførte som eigne grupper. Varige driftsmiddel blir nedskrivne til verkeleg verdi ved endra bruk eller utnytting, dersom verkeleg verdi er lågare enn balanseført verdi.

Klassifisering og vurdering av omløpsmiddel og kortsiktig gjeld

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år etter anskaffingstidspunktet. Andre postar er klassifiserte som anleggsmiddel eller langsiktig gjeld. Omløpsmiddel blir vurderte til det lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er førte opp i balansen til pålydande etter frådrag for eventuelle avsetjingar til venta tap. Avsetjing til tap blir gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane.

Staten sin kapital

Staten sin kapital utgjør nettobeløpet av Ptil sine eigedelar og gjeld og går fram i rekneskapslinja for avrekningar i balanseoppstillinga. Som bruttobudsjettert verksemd presenterer ikkje Ptil konsernkontoane i Noregs Bank som bankinnskot. Konsernkontoane inngår i rekneskapslinja *Avrekna med statskassen*.

Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten

Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten blir presenterte etter kontantprinsippet.

Statlege rammevilkår

Sjølvassurandørprinsippet

Staten opererer som sjølvassurandør. Det er derfor ikkje inkludert postar i balanse eller resultatrekneskap som søker å reflektere alternative netto forsikringskostnader eller forpliktingar.


Staten si konsernkontoordning

Ptil er omfatta av staten si konsernkontoordning. Konsernkontoordninga inneber at alle innbetalingar og utbetalingar dagleg blir gjorde opp mot Ptil sine oppgjerskontoar i Noregs Bank.

Som bruttobudsjettert verksemd får ikkje Ptil tilført likvidar gjennom året, men har ein trekkrett på eigen konsernkonto, og saldoen på den enkelte oppgjerskontoen blir nullstilt i Noregs Bank ved overgang til nytt rekneskapsår.

Resultatrekneskap

	Note	31.12.2021	31.12.2020
Driftsinntekter			
Inntekt frå løyvingar	1	240 461 445	238 911 930
Inntekt frå gebyr	1	77 348 288	76 049 985
Sals- og leigeinntekter	1	4 961 150	4 351 124
Andre driftsinntekter	1	513 878	1 078 877
<i>Sum driftsinntekter</i>		323 284 761	320 391 916
Driftskostnader			
Varekostnader	2	6 359 080	5 461 890
Lønskostnader	3	224 461 589	220 506 670
Avskrivningar på varige driftsmiddel og immaterielle eigedelar	4, 5	3 340 414	3 255 654
Andre driftskostnader	6	89 121 123	91 167 822
<i>Sum driftskostnader</i>		323 282 206	320 392 037
Driftsresultat		2 555	-121
Finansinntekter og finanskostnader			
Finansinntekter	7	305	183
Finanskostnader	7	2 860	62
<i>Sum finansinntekter og finanskostnader</i>		-2 555	121
Resultat av aktivitetar i perioden		0	0
Avrekningar og disponeringar			
<i>Sum avrekningar og disponeringar</i>		0	0
Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten			
Avgifter og gebyr direkte til statskassen	9	-105 335 714	-109 596 753
Avrekning med statskassen innkrevjingsverksemd		105 335 714	109 596 753
<i>Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten</i>		0	0



Balanse – egedelar

	Note	31.12.2021	31.12.2020
A. Anleggsmiddel			
I Immaterielle egedelar			
Programvare og liknande rettar	4	1 590 707	1 742 242
<i>Sum immaterielle egedelar</i>		1 590 707	1 742 242
II Varige driftsmiddel			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	5	1 493 613	1 595 525
Driftslausøyre, inventar, verktoy og liknande	5	8 859 944	7 576 113
<i>Sum varige driftsmiddel</i>		10 353 557	9 171 638
III Finansielle anleggsmiddel			
Andre fordringar	10	42 108 704	45 937 829
<i>Sum finansielle anleggsmiddel</i>		42 108 704	45 937 829
Sum anleggsmiddel		54 052 967	56 851 710
B. Omløpsmiddel			
I Behaldningar av varer og driftsmateriell			
<i>Sum behaldning av varer og driftsmateriell</i>		0	0
II Fordringar			
Kundefordringar	11	1 645 792	4 829 068
Opptente, ikkje-fakturerte inntekter	12	15 591 945	16 578 513
Andre fordringar	13	179 272	1 267 227
<i>Sum fordringar</i>		17 417 009	22 674 808
III Bankinnskot, kontantar og liknande			
<i>Sum bankinnskot, kontantar og liknande</i>		0	0
Sum omløpsmiddel		17 417 009	22 674 808
Sum egedelar		71 469 976	79 526 518

Balanse – kapital og gjeld for staten

	Note	31.12.2021	31.12.2020
C. Staten sin kapital			
I Verksemdskapital			
<i>Sum verksemdskapital</i>		0	0
II Avrekninger			
Avrekna med statskassen (bruttobudsjetterte)	8A, 8B	32 502 664	37 495 541
<i>Sum avrekninger</i>		32 502 664	37 495 541
III Staten si finansiering av immaterielle egedelar og varige driftsmiddel			
<i>Sum staten si finansiering av immaterielle egedelar og varige driftsmiddel</i>		0	0
Sum staten sin kapital		32 502 664	37 495 541
D. Gjeld			
I Avsetjing for langsiktige forpliktingar			
<i>Sum avsetjing for langsiktige forpliktingar</i>		0	0
II Anna langsiktig gjeld			
<i>Sum anna langsiktig gjeld</i>		0	0
III Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		-8 577	12 330 336
Skuldig skattetrekk		9 737 053	0
Skuldige offentlege avgifter		3 734 556	3 736 665
Avsette feriepengar		18 787 088	18 698 028
Anna kortsiktig gjeld	14	6 717 193	7 265 948
<i>Sum kortsiktig gjeld</i>		38 967 313	42 030 977
Sum gjeld		38 967 313	42 030 977
Sum kapital og gjeld for staten		71 469 976	79 526 518

Note 1 Driftsinntekter

	31.12.2021	31.12.2020
Inntekt frå løyvingar		
Inntekt frå løyving frå overordna departement	239 479 631	238 911 930
Inntekt frå løyving frå andre departement, belastingsfullmakt	981 814	0
Sum inntekt frå løyvingar	240 461 445	238 911 930
Inntekt frå gebyr		
Gebyr m.m. – refusjonsrett	77 348 288	76 049 985
Sum inntekt frå gebyr	77 348 288	76 049 985
Sals- og leigeinntekter		
Sikkerhetsforum	293 662	0
Inntekter frå oppdrags- og samarbeidsverksemd	4 667 488	4 332 174
Anna inntekt	0	18 950
Sum sals- og leigeinntekter	4 961 150	4 351 124
Andre driftsinntekter		
Anna driftsinntekt	513 878	1 078 877
Sum andre driftsinntekter	513 878	1 078 877
Sum driftsinntekter	323 284 761	320 391 916

Note 2 Varekostnader

	31.12.2021	31.12.2020
Konsulenttenester	1 928 000	1 301 152
Støtte frå statlege verksemder	1 938 779	1 024 128
Reisekostnader	2 003 533	2 713 274
Avsetjing for påkomne kostnader	102 857	0
Andre driftskostnader	385 912	423 337
Sum varekostnader	6 359 080	5 461 890

Note 3 Lønskostnader

	31.12.2021	31.12.2020
Løn	154 476 627	154 277 160
Feriepengar	19 577 365	19 329 486
Arbeidsgivaravgift	27 439 615	27 156 528
Pensjonskostnader*	20 095 926	19 630 145
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-2 100 132	-2 213 729
Andre ytingar	4 972 188	2 327 080
Sum lønskostnader	224 461 589	220 506 670

Tal på utførte årsverk: **166,4** **168,2**

* Nærare om pensjonskostnader

Frå og med 1. januar 2017 betaler Petroleumstilsynet pensjonspremie til Statens pensjonskasse (SPK). For 2021 er arbeidsgjevar sin del av pensjonspremien 12 prosent. Premiesatsen for 2020 var av SPK estimert til 12,0 prosent.

Petroleumstilsynet er omfatta av rundskriv R-118 - Budsjettering og rekneskapsføring av pensjonspremie for statlege verksemder frå 2017.

Note 4 Immaterielle egedelar

	Programvare og liknande	
	rettar	Sum
Anskaffelseskost 01.01.2021	8 560 503	8 560 503
Tilgang i 2021	402 875	402 875
Avgang anskaffelseskost i 2021 (-)	0	0
Frå anlegg under utførelse til annan gruppe i 2021	0	0
Sum anskaffelseskost 31.12.2021	8 963 378	8 963 378
Akkumulerte nedskrivningar 01.01.2021	0	0
Nedskrivningar i 2021	0	0
Akkumulerte avskrivningar 01.01.2021	6 818 261	6 818 261
Ordinære avskrivningar i 2021	554 411	554 411
Akkumulerte avskrivningar avgang i 2021 (-)	0	0
Balanseført verdi 31.12.2021	1 590 707	1 590 707

Avskrivningssatsar (levetider)

5 år / lineært

Note 5 Varige driftsmiddel

	Bygninger og annan fast eigedom	Driftslausøyre, inventar, verktøy o.l.	Sum
Anskaffelseskost 01.01.2021	1 936 364	32 624 773	34 561 137
Tilgang i 2021	0	3 967 922	3 967 922
Avgang anskaffelseskost i 2021 (-)	0	0	0
Fra anlegg under utførelse til annen gruppe i 2021	0	0	0
<i>Sum anskaffelseskost 31.12.2021</i>	1 936 364	36 592 694	38 529 058
Akkumulerte nedskrivninger 01.01.2021	0	0	0
Nedskrivninger i 2021	0	0	0
Akkumulerte avskrivninger 01.01.2021	340 838	25 048 660	25 389 498
Ordinære avskrivninger i 2021	101 912	2 684 091	2 786 003
Akkumulerte avskrivninger avgang i 2021 (-)	0	0	0
Balanseført verdi 31.12.2021	1 493 613	8 859 944	10 353 557

	10–60 år dekomponert	
Avskrivningssatsar (levetider)	lineært	3–15 år / lineært

Avhending av varige driftsmiddel i 2021:

Salssum ved avgang anleggsmiddel	0	0	0
- Bokført verdi avhenda anleggsmiddel	0	0	0
= Rekneskapsmessig gevinst/tap	0	0	0

Note 6 Andre driftskostnader

	31.12.2021	31.12.2020
Husleige	27 452 770	27 033 972
Vedlikehold og ombygging av leigde lokale	7 554	13 008
Andre kostnader til drift av eigedom og lokale	7 264 670	8 246 721
Leige av maskiner, inventar og liknande	4 025 455	3 270 836
Mindre utstyrsanskaffingar	813 550	812 503
Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr osv.	287 546	207 959
Kjøp av framande tenester	7 637 683	8 617 664
Kjøp av konsulenttenester	31 543 263	32 018 764
Kjøp av andre framande tenester	1 306 936	2 455 038
Reiser og diett	879 701	1 036 983
Andre driftskostnader	7 901 995	7 454 374
Sum andre driftskostnader	89 121 123	91 167 822

Tilleggsinformasjon om operasjonelle leigeavtalar*

	Type eigedel			Sum
	Immaterielle eigedelar	Tomter, bygninger og annan fast eigedom	Driftslausøyre, inventar, verktøy og liknande	
Attverande varigheit				
Varigheit inntil 1 år	818 317		191 700	1 010 017
Varigheit 1–5 år	2 129 963		294 340	2 424 303
Varigheit over 5 år		27 452 770		27 452 770
Kostnadsført leigebetaling for perioden	2 948 280	27 452 770	486 040	30 887 090

*Berre vesentlege leigeavtalar er spesifiserte.

Note 7 Finansinntekter og finanskostnader

	31.12.2021	31.12.2020
Finansinntekter		
Renteinntekter	305	183
Valutagevinst (agio)	0	0
Sum finansinntekter	305	183
Finanskostnader		
Rentekostnad	2 582	62
Valutatap (disagio)	278	0
Sum finanskostnader	2 860	62

Note 8 Samheng mellom avrekna med statskassen og mellomvere med statskassen

A) Forklaring til at resultatet for perioden ikkje er lik endring i avrekna med statskassen i balansen (kongruensavvik)

	31.12.2021	31.12.2020	Endring
Avrekna med statskassen	32 502 664	37 495 541	-4 992 878

Bakgrunnen for at resultatet for perioden ikkje er lik endring i avrekna med statskassen i balansen for bruttobudsjetterte verksemdar, er at konsernkontoane i Noregs Bank inngår som ein del av avrekna med statskassen i balansen. I tillegg er det teke omsyn til enkelte transaksjonar som ikkje er knytte til drifta av verksemda og transaksjonar som ikkje medfører ut- eller innbetaling. Nedanfor viser vi dei ulike postane som er grunnen til at endring i avrekna med statskassen i balansen ikkje er lik resultatet for perioden.

Endring i avrekna med statskassen

Konsernkontoer i Noregs Bank

- Konsernkonto utbetaling	-310 338 840
+ Konsernkonto innbetaling	194 508 707
Sum netto trekk konsernkonto	-115 830 133

Innbetalingar og utbetalingar som ikkje inngår i drifta av verksemda (er gjennomstrøymingspostar)

- Innkrevjingsverksemd, sektoravgifter	-105 335 714
--	--------------

Bokføringar som ikkje går over bankkonto, men direkte mot avrekning med statskassen

+ Inntektsført frå løyving (underkonto 1991 og 1992)	240 461 445
- Gruppeliv/arbeidsgivaravgift (underkonto 1985 og 1986)	-27 773 955
+ Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift (underkonto 1987)	13 471 235

Forskjell mellom resultatført og netto trekk på konsernkonto	4 992 878
--	-----------

Resultat av aktivitetar i perioden før avrekning med statskassen	0
--	---

Sum endring i avrekna med statskassen	4 992 878
--	------------------

Note 8 Samanheng mellom avrekna med statskassen og mellomvære med statskassen**B) Skilnad mellom avrekna med statskassen og mellomvære med statskassen**

	31.12.2021	31.12.2021	
	Spesifisering av <u>bokført</u> avrekning med statskassen	Spesifisering av <u>rapportert</u> mellomvære med statskassen	Skilnad
Immaterielle eigedelar, varige driftsmiddel og finansiering av desse			
Immaterielle eigedelar	1 590 707	0	1 590 707
Varige driftsmiddel	10 353 557	0	10 353 557
Staten si finansiering av immaterielle eigedelar og varige driftsmiddel	0	0	0
Sum	11 944 263	0	11 944 263
Finansielle anleggsmiddel			
Andre fordringar	42 108 704	0	42 108 704
Sum	42 108 704	0	42 108 704
Omløpsmiddel			
Kundefordringar	1 645 792	0	1 645 792
Opptente, ikkje-fakturerte inntekter	15 591 945	0	15 591 945
Andre fordringar	179 272	8 538	170 735
Sum	17 417 009	8 538	17 408 471
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	8 577	0	8 577
Skuldig skattetrekk og andre trekk	-9 737 053	-9 737 053	0
Skuldige offentlege avgifter	-3 734 556	-93 396	-3 641 160
Avsette feriepengar	-18 787 088	0	-18 787 088
Anna kortsiktig gjeld	-6 717 193	86 055	-6 803 248
Sum	-38 967 313	-9 744 394	-29 222 919
Sum	32 502 664	-9 735 856	42 238 520

Mellomverande med statskassen består av kortsiktige fordringar og gjeld som etter økonomiregelverket er rapportert til statsrekneskapan (S-rapport). Avrekna med statskassen viser finansieringa av Petroleumstilsynet sine netto eigedelar og gjeld.

Note 9 Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten

	31.12.2021	31.12.2020
Sektoravgift, timar	-70 176 762	-69 733 767
Refundert utlegg konsulentar, sektoravgift	-33 987 804	-37 657 674
Refundert utlegg andre driftskostnader, sektoravgift	-1 032 528	-841 771
Refundert utlegg for reiseutgifter, sektoravgift	-157 723	-1 171 624
Avrekningskonto, avsetjingar sektoravgift	-5 323 458	-3 047 791
Avrekningskonto, fordringar sektoravgift	19 103	-191 918
Opptente, ikkje-fakturerte inntekter, sektoravgift	5 323 458	3 047 791
Sum avgifter og gebyr direkte til statskassen	-105 335 714	-109 596 753

Inntekter frå sektoravgift er klassifiserte som innkrevjingsverksemd. Innkrevjing av sektoravgift inngår ikkje som ein del av driftsinntektene, men blir presentert som ein resultatnøytral gjennomstrøymingspost ført etter kontantprinsippet i resultatoppstillinga.

Note 10 Andre fordringar

	31.12.2021	31.12.2020
Betalt meirverdiavgiftspåslag, akkumulert per 01.01	65 783 633	60 100 633
Betalt meirverdiavgiftspåslag	0	5 683 000
<i>Sum betalt merverdiavgiftspåslag pr 31.12</i>	65 783 633	65 783 633
Kostnadsføring forskotsbetalt husleige, akkumulert per 01.01	19 845 804	16 267 335
Kostnadsføring forskotsbetalt husleige	3 829 126	3 578 469
<i>Sum kostnadsføring forskotsbetalt husleige</i>	23 674 929	19 845 804
Sum finansielle anleggsmiddel	42 108 704	45 937 829

I avtalen om leige av lokale som gjeld frå 1.1.2013, skal Petroleumstilsynet betale eit meirverdiavgiftspåslag (heretter kalla påslaget) som skal kompensere utleigar for redusert frådragsrett på byggjekostnader. I tillegg skal påslaget dekkje ei rente frå tidspunktet frådrag for meirverdiavgift kunne oppnåast, og fram til påslaget blir betalt. Påslaget blir rekna som ein del av husleiga Petroleumstilsynet betaler, og blir finansiert frå løyving i dei åra påslaget blir innbetalt.

I balansen til Petroleumstilsynet er innbetalt beløp klassifisert som ei langsiktig fordring i form av forskotsbetalt husleige som blir periodisert over 20 år, som svarar til gjeldande periode for leige kontrakten. Prinsippet om motsett samanstilling, jf. SRS 10 pkt. 5, er nytta i samband med denne posten og har motpost i rekneskapslina Avrekning med statskassen. Avsetjinga blir oppløyst i takt med kostnadsføringa av forskotsbetalt husleige med ein tjuandedel årleg.

Petroleumstilsynet har betalt inn heile meirverdiavgiftspåslaget pr. 31.12.2020.

Note 11 Kundefordringar

	31.12.2021	31.12.2020
Kundefordringar til pålydande	1 645 792	4 829 068
Avsett til forventa tap (-)	0	0
Sum kundefordringar	1 645 792	4 829 068

Kundefordringane pr 31.12.2021 fordeler seg med 1,37 mill. kroner i fordringar knytte til gjennomført tilsyn med enkeltaktørar (gebyr) og 0,27 mill. kroner knytt til oppdrags- og samarbeidsverksemda vår innanfor Norad.

Note 12 Optente, ikkje-fakturerte inntekter

	31.12.2021	31.12.2020
Oppdrags- og samarbeidsverksemd	1 448 273	1 541 037
Tilsynsverksemd – gebyr	14 143 672	15 037 476
Sum optente, ikkje-fakturerte inntekter	15 591 945	16 578 513

Note 13 Andre kortsiktige fordringar

	31.12.2021	31.12.2020
Reiseforskot	1 896	16 595
Personallån	0	58 201
Andre forskotsbetalte kostnader	168 839	1 183 894
Andre fordringar	8 538	8 538
Sum andre kortsiktige fordringar	179 272	1 267 227

Note 14 Anna kortsiktig gjeld

	31.12.2021	31.12.2020
Skuldig løn	3 728 412	3 944 988
Anna gjeld til tilsette	2 548 171	2 772 058
Påkomne kostnader	524 770	580 420
Utsett inntekt Sikkerhetsforum	-89 076	-33 414
Anna kortsiktig gjeld	4 917	1 896
Sum anna kortsiktig gjeld	6 717 193	7 265 948



